

**RAPPORTAR**

**86/2**

**INTEKT OG  
OFFENTLEGE YTINGAR**

AV  
HELGE HERIGSTAD

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

RAPPORTAR FRÅ STATISTISK SENTRALBYRÅ 86/2

# INNTEKT OG OFFENTLEGE YTINGAR

AV  
HELGE HERIGSTAD

STATISTISK SENTRALBYRA  
OSLO — KONGSVINGER 1986

ISBN 82-537-2297-4  
ISSN 0332-8422

**EMNEGRUPPE**

20 Generelle sosiodemografiske emner

**ANDRE EMNEORD**

Fordelingsanalyser

Inntektsfordeling

Levekår

Offentlige tjenester

Velferdstiltak

## FORORD

Det er for tida stor interesse for meir kunnskap om fordelingsverknader av offentlege tiltak. I samband med Levekårsundersøkinga 1983 vart det difor samla inn ei rekkje opplysningar om bruk av offentlege tenester og overføringar. Denne rapporten gir ei oversikt over desse opplysningane og tar visse sider opp til nærare analyse. Prosjektet er finansiert av Noregs allmennvitskaplege forskingsråd gjennom forskingsprogrammet Fordelingsverknader av offentlege tiltak.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 10. april 1986

Arne Øien



## INNHALD

	Side
Figurregister .....	7
Tabellregister .....	8
TekstdeI	
1. Føremål og problemstilling .....	10
2. Data .....	13
2.1. Levekårsundersøkinga 1983 .....	13
2.2. Inntekts- og formuesundersøkinga 1982 .....	14
2.3. Omgrep og kjennemerke .....	15
3. Fordeling av offentlege tenester og overføringar .....	23
3.1. Innleiing .....	23
3.2. Barnepass .....	23
3.3. Hjelpeordningar til heimane .....	25
3.4. Kultur .....	27
3.5. Helsetenester .....	30
3.6. Vaksenopplæring .....	32
3.7. Offentlege overføringar .....	33
4. Inntekt og samla offentlege overføringar og tenester sett i samanheng .....	53
4.1. Innleiing .....	53
4.2. Samanheng mellom samla offentlege ytingar og inntekt .....	54
4.3. Utjamning av inntektsskilnader .....	56
4.4. Samanheng mellom ulike overføringar og tenester .....	63
Vedlegg	
1. Datakvalitet .....	89
2. Utrekning av forbruk av offentlege tenester og overføringar til enkelthushald .....	97
3. Utdrag av skjema til Levekårsundersøkinga 1983 .....	101
Litteratur .....	104



## FIGURREGISTER

	Side
1. Samanheng mellom fordelingsresultat og offentlege tiltak .....	10
2. Gjennomsnittleg inntekt for einslege i ulike grupper for alder og nettoinntekt i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982 .....	58
3. Gjennomsnittleg inntekt for ektepar utan barn i ulike grupper for alder og nettoinntekt, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982 .....	59
4. Gjennomsnittleg inntekt for ektepar med barn 0-19 år i grupper for yngste barns alder og nettoinntekt, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982 .....	60
5. Gjennomsnittleg inntekt for einslege forsørgjarar og "Andre hushald" i grupper for nettoinntekt, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982 .....	61
6. Gjennomsnittleg inntekt i hushald med ulike offentlege overføringar, i forhold til gjennomsnittshushaldet, 1982 .....	65
7. Gjennomsnittleg inntekt i hushald med ulike offentlege tenester, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982 .....	66



## TABELLREGISTER

	Side
1. Hushald med barn 0-6 år i grupper for hushaldstype/foreldrenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt/landsdel, etter pass av barn 0-6 år. Prosent. 1983 .....	18
2. Andel av hushald med barn 0-6 år som har ulike typer pass av barn 0-6 år, i grupper for hushaldstype/ektefellenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt. Prosent. 1983 .....	19
3. Hushald med barn 7-10 år i grupper for hushaldstype/ektefellenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt, etter pass av barn 7-10 år. Prosent. 1983 .....	20
4. Hushald med barn 0-6 år i grupper for hushaldstype/foreldrenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt/landsdel, etter pass av barn 0-6 år. Prosent. 1980 .....	21
5. Andel av hushald med barn 0-6 år som har ulike typer pass av barn 0-6 år, i grupper for hushaldstype/ektefellenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt. Prosent. 1980 .....	22
6. Personar som har brukt ulike kulturtilbod i løpet av dei siste 12 månader, etter kor mange gonger dei har brukt slike tilbod. 1983 .....	28
7. Korrelasjonskoeffisientar mellom hyppigheit av kulturaktivitetar i løpet av eitt år blant personar 16-79 år. 1983 .....	28
8. Forbruk av kulturtenester for hushald i ulike typer hushald. 1983 .....	29
9. Hushald etter forbruk av kulturtenester. Prosent. 1983 .....	30
10. Personar som har hatt fysioterapi siste år, etter talet på behandlingar. Prosent .....	31
11. Personar som har vore innlagde på helseinstitusjon siste år, etter talet på dagar i helseinstitusjon. Prosent .....	31
12. Personar som har hatt kontakt med lege siste år, etter talet på legekontaktar siste år. Prosent .....	31
13. Personar som har delteke i brevkurs eller andre vaksenopplæringskurs, etter talet på kurs. Prosent. 1983 .....	32
14. Gjennomsnittleg offentleg stønad til vaksenopplæring pr. hushald for hushald med ulik hushaldsinntekt. 1983 .....	33
15. Andel av hushald med ulike typer hjelp til heimen, i grupper for hushaldstype. Prosent. 1983 .....	39
16. Andel av hushald med ulike typer hjelp til heimen, i grupper for disponibel inntekt/landsdel/hjelpetrengande i hushaldet/talet på personar over 66 år. Prosent. 1983 .....	40
17. Andel av hushald med ulike typer hjelp til heimen, i grupper for hushaldstype og disponibel inntekt. Prosent. 1983 .....	40
18. Andel av hushald med ulike typer hjelp til heimen, i grupper for hushaldstype/disponibel inntekt. Prosent. 1980 .....	42
19. Andel av hushald med ulike typer hjelp til heimen, i grupper for landsdel/hjelpetrengande i hushaldet. Prosent. 1980 .....	43
20. Andel av personar 16-79 år som har utført ulike kulturaktivitetar siste 12 månader, i grupper for kjønn og alder/familiefase. Prosent. 1983 .....	43
21. Andel av personar 16-79 år som har utført ulike kulturaktivitetar siste 12 månader, i grupper for disponibel hushaldsinntekt/landsdel/sosioøkonomisk status. Prosent. 1983 ....	44
22. Gjennomsnittleg tal på gonger som personar har utført ulike kulturaktivitetar, i grupper for kjønn og alder. 1983 .....	44
23. Bruk av helsetenester for personar, i grupper for kjønn og alder/familiefase. 1983 .....	45
24. Bruk av helsetenester for personar, i grupper for landsdel/disponibel hushaldsinntekt/sosioøkonomisk status. 1983 .....	46
25. Andel som har delteke i vaksenopplæring siste 12 månader og gjennomsnittleg tal på kurs, i grupper for kjønn og alder/landsdel/inntekt. 1983 .....	47
26. Andel som har delteke i vaksenopplæring siste 12 månader og gjennomsnittleg tal på kurs, i grupper for familiefase/sosioøkonomisk status. 1983 .....	48
27. Andel som har delteke i vaksenopplæring siste 12 månader, i grupper for hushaldstype og disponibel hushaldsinntekt. Prosent. 1983 .....	49
28. Andel av hushald som mottok ulike offentlege overføringar i 1982, i grupper for hushaldstype. Prosent .....	50
29. Andel av hushald som mottok ulike offentlege overføringar i 1982, i grupper for disponibel inntekt/landsdel. Prosent .....	51
30. Andel av hushald som mottok ulike offentlege overføringar i 1982, i grupper for hushaldstype og disponibel inntekt. Prosent .....	51

	Side
31. Nettoinntekt og samla offentlege overføringar og tenester i ulike hushaldstypar. 1982 ....	68
32. Nettoinntekt, samla offentlege overføringar og tenester, i grupper for hushaldstype og disponibel inntekt. 1982 .....	69
33. Nettoinntekt, offentlege overføringar ekskl. barnetrygd og stipend og tenester ekskl. sjukehus og utdanning, i grupper for hushaldstype og disponibel inntekt. 1982 .....	70
34. Gjennomsnittleg inntekt i ulike hushaldstypar i forhold til gjennomsnittshushaldet. Prosent. 1982 .....	71
35. Gjennomsnittleg inntekt i ulike grupper for hushaldstype og disponibel inntekt i forhold til gjennomsnittshushaldet. Prosent. 1982 .....	72
36. Inntektsrekneskap for ulike hushaldstypar. 1982 .....	74
37. Inntektsrekneskap for hushald i ulike grupper for nettoinntekt. 1982 .....	76
38. Inntektsrekneskap for hushald i ulike landsdelar. 1982 .....	77
39. Inntektsrekneskap for einslege personar 16-66 år, i ulike grupper for nettoinntekt. 1982 .	78
40. Inntektsrekneskap for einslege personar 67-79 år, i ulike grupper for nettoinntekt. 1982 .	79
41. Inntektsrekneskap for ektepar 16-66 år utan barn, i ulike grupper for nettoinntekt. 1982 .	80
42. Inntektsrekneskap for ektepar 67-79 år utan barn, i grupper for nettoinntekt. 1982 .....	81
43. Inntektsrekneskap for einslege forsørgjarar med barn 0-19 år, i grupper for nettoinntekt. 1982 .....	82
44. Inntektsrekneskap for ektepar med yngste barn 0-6 år, i grupper for nettoinntekt. 1982 ...	83
45. Inntektsrekneskap for ektepar med yngste barn 7-19 år, i grupper for nettoinntekt. 1982 ..	84
46. Inntektsrekneskap for Andre hushald i grupper for nettoinntekt. 1982 .....	85
47. Gjennomsnittleg inntekt i hushald med ulike offentlege overføringar og tenester, i forhold til gjennomsnittshushaldet. Prosent. 1982 .....	86
48. Inntektsrekneskap for hushald med spesielle offentlege overføringar. 1982 .....	87
49. Inntektsrekneskap for hushald med spesielle offentlege tenester. 1982 .....	88


## 1. FØREMÅL OG PROBLEMSTILLING

Denne rapporten har fire ulike føremål

1. Gi ei oversikt over den faktiske bruken av offentlege ytingar i ulike grupper av hushald.
2. Sjå bruken av dei ulike offentlege ytingane i samanheng og i forhold til inntekt og direkte offentlege overføringar.
3. Samla metodisk erfaring med korleis datainnsamling av denne type opplysningar fungerer i ei generell utvalsundersøking.

Før vi går nærare inn på desse føremåla, vil vi kort gi ei oversikt over ein del sentrale omgrep og sider ved fordeling og fordelingsverknader av offentlege tiltak. Figur 1 gir ei sterkt forenkla framstilling av samanhengen mellom fordelingsresultat og offentlege tiltak.

Figur 1. Samanheng mellom fordelingsresultat og offentlege tiltak



I fordelingsprosessen skjer sjølve produksjonen av ulike varer og tenester i samfunnet. Vi tenkjer her på produksjon av varer og tenester i ei nokså vid meining der til dømes barnepass, helse-tenester, kulturtenester osv. går inn. Prosessen kan i utgangspunktet vera ein fri marknad der folk tilbyr arbeidskraft, kapital, råvarer og kunnskap som undervegs blir gjort om til varer og tenester av ulike slag.

I denne prosessen skjer også fordelinga av desse varer og tenester på deltakarane i prosessen slik at vi får eit bestemt fordelingsresultat. Vi tenkjer her først og fremst på dette resultatet som fordeling av inntekt. Men vi kan også sjå på det som fordeling av levkår meir generelt, til dømes fordeling av helse, utdanning osv. Fordelingsresultatet vil vera avhengig av kva aktørar som er med i prosessen, kva ressursar desse har i utgangssituasjonen og korleis prosessen er organisert.

Politikarane vil til ei kvar tid vurdere fordelingsresultatet. Ofte er dei då ikkje nøgde med resultatet og vil gripe inn i prosessen. Dette gjer dei ved ulike offentlege tiltak. Slike tiltak kan vera reine økonomiske tiltak som direkte økonomiske overføringar til enkelthushald, avgifter, subsidiar eller etablering av ulike offentlege aktivitetar som barnehagar, drift av helseinstitusjonar osv. Offentlege tiltak kan også femna vidare til å omfatta lover, forskrifter og reguleringar av ulike slag.

I tillegg til dette kan det også tenkjast at heilt utanforliggjande faktorar kan påverka fordelingsprosessen og fordelingsresultatet. Dette er slike faktorar som verken aktørane eller det offentlege har nokon kontroll med, t.eks. konjunkturane på verdsmarknaden, utanlandsk kulturell påverknad o.l.

Offentlege tiltak vil i denne modellen ha ulike fordelingsverknader på fordelingsresultatet. Odd Nordhaug (1982) gir ein svært vid definisjon av fordelingsverknader av offentlege tiltak "Med fordelingsvirkningar av offentlig politikk menes som oftest de konsekvenser offentlige myndigheters handlinger har for ulike aktører, grupper av aktører og økologiske enheter". Vi vil ikkje her bruka ein så vid definisjon, men innskrenka oss til å sjå på korleis handlingar til offentlege styresmakter på visse område påverkar fordelinga av ein del offentlege tenester og den samla inntektsfordelingsa.

Fordelingsverknadane kan delast inn i direkte og indirekte verknader. Den direkte verknaden er den endringa som ein får i fordelingsresultatet når heile fordelingsprosessen er uendra. Ved til dømes ei rein pengeoverføring til visse grupper er den direkte verknaden sjølve storleiken på overføringane til kvart enkelt hushald slik at nokon får mykje og andre får lite i forhold til kva dei hadde før. Når det offentlege barnehagetilbodet vert bygd ut, vil den direkte verknaden av dette på same måten vera at nokre barn får tilbod om plass, mens andre ikkje får det.

Men ulike tiltak kan også ha store indirekte verknader. For det første vil eit tiltak skapa ringverknader i økonomien ved auka sysselsetjing, kjøp av utstyr o.l. og derigjennom auka kjøpekraft. Dette kan så igjen påverka inntektene både for dei ein opprinneleg tok sikte på å hjelpe, men også dei andre deltakarane i fordelingsprosessen. For det andre kan deltakarane i prosessen setja i verk mottiltak av ulike slag når dei første verknadene av tiltaket vert kjende. Dette kan skje ved at kvar enkelt til dømes arbeider meir eller mindre enn før, ved at dei går over til å kjøpa andre varer og tenester, ved å auka innslaget av "svart" økonomi osv. Eller det kan skje ved at ulike grupper organiserer press for å få endra tiltaket eller for å få sett i verk andre tiltak som kan redusera effekten av det første. Korleis tiltaket er finansiert vil også ha indirekte fordelingsverknader.

Ein annan indirekte effekt er i kor stor grad dei ulike mottakarane av offentlege ytingar maktar å utnytta desse godene. Reine kontantoverføringar kan utnyttast direkte, mens andre kan ha meir indirekte verknader. Offentleg barnepass er eit typisk eksempel på dette der ein barnehageplass vil setja folk i stand til å skaffa seg meir arbeid og dermed høgare inntekt. Utdanning, medisinsk attføring o.l. vi ha tilsvarande indirekte effektar.

Dei direkte verknadane er nok lettast å kartleggja, men det er kanskje dei indirekte verknadane som i mange samanhengar er dei mest interessante og som kan ha store konsekvensar for fordelingsresultatet.

Det er først og fremst fordelingsresultatet som ein er opptatt av i fordelingsanalysa. Korleis er samanhengen mellom ulike offentlege tiltak og fordelingsresultatet. Dette er ei svært vanskeleg og ambisiøs oppgåve. Denne rapporten har ikkje ei så ambisiøs målsetting og vil i liten grad freista å seia noko om denne samanhengen. Vi vil i første omgang berre kasta lys over visse sider av problemet, først og fremst vil vi begrensa oss til å seia noko om korleis ein del direkte offentlege overføringar og offentlege ytingar er fordelte mellom ulike grupper og sjå dette i samheng med inntekt i dei same gruppene.

Når vi vil studera korleis ulike offentlege tiltak påverkar fordelinga av offentlege goder mellom ulike grupper, er eit av dei største problema kva situasjon vi skal samanlikna med. I dei fleste studiane av denne typen er samanlikningsgrunnlaget eit samfunn utan offentleg sektor eller utan det spesielle tiltaket som ein vil studera. I nokre tilfelle kan nok eit slikt utgangspunkt vera fruktbart, men er det vanlegvis ikkje. For det første er det svært vanskeleg å avgjera korleis godene i eit samfunn utan offentleg sektor ville vore fordelte. For det andre er det som regel lite aktuell politikk å kutte ut den offentlege sektoren eller heilt å ta bort eit spesielt tiltak. En er til dømes interesserte i å studera korleis offentlege barnehagar er fordelte mellom ulike hushald og korleis dette igjen verkar på fordelinga av inntekt mellom desse hushalda. Det vil då vera svært vanskeleg å avgjera korleis barnefamiliane hadde innretta seg i eit samfunn utan offentlege barnehagar. Dersom dette fullt ut vert overlata til eit fritt marknadssystem, ville sannsynlegvis prisane på barnepass endra seg. Dette ville igjen slått ut i endra omfang av barnepass og endra yrkesaktivitet og inntekt for småbarnsforeldre. Men kor store slike utslag ville vore, er det svært vanskeleg å skaffa data om. Dessutan ville det ikkje vera nokon aktuell politikk i Noreg i dag å avskaffa offentlege barnehagar. Viten om fordelingsverknader av offentleg barnehagar sett i forhold til eit samfunn utan slike barnehagar, vil difor vera til lita hjelp for dei som skal utforma tiltak på dette området.

Det som synest å vera mest nyttig her, er å ta utgangspunkt i ei best mogleg oversikt på eit gitt tidspunkt av den faktiske fordelinga av offentlege goder, samla inntekt og andre levkårsfaktorar som vi måtte vera interesserte i, jf. Christiansen (1979). Når vi kjenner denne faktiske fordelinga, blir spørsmålet: Korleis vil denne fordelinga endra seg når politikken på eit område blir endra, dvs. når eit eller fleire offentlege tiltak blir endra? Samanlikningsgrunnlaget blir altså då den faktiske fordelinga før tiltaka blei endra.

Det er i Noreg i dag ei mengd informasjon om offentlege ytingar, inntekt og andre levekårsfaktorar. Det synest likevel å mangla mykje på at vi har ei fullgod oversikt over den faktiske fordelinga av godene i samfunnet. Dette kan skyldast at mykje av den informasjon som finst, gjeld enkeltområde og i liten grad ser fleire område i samanheng. Dessutan er mykje av informasjonen samla med grunnlag i register som ofte manglar tilleggsinformasjon om mottakarane av ulike offentlege goder og som heilt manglar tilsvarande informasjon om dei som fell utanfor ei ordning. Det viktigaste føremålet med denne rapporten vil difor vera å gi ei oversikt over fordelinga av ein del offentlege ytingar som m.a. barnepass, hjelpeordningane i heimane, primærhelseteneste og ulike kulturtilbod.

Ikkje minst vil ei viktig side av dette vera å sjå fordelinga av desse ytingane i forhold til offentlege overføringar og samla inntekt i dei ulike gruppene av hushald. Det er kanskje særleg på dette siste punktet at denne undersøkinga kan gi noko nytt i tillegg til den viten som allereie finst på dette området.

Under planlegginga av den siste levekårsundersøkinga i 1983 (LKU-83) kom det fram sterke ønskje om å få registrert folks bruk av ein del offentlege ytingar. Det blei teke inn ei rekkje spørsmål om dette i LKU-83. Dessutan var levekårsundersøkinga i 1983 samordna med inntekts- og formuesundersøkinga i 1982. Opplysningar frå denne undersøkinga er også utnytta i denne rapporten. Ein god del offentlege ytingar er ikkje med, nokre fordi det er vanskeleg å registrera bruk av tenestene, andre fordi det er vanskeleg å fordela verdien av tenestene. Tenester som ikkje er med er til dømes transporttenester, arbeidsformidling og rettsvesenets tenester.

Det meste av denne rapporten vil altså vera ei oversikt over fordelinga av offentlege ytingar og i lita grad ein analyse av fordelingsverknadene av desse ytingane.

Det siste føremålet med dette prosjektet har vore å samla metodisk erfaring med korleis data-innsamling av denne type opplysningar fungerer i ei generell utvalsundersøking. Ein har relativt lite røynsle med ei omfattande kartlegging av bruk av offentlege tenester slik dette er gjort i Levekårsundersøkinga 1983. For framtida kan dette vera ein høgst aktuell metode til å samla inn og analysere denne type data. Det vil difor vera viktig å vurdere kor brukbar intervjumetoden er til innsamling av denne type data. Det vil her vera interessant både å sjå på kor pålitelege dei innsamla opplysningane er, få røynsle med kor langt vi kan gå i analyse av dette materialet og kva grenser som materialet set.

Vi vil i denne rapporten avgrensa oss til å gruppera hushalda etter to dimensjonar: type hushald og disponibel inntekt. Grunnen til dette er at vi her først og fremst er opptatt av å studera fordelinga av offentlege tenester mellom dei mest sentrale målgruppene i offentlig politikk. Dette er grupper som einslege personar i ulike aldersgrupper, pensjonistar, einslege forsørgjarar, småbarnsfamiliar og barnefamiliar med eldre barn. Dessutan er inntekt den mest sentrale fordelingsvariabelen. Svært mange av dei offentlege tiltaka har som det viktigaste føremålet å påverka inntektsskilnader mellom ulike grupper. Andre tiltak har meir spesielle føremål, men har ofte indirekte samanhengar med inntekt som det er viktig å avdekka.

Dette betyr at vi i denne rapporten vil studera relativt grove grupper av hushald. Mange tiltak har som nemnt svært spesielle føremål og selektive målgrupper. Desse kan vi i liten grad studera i denne rapporten både fordi den type datamateriale som vi har, her ofte gir altfor lite datagrunnlag og fordi vi manglar ei rekkje detaljoplysningar. Styrken med dei data vi har, er at dei dekkjer eit nokså breitt felt. På den andre sida går dei mindre i djupna og er lite eigna til å studera små grupper.

I tillegg til å sjå på type hushald og inntekt, vil vi også i rapporten gi tal for dei ulike landsdelane. Geografisk fordeling av offentlege tenester og overføringar er eit viktig politisk spørsmål. Men her vil vi avgrensa oss til å ta med desse fordelingane i tabellane, men i liten grad kommentera resultatane.

I kapittel 2 gir vi ein oversikt over datakjeldene som ligg til grunn for rapporten og dei viktigaste begrep og kjennemerke som er brukte. I kapittel 3 gir vi ei oversikt over fordelinga av offentlege tenester som hjelpeordningane i heimane og kulturtenester, bruk av helsetenester og vaksenopplæring. For å gjera biletet meir fullstendig tek vi også her med fordeling av ein del offentlege overføringar. I kapittel 4 ser vi så dei ulike offentlege tenestene og overføringane i samanheng med inntekter elles. Dette gjer vi ved å studera inntektsrekneskap for dei ulike hushaldsgruppene.

I vedlegg 1 ser vi nærare på kor pålitelege dei innsamla opplysningane er. Dette gjer vi først og fremst ved å samanlikna med annan kjent statistikk. Sjølv om dette er ein viktig del av rapporten, har vi plassert dette som vedlegg fordi det her er snakk om mykje detaljar som er lite interessant for dei fleste. Vedlegg 2 gir ein dokumentasjon av den metoden som er brukt for å fordela offentlege utgifter til ulike tenester og overføringar på enkelthushald.

## 2. DATA

Det er nytta opplysningar frå to datakjelder i denne rapporten, Levekårsundersøkinga 1983 og Inntekts- og formuesundersøkinga 1982.

### 2.1. Levekårsundersøkinga 1983

Levekårsundersøkinga 1983 (LKU-83) er ei intervjuundersøking som Statistisk Sentralbyrå gjennomførte blant eit representativt utval på om lag 5 000 personar i alderen 16 - 79 år. Datainnsamlinga var i tida 7. mars til 30. april 1983. Føremålet med denne undersøkinga er først og fremst å belysa hovudtrekka ved levekåra og fordelinga av levekåra i befolkninga. Dessutan vil ein studera utviklinga i levekåra både i nivå og fordeling mellom ulike grupper. Undersøkinga går difor inn i ein serie av slike undersøkingar der den første vart gjennomført i 1980.

Under planlegginga av LKU-83 kom det også som nemnt fram sterke ønskje om å få med spørsmål om bruk av ein del offentlege ytingar. Det vart difor tatt inn ein del spørsmål om offentlege ytingar. Dette gjaldt først og fremst barnepass, hjelp til heimane, bruk av ulike offentlege kulturtilbod, vaksenopplæring og nokre offentlege overføringar, m.a. sosialhjelp. Det er også samla inn opplysningar om dette tidlegare, men det nye nå var at ein også bad om opplysningar om mengde og eigne utgifter. I tillegg har undersøkinga opplysningar om bruk av primærhelseteneste som legar og fysioterapeutar og eit enkelt spørsmål om liggjedagar i helseinstitusjonar. I denne rapporten har vi også utnytta opplysningane frå 1980-undersøkinga om bruk av desse offentlege ytingane.

LKU-83 har dessutan henta opplysningar om utdanning frå Statistisk Sentralbyrå sitt utdanningsregister. Dette er gjort for alle personane i same hushalda som dei intervjuar personane. For alle personane i hushalda har vi då opplysningar om dei var i utdanning pr. 1. oktober 1982 og kva slag utdanning dette var.

Fordi LKU-83 berre gjeld eit lite utval av befolkninga, vil resultatene vera noko usikre. Fråfallet ved undersøkinga var 22 prosent. Dette er vanleg for slike undersøkingar i Byrået, men synest ikkje å ha ført til nokon store systematiske feil i resultatene. For meir grundig dokumentasjon av undersøkinga viser vi til publikasjonen NOS Levekårsundersøking 1983 og NOS Levekårsundersøking 1980.

Vedlegg 3 viser dessutan dei spørsmåla i LKU-83 som direkte gjeld offentlege ytingar og overføringar.

LKU-83 er ei personundersøking, dvs. at det er eit utval av personar som blei intervjuar. I denne rapporten er vi likevel mest opptatt av å sjå på heile hushaldet som eining og ikkje berre den personen som er intervjuar. Ved ei enkel veging av resultatene for personar kan ein koma fram til tilsvarende resultat for hushald. Alle resultat i denne rapporten, bortsett frå ein del resultat i kapittel 3, har hushald som eining og resultatene er rekna ut etter ei slik veging.

Vektene i denne omrekninga er:

$$v_i = \frac{1}{n_i}$$

der

$v_i$  er vekt for hushald  $i$  ( $i = 1, \dots, 3\ 929$ )

$n_i$  er talet på personar 16 - 79 år i hushald  $i$  ( $i = 1, \dots, 3\ 929$ )

Når vi i tabellane gir "Talet på hushald" som ligg til grunn for resultatane i tabellen, er det summen av vektene som er ført opp. I alt er det bortimot 3 929 hushald med i LKU-83, mens summen av vektene for desse hushalda er 1 998. Det vil difor vera om lag dobbelt så mange hushald som står bak dei ulike resultatane som det "Talet på hushald" i tabellane viser.

## 2.2. Inntekts- og formuesundersøkinga 1982

Inntekts- og formuesundersøkinga 1982 (IFU-82) er også ei utvalsundersøking, men datagrunnlaget her er opplysningar om inntekt, formue, frådrag og skatt frå skattelikninga for inntektsåret 1982.

Føremålet med denne undersøkinga er først og fremst å gi ei oversikt over inntekt og formue for personar og hushald i ulike grupper og korleis fordelinga er mellom desse gruppene. Undersøkinga gir også ei oversikt over samansetjinga av inntekt i dei ulike gruppene.

IFU-82 og LKU-83 er samordna slik at alle hushald som er med i Levekårsundersøkinga også er med i Inntekts- og formuesundersøkinga. Dette betyr at for alle personar som høyrde til hushald der ein person var med i Levekårsundersøkinga 1983, har vi opplysningar om inntekt, formue, frådrag og gjeld etter skattelikninga for 1982. Ved å leggje saman opplysningar for alle personar i samme hushald, får vi tilsvarende opplysningar for heile hushaldet.

I tillegg har ein i IFU-82 henta inn ein del opplysningar frå andre kjelder for alle personar som er med i undersøkinga. Dette er inntektsoverføringar frå staten som ikkje er skattepliktige. Frå Husbanken har ein henta opplysningar om utbetalt bustøtte i 1982. Frå Statens lånekasse for utdanning har ein opplysningar om utbetalt stipend i 1982 samt gjenståande gjeld og betalte renter og avdrag i 1982, og frå Rikstrygdeverket har ein henta opplysningar om rett til grunnstønad og hjelpestønad ved utgangen av 1982. Dessutan har ein rekna ut kor mykje barnetrygd som er utbetalt til kvar barnefamilie i 1982.

IFU-82 omfattar eit større utval av personar enn LKU-83. I denne rapporten har ein likevel berre brukt opplysningar frå IFU-82 for dei personane (og dermed hushalda) som er med i LKU-83. Inntektsopplysningar frå IFU-82 i denne rapporten vil difor vera tilsvarende usikre som resultatane frå LKU-83. I IFU-82 vil ein også ha ei feilkilde ved at ikkje alle skattepliktige inntekter vert oppgitt på sjølvmeldinga eller at frådragspostar vert oppgitt med for høge beløp.

For ein nærare dokumentasjon av IFU-82 viser vi til NOS Inntektsstatistikk 1982.

### 2.3. Omgrep og kjennemerke

På grunnlag av opplysningar frå desse to undersøkingane vil vi i denne rapporten gi tal for følgjande inntekter, offentlege overføringar og tenester.

1. Samla privat inntekt
2. + Skattepliktige ytingar frå folketrygda (ekskl. attføringspengar)
3. + Attføringspengar
4. + Arbeidsløystønad
5. + Tenestepensjon, livrente, o.l.
6. = Bruttoinntekt
7. - Samla skatt
8. + Frådrag i skatt
9. = Nettoinntekt
10. + Barnetrygd
11. + Forsørgjarstønad/frådrag
12. + Bustøtte
13. + Utdanningsstipend
14. + Sosialhjelp
15. + Dagpengar og forsørgjartillegg for vernepliktige og sivilarbeidarar
16. + Grunnstønad
17. + Hjelpestønad
18. = Disponibel inntekt
19. + Hjelp i heimane
20. + Lege og fysioterapi
21. + Barnepass
22. + Kultur
23. + Utdanning
24. + Behandling i sjukehus
25. = Disponibel inntekt + offentlege tenester

Dei offentlege tenestene omfattar følgjande:

19. Hjelp i heimane
  - a. heimesjukepleie
  - b. heimhjelp
  - c. husmorvikar
21. Barnepass
  - a. familiebarnehage
  - b. barnehage 6 timar eller meir pr. dag
  - c. barnehage mindre enn 6 timar pr. dag
  - d. barnepark
  - e. fritidsheim
22. Kultur
  - a. bibliotek
  - b. teater, opera
  - c. konsert med klassisk musikk
  - d. jazz-, vise- eller popkonsert
  - e. kunstutstilling
  - f. museum
23. Utdanning
  - a. grunnskole
  - b. videregående skole
  - c. høgskole og universitet
  - d. brevundervisning
  - e. vaksenopplæring elles
  - f. rentestønad på studielån

Det framgår av teksten her kva dei fleste postane omfattar, men nokre treng noko nærare omtale og presisering.



Samla privat inntekt omfattar all inntekt av arbeid, kapital og næring samt bidrag o.l.<sup>1</sup> Underskott i næring for siste år er trekt frå. Kapitalinntektene er rekna brutto, dvs. at skattefrie beløp ikkje er trekte frå. Andre frådragspostar ved skattelikninga er ikkje trekte frå bruttoinntektene, heller ikkje gjeldsrenter og underskott i burettslag. Dette inntektsbegrepet er ikkje brukt i IFU-82, men vi finn det naturleg å ta utgangspunkt i dette her fordi det ikkje inkluderer direkte offentlege overføringar av noko slag.

Attføringspengar er ikkje spesifiserte for seg ved skattelikninga, men inngår i posten skattepliktige ytingar frå folketrygda. Her er difor nytta tal for mottatt attføringspengar frå LKU-83, mens post 2 Skattepliktige ytingar frå folketrygda er reduserte tilsvarande. Attføringshjelp som er støtte til ulike utgifter under attføring, er ikkje med her.

Arbeidsløystønad er registrert både i LKU-83 og IFU-82. I denne rapporten er nytta oppgaver frå IFU-82.

Forsørgjarstønad omfattar også forsørgjarfrådrag.

Sosialhjelp omfattar berre pengebidrag til livsopphald. Naturalytingar og lån eller garanti for lån er ikkje inkludert.

Legeteneste omfattar besøk eller telefonkonsultasjon hjå allmennpraktiserande lege, distriktslege o.l., spesialist, hjå lege på sjukehus (utan å vere innlagt) eller poliklinikk, kiropraktor, homøopat og bedriftslege i samband med sjukdom. Registreringane gjeld dei siste 2 vekene før intervjuet. Årstal er rekna ut ved å multiplisera alle oppgaver med 26.

Fysioterapiteneste er i LKU-83 registrert både for siste 2 veker og siste 12 månader. Her er brukt oppgaver for siste 12 månader fordi resultat tyder på at uttrykket "Fysikalsk behandling" siste 2 veker ikkje gir særleg pålitelege oppgaver over fysioterapibehandling.

Heimesjukepleie, heimhjelp og husmorvikar gjeld berre hjelp som er skaffa gjennom kommunen, sjølv om ~~denne~~ blir gitt av private organisasjonar. Privat hjelp som hushalda engasjerer sjølv, er ikkje med. I LKU-83 er det registrert bruk av desse ordningane siste månad. Årstal er rekna ut ved å multiplisera med 12.

Barnepass omfattar alle regelmessige offentlege tilsynsordningar som alle barn i hushaldet har. Dersom eit barn har fleire ordningar samtidig, er alle desse registrerte. Det er spurt om barnepass på intervjutidspunktet. Vi går her ut frå at det omfang og fordeling av barnepass som vert registrert på dette tidspunktet gjeld for heile året.

Brevundervisning og vaksenopplæring omfattar både deltaking i yrkesretta kurs, kompetanse-givande kurs og fritidskurs av ulike slag. Yrkesopplæring i arbeidstida arrangert av arbeidsgivar er ikkje rekna med.

Vi vil her også kort omtale ein del andre omgrep og kjennemerke som er brukt i rapporten.

Hushald. Eit hushald består av alle personar som er fast busette i same bustad og som vanlegvis har minst eit måltid felles dagleg. Personar som er fast busette i bustaden, men som er midlertidig borte, til dømes på grunn av skole eller arbeid, er rekna med i hushaldet.

Alder er rekna i fylte år ved utgangen av 1982.

Landsdel. Landsdelane utanom Oslo og Akershus omfattar følgjande fylke:

Austlandet elles: Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold og Telemark.

Agder og Rogaland: Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Vestlandet: Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal.

Trøndelag: Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.

Nord-Noreg: Nordland, Troms og Finnmark.

<sup>1</sup> Næringsinntekta er rekna netto før eventuelle fondsavsetnader, avskrivning og lovbestemt særfrådrag i inntekt av fiske.

Hushaldstype. Det er i denne publikasjonen brukt ei nokså detaljert gruppering av hushalda i ulike hushaldstyper. Grunnen til dette er først og fremst ønskje om å få mest mogleg klårt avgrensa grupper som er klare målgrupper for offentleg politikk og debatt. Den mest detaljerte grupperinga som er nytta, er følgjande:

1. Einsleg 16-44 år
2. " 45-66 år
3. " 67-79 år
4. Ektepar 16-44 år utan barn
5. " 45-66 år " "
6. " 67-79 år " "
7. Einsleg forsørgjar med barn 0-19 år
8. " " " " 20 år og over

Ektepar med yngste barn 0-6 år

9. 1 barn 0-6 år
10. 2 barn 0-6 år
11. 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-19 år
12. 3 eller fleire barn (0-19 år)

Ektepar med yngste barn 7-19 år

13. 1 barn 7-19 år
14. 2 barn 7-19 år
15. 3 eller fleire barn 7-19 år
16. Ektepar med yngste barn 20 år og over
17. Andre hushald med barn 0-19 år
18. Andre hushald utan barn 0-19 år

Einsleg er eit hushald med 1 person 16-79 år og ingen andre personar i tillegg. Ugifte personar som bur heime eller saman med andre kjem i ei av gruppene 7, 8, 11-19 avhengig av alder og kva andre personar som er i hushaldet.

Ektepar utan barn er tilsvarande eit hushald med 2 personar som er gifte eller sambuande der minst den eine er mellom 16 og 79 år. Ved gruppering etter alder, er brukt alder til den personen av dei to som er intervjua.

Yrkesaktivitet. I kapitlet om barnepass er barnefamiliane også gruppert etter foreldra sin yrkesaktivitet på følgjande måte:

1. Mann arbeider 20 timar eller meir pr. uke, kone 0-19 timar pr. uke
2. " " " " " " " " " " 20-34 " " "
3. " " " " " " " " " " 35 timar eller meir pr. uke
4. Mann 0-19 timar pr. uke
5. Einsleg forsørgjar
6. Andre hushald

### 3. FORDELING AV OFFENTLEGE TENESTER OG OVERFØRINGAR

#### 3.1. Innleiing

Utgangspunktet for all analyse av fordelingsverknader av offentlege tiltak må vera ei best mogleg oversikt over den faktiske fordelinga av dei offentlege godene, inntekt og andre relevante levekårsfaktorar. Levekårsundersøkinga 1983 og inntekts- og formuesundersøkinga 1982 har ei rekkje opplysningar om bruk av offentlege tenester, overføringar og inntekter elles. I dette kapitlet vil vi sjå på fordelinga av offentlege tenester og nokre overføringar kvar for seg, mens vi i neste kapittel studerer alle desse forholda i samanheng.

Når vi her skal studera kvar teneste for seg, er vi ofte i den situasjonen at det finst betre og meir detaljert og fullstendig statistikk over eit område enn kva vi kan gi på grunnlag av ei utvalsundersøking. Dette vil m.a. gjelda for bruk av helsetenester, utdanning og ulike offentlege overføringar. Vi har likevel valt å presentera resultat også for desse områda. Grunnen til dette er at vi har ein spesiell innfallsvinkel til data i denne rapporten ved å sjå på hushald som eining og fordeling mellom spesielle grupper av desse. Ved å dekkja alle tenester og overføringar får vi difor biletet for dei ulike gruppene meir fullstendig. Dessutan vil ein ved å gi fordelinga på desse områda få meir røynsle med kor gode desse data frå ei utvalsundersøking er sett i forhold til tidlegare kunnskap. Men det fører også til at ein del resultat i dette kapitlet er nokså trivielle.

Nå er det heller ikkje heilt riktig å seia at vi berre ser på hushald som eining i dette kapitlet. Ein del tenester er klart individuelle og vi har berre opplysningar om desse frå ein person i kvart hushald. Dette gjeld bruk av helse- og kulturtenester og vaksenopplæring. På grunnlag av desse opplysningane har vi rekna ut forbruket av desse tenestene samla for heile hushaldet ut frå bestemte føresetnader, jf. vedlegg 2. Vi har likevel i dette kapitlet valt å gi fordelinga av desse tenestene mellom personar fordi det er på dette nivå vi har registrert opplysningane. Av denne grunn er personane gruppert etter noko andre kjennemerke enn kva som er gjort når vi ser på hushald.

#### 3.2. Barnepass

Når ein småbarnsfamilie får plass for eit barn i barnehage, har dette først og fremst to klåre konsekvensar. Den eine er at barnet får eit godt tilbod frå det offentlege gjennom ein trygg plass å vera og eit godt pedagogisk opplegg for utvikling i denne tida. Kor godt dette tilbodet er, står det strid om, men for dei fleste er det vel rimelig å rekna med at tilbodet er vesentleg betre enn anna barnepass. Og dette tilbodet blir gitt til sterkt subsidierte prisar. Den andre konsekvensen er at det er mogleg for begge foreldra å ta løna arbeid utanfor heimen i større grad enn om dei sjølv måtte passa barna heile dagen. Dette gjer igjen at inntektene for familien kan bli vesentleg høgare. Plass i barnehage kan altså bety mykje for inntektsforholda mellom ulike barnefamiljar. Det vil difor vera viktig å sjå nærare på kven som har ulike typar av det offentlege godet barnepass.

Tildelinga av offentleg barnepass skjer ved søknad. Tildelingskriteria varierer noko frå kommune til kommune, men prioriteringa går ofte etter sosiale kriterium; barn med ulike funksjonshemningar eller barn som treng spesiell stimulering i utviklinga, einslege forsørgjarar og familjar der begge treng å arbeida for å nå ei rimeleg inntekt. Plassar som er igjen, blir så fordelte etter ulike kriterium som om begge foreldra er i arbeid, inntekt, loddtrekning osv. Ein del plassar blir også fordelte ut fra andre forhold som til dømes at barnehagen er knytta til ein bestemt arbeidsplass.

Vi har ikkje opplysningar om kva kriterium som er lagde til grunn for tildelinga. Vi kan difor ikkje undersøka korleis denne fordelinga skjer, og om den skjer etter dei målsettingane som er sette opp. Men vi kan kaste eit visst lys over dette, ved å sjå på korleis barnepasset varierer mellom ulike småbarnsfamiljar. Her vil vi sjå på korleis barnepasset varierer med talet og alderen på barna, med foreldra sin yrkesaktivitet, inntekt og kor i landet dei bur. For foreldre som ikkje har offentleg barnepass, vil det også vera interessant å sjå kva private ordningar dei eventuelt har i staden.

Tabell 1 viser hushald med barn under 7 år etter kva type barnepass dei hadde vinter/vår 1983 for barnet (barna) under 7 år. Det er altså hushald som er eining og ikkje det enkelte barnet i denne tabellen. Med barnepass meiner vi regelmessig tilsyn av andre enn foreldre/foresette. 57 prosent av småbarnsfamiliane hadde ikkje barnepass for barna under 7 år, 22 prosent (16+6) hadde privat barnepass for eit eller fleire barn og 27 prosent (21+6) hadde offentleg barnepass. 6 prosent hadde både offentlege og private barnepassordningar. I offentleg barnepass inngår her familiebarnehage, barnehage og

barnepark. Privat barnepass omfattar betalt og ubetalt pass av slekt og vener, hushjelp/praktikant og dagmamma. I tabell 2 er vist andel av hushalda som har dei ulike ordninga. Tabell 4 og 5 viser tilsvarende tal frå 1980 (LKU-80). Mens LKU-83 viser at 27 prosent av alle småbarnsfamiliar har offentleg barnepass, er det altså ein litt større prosent av hushalda som har barnepass. Dette skyldest at det er nokre hushald med fleire barn under 7 år der ikkje alle barna har offentleg barnepass.

Einslege forsørgjarar har best dekning av offentleg barnepass, men tala her er usikre fordi det er så få observasjonar som ligg bak. Det er likevel overraskande at nesten halvparten av alle einslege med barn under 7 år ikkje har barnepass.

Hovudintrykket elles er at det ikkje er så store variasjonar i barnepass etter talet på barn og alderen på barna. Blant ektepar med berre 1 barn under 7 år er det som rimeleg er litt færre som har offentleg barnepass enn blant ektepar med 2 barn under 7 år. Det betyr lite om dei har barn i skulealder i tillegg. Det har ikkje vore mogleg å dela barn under 7 år i fleire aldersgrupper. Ei slik gruppering ville nok avdekkja større skilnadar for dei aller minste barna.

Yrkesaktiviteten for ektepar spelar derimot ei større rolle. Her aukar prosenten med offentleg barnepass klårt med mora si yrkesdeltaking. Er mora i heildsarbeid, er det 50 prosent av ektepara som har offentleg barnepass. Er ikkje mora yrkesaktiv eller arbeider kort deltid, er det berre 16 prosent som har offentleg barnepass. Det er ikkje mogleg å studera yrkesaktiviteten til einslege forsørgjarar tilsvarende. Vi kan ikkje ut frå dette avgjera om foreldra får offentleg pass av barn fordi dei er i arbeid eller om dei tek arbeid etter at dei har fått barnepass for barna. Men målsettinga om at barnepass skal gjera det mogleg å ta meir arbeid, synest iallfall til ei viss grad å vera oppfylt.

Denne auka yrkesaktiviteten slår ut i inntekta. Tabell 1 viser at familiar med høg inntekt i mykje større grad enn låginntektsfamiliane har offentleg barnepass. Blant småbarnsfamiliar med 150 000 kroner og over i disponibel inntekt i 1982 var det såleis heile 42 prosent som hadde offentleg barnepass, mens det berre var 18 prosent blant familiar med inntekt 60 - 89 999 kroner. Blant dei med aller lågast inntekt er det derimot nokon fleire som har offentleg barnepass. Her kjem nok tildeling på sosiale grunnar og delvis einslege forsørgjarar inn.

Vi ser at også privat barnepass aukar klårt med inntekta. Av hushald med 150 000 kroner og over i disponibel inntekt er det likevel om lag 40 prosent som ikkje har noko pass av barn under 7 år.

Tabellen viser elles at Oslo/Akershus skil seg klårt ut med mykje betre barnehagedekning enn resten av landet. Dekninga i dei andre delane av landet er derimot nesten lik. Dette er det same biletet som ein får ved å studera barnehagestatistikken.

Tabell 2 viser mykje det same som tabell 1, men med nokre detaljar i tillegg. Heildagsbarnehage, dagmamma og deltidsbarnehage er dei mest brukte barnepassordningane. Men ein del barn har også ubetalt pass av slekt eller vener. Dei andre ordningane er mindre utbreidde.

Dei fleste einslege forsørgjarar som har offentleg barnepass, har plass i heildagsbarnehage. Dette gjeld også barn i familiar med låg inntekt.

Viktig her er det også å merka seg at det særleg er plass i heildagsbarnehage som aukar sterkt med yrkesaktivitet og inntekt. Det same gjeld dagmamma for dei med private ordningar. Barnepass betyr altså svært mykje for inntektsforholda mellom småbarnsfamiliane.

Tabell 3 viser pass av barn mellom 7 og 10 år i 1983. 11 prosent av hushalda med barn i denne aldersgruppa har pass av barna. Det er stort sett berre private ordningar det her gjeld. Fritidsheimar er ennå svært dårleg utbygd og betyr lite i denne samanhengen.

I tabellane 4 og 5 er tilsvarende vist barnepass i ulike grupper av småbarnsfamiliar i 1980. Sjølv om endringane i denne tida blir nokså usikre fordi det er få observasjonar, kan tabellane 1 og 4 tyda på at omfanget av barnepass i alt ikkje har endra seg særleg frå 1980 til 1983. Tala viser ein liten auke i hushald med pass av barn under 7 år (43 prosent i 1983 og 40 prosent i 1980). Auken er ikkje statistisk sikker. Derimot synest det å ha skjedd ei viss endring i fordelinga av barnepass mot relativt fleire med offentleg barnepass. Resultata frå LKU kan tyda på at den private marknadsandelen har blitt litt mindre. I 1980 var det 20 prosent av alle småbarnsfamiliar som hadde offentleg barnepass. I 1983 var denne prosenten auka til 27. Andelen med privat barnepass har derimot gått ned i denne perioden frå 25 til 22.

Av tabellane 2 og 5 går det ellers fram at av dei private barnepassordningane, er det særleg pass av slekt og vener - både betalt og ubetalt - som har gått tilbake i perioden. Dagmamma og hushjelp/praktikant er om lag like viktig som før. Innanfor offentlege ordningar viser tabellane at det særleg er plass i heildagsbarnehage som er blitt viktigare. Barnehagestatistikken viser då også at talet på barn i barnehagar med over 30 timar pr. veke har auka med 25 prosent frå 1979 til 1982. Men plassar i barnehagar med under 30 timar pr. veke har også auka med 18 prosent i denne perioden, så LKU undervurderer nok endringa her.

Fordelinga av barnepass mellom ulike grupper av hushald er mykje den same i 1980 som vi har funne for 1983. Andelen med offentlig barnepass aukar relativt sterkt med mødrene sin yrkesaktivitet og med aukande inntekt også i 1980. Sjølv om talgrunnlaget er lite, kan tabellane tyde på at desse samanhengane har vorte litt forsterka i denne 3-årsperioden. Auken i andelen med barnepass blant dei heiltidsarbeidande mødrene er ganske stor, mens det ikkje er nokon særleg auke blant dei heimeverande eller dei med kort deltid. Det er også langt fleire i dei høgaste inntektsgruppene som har barnepass i 1983 enn i 1980. Blant dei lågare inntektsgruppene er det derimot ingen klåre endringar. Vi skal koma tilbake til kva som kan liggja bak desse endringane.

Tabell 1. Hushald med barn 0-6 år i grupper for hushaldstype/foreldrenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt/landsdel, etter pass av barn 0-6 år. Prosent. 1983

	I alt	Berre privat barnepass	Berre offentlig barnepass	Både privat og offentlig barnepass	Ikkje pass av barn	Talet på hushald
Alle .....	100	16	21	6	57	764
<b>Hushaldstype</b>						
Ektepar med 1 barn 0-6 år .....	100	25	15	6	54	230
Ektepar med 2 barn 0-6 år .....	100	13	24	9	54	156
Ektepar med 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-19 år .....	100	16	22	1	61	158
Ektepar med 3 eller fleire barn, derav minst 1 barn 0-6 år .....	100	9	20	7	65	160
Einsleg med barn 0-6 år .....	100	10	34	10	46	30
Andre .....	100	-	-	-	-	30
<b>Foreldrenes yrkesaktivitet</b>						
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 0-19 t/uke .....	100	12	15	1	72	414
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 20-34 t/uke .....	100	33	24	13	31	130
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone $\geq$ 35 t/uke .....	100	21	36	14	28	92
Mann 0-19 t/uke .....	100	10	20	4	66	54
Einsleg .....	100	10	34	10	46	30
Andre .....						

Tabell 1 (framh.). Hushald med barn 0-6 år i grupper for hushaldstype/foreldrenes yrkesaktivitet/  
 disponibel inntekt/landsdel, etter pass av barn 0-6 år. Prosent. 1983

	I alt	Berre privat barnepass	Berre offentleg barnepass	Både privat og offentleg barnepass	Ikkje pass av barn	Talet på hushald
<b>Disponibel inntekt</b>						
Under 60 000 kr .....	100	4	21	6	69	50
60- 89 999 kr .....	100	12	17	1	70	160
90-119 999 " .....	100	19	17	4	61	286
120-149 999 " .....	100	19	29	7	46	156
150 000 kr og over .....	100	18	27	15	39	108
<b>Landsdel</b>						
Oslo/Akershus .....	100	12	41	11	35	133
Austlandet ellers .....	100	17	17	6	61	207
Agder/Rogaland .....	100	17	14	4	65	108
Vestlandet .....	100	16	20	7	57	154
Trøndelag .....	100	27	21	4	47	81
Nord-Noreg .....	100	21	18	6	54	79

Tabell 2. Andel av hushald med barn 0-6 år som har ulike typar pass av barn 0-6 år, i grupper for  
 hushaldstype/ektefellenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt. Prosent. 1983

	Slekt, vener, ubetalt	Slekt, vener, betalt	Hushjelp, prakti- kant	Dag- mamma	Familie- barne- hage	Barne- hage minst 6t/dag	Barne- hage mindre 6t/dag	Barne- park	Talet på hushald
Alle .....	7	3	3	11	1	13	9	5	764
<b>Hushaldstype</b>									
Ektepar med 1 barn 0-6 år	10	4	1	17	1	9	6	5	230
" " 2 " " "	6	3	5	10	1	13	14	8	156
" " 1 " " "	6	3	1	9	1	11	8	3	158
og 1 barn 7-19 år .....	6	3	1	9	1	11	8	3	158
Ektepar med 3 eller fleire barn, derav minst 1 barn 0-6 år .....	5	0	3	8	0	12	10	4	160
Einsleg .....	10	3	3	3	3	34	7	0	30
<b>Ektefellenes yrkesaktivitet</b>									
Mann > 20t/uke, kone 0-19 t/uke .....	6	2	1	6	0	5	7	5	414
Mann > 20 t/uke, kone 20-34 t/uke .....	13	7	5	23	2	14	15	7	130
Mann > 20t/uke, kone ≥ 35 t/uke .....	5	3	5	23	3	38	8	2	92
Mann 0-19 t/uke .....	6	2	2	3	0	12	6	6	54
Einsleg .....	10	3	3	3	3	34	7	0	30
<b>Disponibel inntekt</b>									
Under 60 000 kr .....	8	0	4	0	4	17	6	0	50
60 - 89 999 kr .....	7	0	2	4	1	7	6	5	160
80 - 119 999 kr .....	7	2	2	13	1	8	8	5	286
120 - 149 999 kr .....	7	7	1	12	1	18	12	6	156
150 000 og over .....	7	4	8	15	0	25	12	5	108

Tabell 3. Hushald med barn 7-10 år i grupper for hushaldstype/ektefellenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt, etter pass av barn 7-10 år. Prosent. 1983

	I alt	Berre privat barnepass	Berre offentlig barnepass	Både privat og offentlig barnepass	Ikkje pass av barn	Talet på hushald
Alle .....	100	10	1	0	89	542
<b>Hushaldstype</b>						
Ektepar med 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-10 år .....	100	13	3	0	84	120
Ektepar med 3 eller fleire barn, derav 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-10 år .....	100	9	1	0	90	110
Ektepar med 1 barn 7-10 år .....	100	13	0	0	87	46
Ektepar med 2 barn 7-10 år .....	100	5	0	1	94	150
Ektepar med 3 eller fleire barn, derav minst 1 barn 7-10 år .....	100	7	0	0	93	82
Einsleg .....	100	22	0	0	78	20
<b>Ektefellenes yrkesaktivitet</b>						
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 0-19 t/uke .....	100	5	1	0	94	254
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 20-34 t/uke .....	100	16	1	0	83	122
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone $\geq$ 35 t/uke .....	100	13	0	0	87	64
Mann 0-19 t/uke .....	100	7	0	0	93	48
Einsleg .....	100	22	0	0	78	20
<b>Disponibel inntekt</b>						
Under 60 000 kr .....	100	19	0	0	81	27
60 000 - 89 999 kr .....	100	11	0	0	89	58
90 000 - 199 999 kr .....	100	6	1	0	93	203
120 000 - 149 999 kr .....	100	10	1	1	89	131
150 000 kr og over .....	100	13	0	0	87	120

Tabell 4. Hushald med barn 0-6 år i grupper for hushaldstype/foreldrenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt/landsdel, etter pass av barn 0-6 år. Prosent. 1980

	I alt	Berre privat barnepass	Berre offentlig barnepass	Både privat og offentlig barnepass	Ikkje pass av barn	Talet på hushald
Alle .....	100	20	15	5	60	826
<u>Hushaldstype</u>						
Ektepar med 1 barn 0-6 år .....	100	33	12	5	50	255
Ektepar med 2 barn 0-6 år .....	100	9	17	11	63	161
Ektepar med 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-19 år .....	100	11	19	4	66	135
Ektepar med 3 eller fleire barn, derav minst 1 barn 0-6 år .....	100	14	12	1	73	179
Einsleg .....	100	45	35	5	15	42
Andre .....	100	12	6	4	77	54
<u>Foreldrenes yrkesaktivitet</u>						
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 0-19 t/uke .....	100	9	12	1	78	458
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 20-34 t/uke .....	100	44	15	14	26	132
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone $\geq$ 35 t/uke .....	100	34	30	7	30	83
Mann 0-19 t/uke .....	100	16	8	8	68	111
Einsleg .....	100	45	35	5	15	42
<u>Disponibel inntekt</u>						
Under 42 000 kr .....	100	22	14	0	63	59
42 000 - 63 999 kr .....	100	16	13	5	66	241
64 000 - 85 999 kr .....	100	19	12	5	64	305
86 000 - 106 999 kr .....	100	28	17	5	50	138
107 000 kr og over .....	100	22	25	7	46	83
<u>Landsdel</u>						
Oslo/Akershus .....	100	16	30	3	51	163
Austlandet elles .....	100	29	5	5	62	229
Agder/Rogaland .....	100	19	20	4	58	123
Vestlandet .....	100	12	16	8	64	148
Trøndelag .....	100	22	9	7	62	74
Nord-Noreg .....	100	19	9	4	68	89



Tabell 5. Andel av hushald med barn 0-6 år som har ulike typar pass av barn 0-6 år, i grupper for hushaldstype/ektefellenes yrkesaktivitet/disponibel inntekt. Prosent. 1980

	Slekt, vener, ubetalt	Slekt, vener, betalt	Hus- hjelp, prakti- kant	Dag- mamma	Fami- lie- barne- hage	Barne- hage minst 6t/dag	Barne- hage mindre enn 6t/dag	Barne- park	Talet på hushald
Alle .....	9	6	2	10	0	9	8	3	826
<b>Hushaldstype</b>									
Ektepar med 1 barn 0-6 år .....	12	11	3	14	0	7	6	3	255
Ektepar med 2 barn 0-6 år .....	6	6	0	9	1	11	12	5	161
Ektepar med 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-19 år .....	4	3	3	6	0	12	11	0	135
Ektepar med 3 eller fleire barn, derav minst 1 barn 0-6 år .....	5	3	4	4	0	3	6	3	179
Einsleg .....	27	0	0	32	0	36	0	4	42
Andre .....	15	0	0	2	0	7	0	4	54
<b>Ektefellenes yrkesaktivitet</b>									
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 0-19 t/uke	5	2	0	3	0	4	8	2	458
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone 20-34 t/uke	16	22	9	17	1	12	11	6	132
Mann $\geq$ 20 t/uke, kone $\geq$ 35 t/uke	7	11	7	18	0	27	7	2	83
Mann 0-19 t/uke .....	11	1	3	11	0	5	5	6	111
Einsleg .....	27	0	0	32	0	36	0	4	42
<b>Disponibel inntekt</b>									
Under 42 000 kr .....	3	0	0	19	0	3	11	0	59
42 000 - 63 999 kr .....	10	2	2	9	1	8	6	3	241
64 000 - 85 999 kr .....	10	8	1	7	0	8	7	3	305
86 000 - 106 999 kr .....	10	8	7	9	0	10	11	5	138
107 000 kr og over .....	6	6	4	16	0	20	6	6	83

### 3.3. Hjelpeordningar til heimane

#### 3.3.1. Heimehjelp

4,1 prosent av alle hushald fekk heimehjelp i løpet av 1 måned tidleg i 1983. Dette tilsvarar om lag 64 000 hushald for heile landet. Ved vurdering av tabellane om heimehjelp må vi vera spesielt merksame på at LKU berre omfattar personar opp til og med 79 år. Heimehjelp er i stor grad ei hjelp til eldre og behovet er nok særleg stort blant personar over 80 år.

Dei hushalda som hadde heimehjelp siste måned, hadde i gjennomsnitt om lag 15 timar heimehjelp i denne perioden. Oversikta nedanfor viser at heimehjelpa er nokså ulikt fordelt blant dei som får slik hjelp.

Heimehjelp pr. hushald siste måned	Prosent
I alt .....	100
1- 9 timar .....	39
10-19 " .....	40
20-29 " .....	12
30 timar og over .....	10
Talet på hushald .....	82

Mens om lag 40 prosent av hushalda fekk under 10 timar heimehjelp i løpet av 1 måned, var det rundt ein fjerdedel av hushalda som fekk minst 20 timar i månaden.

Tabell 15 viser at av dei som er med i denne undesøkinga, er det først og fremst pensjonistane som får heimehjelp. Blant einslege pensjonistar er det kvar femte person som får slik hjelp og kvar sjuande pensjonistektepar. Det er også ein stor prosent av einslege forsørgjarar med barn over 20 år som får heimehjelp. Dette er nok ofte eldre personar som har eit heimeverande barn over 20 år. Andre hushald både med og utan barn er stort sett hushald med fleire familiekjerner. Mange av desse vil vera familiar med besteforeldre som medlem av hushaldet. Det er difor rimeleg at også desse viser ein stor prosent som får heimehjelp. Det er dessutan ein del einslege personar 45-66 år som får heimehjelp. Dette er sannsynlegvis folk som er nær opp til pensjonsalderen. Utanom desse hushaldstypene er det svært få av andre typar hushald som får heimehjelp.

At det først og fremst er hushald med personar på 67 år og over som får heimehjelp, går også klårt fram av tabell 16 der vi har gruppert hushalda etter kor mange personar på 67 år og over det er i hushaldet. Denne tabellen viser også klårt at hushald med ein eller fleire hjelpetrengande personar blir klårt prioriterte i tildeling av heimehjelp. Hjelpetrengande vil her seia ein person som treng ekstra stell, tilsyn eller hjelp til daglege gjeremål på grunn av varig sjukdom, uførhet eller høg alder.

Vi ser også i tabell 16 at tildeling av heimehjelp heng sterkt saman med inntekt. Det er særleg hushald med låg inntekt som får heimehjelp. Denne samanhengen skyldest mykje at det er eldre personar som får heimehjelp, og at desse i stor grad har lågare inntekt enn andre hushald. Ved å studera tabell 17 ser vi likevel at inntekt betyr mykje for tildeling av (eller behov for) heimehjelp etter at vi har kontrollert for hushaldstype. Andelen som får heimehjelp går ned med aukande inntekt innen alle dei hushaldstypene som mest vanleg får heimehjelp, dvs. einslege 67-79 år, ektepar utan barn 67-79 år, einslege under 67 år og andre hushald. Dei få som får heimehjelp i andre typar hushald synest også å høyra til den nederste delen av inntektsskalaen.

På trass av denne sterke samanhengen med inntekt, viser tabell 17 at det også er ein del hushald med høg inntekt som får heimehjelp. Dette gjeld både blant einslege pensjonistar og blant pensjonistektepar med inntekt godt over gjennomsnittet i desse gruppene. Dessutan gjeld dette særleg for gruppa "Andre hushald". Dette skyldest nok at det i denne gruppa er mange eldre som bur saman med gifte barn og eventuelt barnebarn. Den eldre personen sjølv har låg inntekt, mens hushaldsinntekta er høg fordi dei unge i hushaldet har inntektsgivande arbeid meir på linje med andre i tilsvarende alder.

Resultata frå 1980 i tabellane 18 og 19 viser akkurat det same mønsteret og dei same samanhengane som i 1983-materialet. Det er elles ikkje noko i desse tabellane som tyder på at det har skjedd noko særleg endring i biletet frå 1980 til 1983. Både omfang og fordeling synest å vera om lag den same både i 1980 og 1983.

Dette skulle altså tyda på at heimehjelpa mykje fungerer etter føremålet. Det er først og fremst eldre folk, folk som er hjelpetrengande og folk som er i dei lågare innteksgruppene som får heimehjelp.

### 3.3.2. Husmorvikar

Det er svært få hushald som får husmorvikar, berre 0,4 prosent i LKU-83. Denne hjelpeordninga er ganske mykje redusert i dei siste åra og meir og meir erstatta eller slått saman med heimehjelpa. Om kort tid vil den sannsynlegvis integrerast heilt i heimehjelpa i dei fleste kommunane. Resultata i tabellane 15-17 om husmorvikar er nokså usikre, og tabellane teiknar ikkje noko klårt mønster. Men vi ser at det først og fremst er barnefamiliane som får denne hjelpa og at det er hjelpetrengande i hushaldet. Tabell 17 tyder også på at det er hushald med lågare inntekter som får husmorvikar, men her er talgrunnlaget svært usikkert.

I 1980 var det også barnefamiliar som fekk mest hjelp av husmorvikar - særleg familiar med fleire barn. Men tabell 17 tyder også på at dei andre hushaldstypene hadde husmorvikar i 1980. Dette er også rimeleg då husmorvikarordninga også hadde heimehjelpsfunksjon i mange kommunar på den tida.

### 3.3.3. Heimesjukepleie

1,3 prosent av alle hushald fekk etter LKU-83 heimesjukepleie i løpet av 1 måned tidleg i 1983. Dette tilsvarer om lag 20 000 hushald. Også her må ein vera klår over at ein stor del av heimesjukepleia i landet vert gitt til personar over 79 år og difor ikkje er med i denne undersøkinga.

Dei hushalda som fekk heimesjukepleie, fekk i gjennomsnitt 14 besøk av heimesjukepleiar siste månad. Dette er stort sett 1 besøk annankvar dag. Det er også her ganske stor variasjon mellom hushalda. Etter oversikta nedanfor var det rundt 60 prosent som berre fekk 1-5 besøk denne månaden, mens på den andre sida kvart fjerde hushald fekk minst 20 besøk i månaden.

Antal gonger heimesjukepleie siste månad	Prosent
I alt .....	100
1- 5 gonger .....	58
6-19 " .....	17
20 gonger og meir .....	25
Talet på hushald .....	24

Utanom personar over 80 år tyder tabellane 15 og 16 på at det først og fremst er pensjonistar som får heimesjukepleie, og at hushald med hjelpetrengande som rimeleg er i mykje større grad enn andre får heimesjukepleie. Om lag 1 prosent av hushald utan hjelpetrengande får likevel heimesjukepleie. Dette skyldest nok her at hjelpetrengande er definerte som personar som treng ekstra stell, tilsyn eller hjelp på grunn av varig sjukdom, uførhet eller høg alder. Heimesjukepleie vert derimot også gitt til personar som er kortvarig sjuke og som kan behandlast i heimen.

Det er altså mykje dei same gruppene som får heimehjelp og heimesjukepleie. Oversikta nedanfor viser også at dei same hushalda ofte får begge desse tenestene samtidig.

	Andel med heimesjukepleie. Prosent
Alle .....	1,3
Har heimehjelp .....	19,0
Har ikkje heimehjelp .....	0,6

Kvar femte hushald med heimehjelp fekk også heimesjukepleie i same månaden. Ser vi derimot på hushald som fekk heimesjukepleie, var det om lag 60 prosent av desse som også fekk heimehjelp. Heimehjelpa dekkjer altså dei fleste som får heimesjukepleie, men dekkjer i tillegg mange hushald som ikkje treng heimesjukepleie.

Mens heimehjelpa viser ein nokså klår samanheng med inntekt, synest ikkje tabell 17 å tyda på at det same gjeld for heimesjukepleia - iallfall ikkje i same grad. Ein liten tendens til at hushald med lågare inntekt oftare får heimesjukepleie enn hushald i dei høgare inntektsgruppene kan nok tabellen tyda på, men datagrunnlaget er for lite til å kunna seie noko sikkert her. Mønsteret i materialet frå 1980 er mykje det same som i 1983, men datagrunnlaget er for lite til å kunne seia noko om eventuelle endringar i denne tida.

### 3.3.4. Leigd hjelp

Det er under 1 prosent av hushalda som har leigd hjelp til tilsyn eller pleie av sjuke eller eldre. Dei som har slik hjelp, er mykje dei same gruppene som får heimehjelp. Tabell 17 kan indikere at leigd hjelp aukar med inntekta, men datagrunnlaget er også her for lite til å kunne seia noko sikkert.

### 3.4. Kultur

Tabellane 20-21 viser kor mykje ulike grupper av personar bruker ulike kulturtilbod i løpet av ein 12-månadersperiode. 30 prosent av alle vaksne personer 16-79 år låner bøker på biblioteket, om lag kvar fjerde nordmann går i teater/opera, på kunstutstilling og på museum, og om lag kvar sjette nordmann går på konsert enten med klassisk musikk eller jazz- og visekonsert. Det er altså berre ein mindre del av befolkninga som er aktive i dei enkelte kulturtilbod.

Dei som er aktive, er derimot ganske aktive. Dette viser tabell 6 nedanfor. Dei som låner bøker på bibliotek, gjer dette i gjennomsnitt 15 gonger i året. Ein femtedel av desse er berre på biblioteket 1-2 gonger i året, og 10 prosent er på biblioteket nesten kvar veke. Dei som går i teater, opera, på konsert og kunstutstilling, gjer dette gjennomsnittleg nesten 5 gonger pr. år. Det er likevel heile 60 prosent av desse som berre har 1-2 besøk i året på slike kulturtilbod, mens eit fåtal på 5-8 prosent har minst 10 besøk i året. Dei som går på museum, gjer dette i gjennomsnitt 3-4 gonger i året sjølv om dei fleste berre har 1-2 besøk i året.

Tabell 6. Personar som har brukt ulike kulturtilbod i løpet av dei siste 12 månader, etter kor mange gonger dei har brukt slike tilbod. 1983

	Antal gonger					Gjennomsnittleg antal gonger	Talet på personar
	I alt	1-2	3-9	10-39	40 og over		
	Prosent						
Lånt bok på bibliotek ....	100	19	37	35	10	14,9	1 188
Gått i teater, opera .....	100	57	38	5	0	4,4	1 061
Gått på konsert med klassisk musikk .....	100	57	36	6	1	4,9	559
Gått på jazz-, visekonsert	100	60	33	6	1	4,8	678
Gått på kunstutstilling ..	100	60	33	7	1	4,8	1 098
Gått på museum .....	100	68	28	3	0	3,6	973

Det er ein nær samanheng mellom deltaking i fleire av desse aktivitetane. Ein person som er aktiv på eit område, er ofte også aktiv på andre område. Oversikta nedanfor viser korrelasjonskoeffisientane mellom desse 6 aktivitetane (målt ved talet på gonger).

Tabell 7. Korrelasjonskoeffisientar mellom hyppigheit av kulturaktivitetar i løpet av eitt år blant personar 16-79 år. 1983

	Lånt bok på bibliotek	Gått i teater, opera	Gått på klassisk konsert	Gått på jazz-, visekonsert	Gått på kunstutstilling	Gått i museum
Lånt bok på bibliotek .....	1	0,15	0,08	0,10	0,19	0,17
Gått i teater, opera .....		1	0,42	0,17	0,43	0,34
Gått på klassisk konsert .....			1	0,12	0,28	0,23
Gått på jazz-, visekonsert .....				1	0,15	0,12
Gått på kunstutstilling .....					1	0,54
Gått i museum .....						1

Teater/opera, klassisk konsert, kunstutstilling og museum synest her å vera aktivitetar som er knytta noko saman. Dette er dei meir finkulturelle tilboda. Personar som går i teater eller opera, går ofte på klassisk konsert, på kunstutstilling og på museum. Det er også spesielt sterk samanheng mellom besøk på kunstutstilling og museum. Dei som låner bøker på bibliotek, synest derimot ikkje å bruka dei andre tilboda særleg meir enn andre. Det same gjeld folk som er interesserte i jazz- og visekonsertar.

Det er altså ganske stor variasjon i bruken av ulike kulturtilbod. Dette avspeglar seg også i at bruken varierer mykje mellom ulike grupper av personar (jf. tabellane 20 og 21). Bruken går for det første klårt ned med alderen. Dette gjeld alle tilboda, bortsett frå teater, opera og klassisk konsert der ungdom er mindre aktiv enn dei litt eldre. Kvinnene synest også å vera meir aktive enn menn på kulturområdet. Men menn går litt oftare på jazz- og visekonsertar enn kvinner.

Familiefase synest ikkje å bety så mykje for bruken av kulturtilboda utover aldersskilnaden. Men unge einslege bruker kanskje desse tilboda noko meir enn gifte utan barn og foreldre med barn under 19 år. Foreldre til barn under 19 år går spesielt mindre på jazz- og visekonsert enn andre personar under 45 år.

Sosioøkonomisk status synest derimot å bety ein del for aktiviteten. Funksjonærar bruker of-  
tare kulturtilbod enn arbeidarar. Høgare funksjonærar er dessutan meir aktive enn funksjonærar på  
lågare nivå, og faglærte arbeidarar meir aktive enn ufaglærte. Bønder og fiskarar synest å vera mindre  
aktive enn andre sjølvstendige og har om lag same aktivitet som ufaglærte arbeidarar. Elevar og  
studentar er den gruppa som er mest aktive på kulturområdet. Dei har tydeleg også eit høgare forbruk  
enn andre unge på same alder. Heimearbeidande er det vanskelegare å plassere fordi dei er ei nokså  
samansatt gruppe. Dei synest difor å ha ein aktivitet som ligg nær opp til gjennomsnittet for alle og  
kanskje litt lågare.

Det er ut frå dette ikkje uventa å finna ein klår samanheng mellom bruk av ulike kulturtilbod  
og inntekt. Denne samanhengen mellom bruk av kultur og inntekt vil vera påverka av m.a. alder som vi  
har sett. Dette er det tatt omsyn til i tabellane 39-46 i kapittel 3. I desse tabellane er m.a. dei  
samla offentlege utgiftene til desse tilboda fordelte på dei ulike hushalda etter kor mykje personane i  
hushalda bruker tilboda. Utrekningane er nærare omtale i vedlegg 2. Vi gjengir her desse resultatata  
når det gjeld kulturforbruk for hushald i ulike grupper for hushaldstype og inntekt.

Tabell 8. Forbruk av kulturtenester for hushald i ulike typar hushald. 1983. Kroner

Alle .....	726
Einslege 16-66 år, under 40 000 kroner .....	333
"          40 - 59 999 " .....	346
"          60 - 89 999 " .....	406
"          90 000 kroner og over .....	469
Einslege 67-79 år, under 40 000 kroner .....	207
"          40 - 59 999 " .....	192
"          60 000 kroner og over .....	552
Ektepar utan barn 16-66 år, under 90 000 kroner .....	579
"  "  "          90 - 119 999 " .....	480
"  "  "          120 - 149 999 " .....	660
"  "  "          150 000 kroner og over .....	1 114
Ektepar utan barn 67-79 år, under 60 000 kroner .....	234
"  "  "          60 - 89 999 kroner .....	432
"  "  "          90 000 kroner og over .....	694
Einslege forsørgjarar, barn 0-19 år, under 60 000 kroner .....	291
"          "          60 - 89 999 " .....	909
"          "          90 000 kroner og over .....	855
Ektepar, yngste barn 0-6 år, under 90 000 kroner .....	498
90 - 119 999 " .....	611
120 - 149 999 " .....	693
150 000 kroner og over .....	1 424
Ektepar, yngste barn 7-19 år, under 90 000 kroner .....	872
90 - 119 999 " .....	737
120 - 149 999 " .....	885
150 - 199 999 " .....	1 447
200 000 kroner og over .....	1 858

Denne oversikta viser som sagt tal for alle personar samla i kvart hushald. Variasjonar mellom ulike typar hushald vil difor mykje skyldast ulike tal på personar i hushaldet. Innan alle typar hushald aukar likevel forbruket sterkt med inntekta, og dei høgaste inntektsgruppene viser ofte 2-3 gonger så stort forbruk som dei lågaste. Det er berre blant einslege under 67 år at inntekta ikkje betyr så mykje.

Gjennom kultursektoren - eller iallfall den delen av denne som er med her - skjer det altså ei omfordeling til dei høgare inntektsgruppene. Skilnadene i gjennomsnittleg forbruk mellom dei ulike gruppene av hushald er likevel ikkje så stor, 1 000 - 1 500 kroner på det meste. Ser vi derimot på fordelinga av hushald etter kulturforbruk, blir skilnadene monaleg større. Dette viser oversikta nedanfor.

Tabell 9. Hushald etter forbruk av kulturtenester.  
Prosent. 1983.

I alt .....	100
0 kroner .....	39
1- 499 kroner .....	6
500- 999 " .....	21
1 000-1 999 " .....	11
2 000-4 999 " .....	13
5 000-9 999 " .....	8
10 000 kroner og over .....	2
Talet på hushald .....	1 998

Av alle hushald var det rundt 40 prosent som ikkje hadde brukt nokon av dei 6 kulturtilboda som er omtala her. Dei fleste har eit forbruk som ligg nær gjennomsnittet på 726 kroner. Men om lag kvart fjerde hushald har eit forbruk som tilsvarar over 2 000 kroner i året, og kvart tiande hushald får offentlege tenester på denne måten kvart år som er verdt minst 5 000 kroner.

### 3.5. Helsetenester

Etter tabell 23 var 16 prosent av alle personar 16-79 år i Noreg i kontakt med lege på grunn av sjukdom ein eller fleire gonger i 14-dagarsperioden før dei vart intervjuet tidleg i 1983. I alt vart det registrert 261 legekontaktar pr. 1 000 personar i denne tida. Dette tilsvarar eit gjennomsnitt på om lag 6,8 legekontakter pr. person pr. år.

12 prosent av alle vaksne hadde hatt behandling hjå fysioterapeut i løpet av eit år. Kvar vaksne person hadde i gjennomsnitt om lag 1,8 behandlingar kvart år. Om lag den same prosenten (11) hadde vore innlagt i sjukehus, psykiatrisk klinikk, sjukestove eller annan helseinstitusjon siste år. I gjennomsnitt var kvar person innlagt om lag 1,7 dagar pr. år.

Det er sjølvsagt store variasjonar i desse tala. Dei som treng behandling i helsevesenet, treng relativt mykje av dette, mens dei fleste ikkje treng noko. Dette går fram av oversiktene nedanfor.

Tabell 10. Personar som har hatt fysioterapi siste år, etter talet på behandlingar. Prosent

I alt .....	100
1- 9 behandlingar .....	31
10-19 " .....	45
20-39 " .....	13
40 behandlingar og over .....	10
Talet på personar .....	469

Tabell 11. Personar som har vore innlagde på helseinstitusjon siste år, etter talet på dagar i helseinstitusjon. Prosent

I alt .....	100
1- 4 dagar .....	28
5- 9 " .....	29
6-19 " .....	21
20-39 " .....	13
40 dagar og over .....	9
Talet på personar .....	431

Tabell 12. Personar som har hatt kontakt med lege siste år, etter talet på legekontaktar siste år. Prosent

I alt .....	100
1- 4 legekontaktar .....	76
5- 9 " .....	14
10-19 " .....	8
20 legekontaktar og over .....	3
Talet på personar .....	2 569

Ein pasient som treng fysioterapi, får vanlegvis 12 behandlingar. Vi ser då også at nær halvparten av dei som fekk fysioterapibehandling hadde 10-19 behandlingar i løpet av eit år. Ein tredjedel av fysioterapipasientane hadde færre behandlingar. Det er likevel om lag ein fjerdedel av pasientane som har hatt minst 20 behandlingar. Det er difor ganske stor spreing i fordelinga også av fysioterapi.

Det er som rimeleg er ennå større spreing av liggjedagar på sjukehus. Men her er det dei fleste som ligg berre nokre få dagar. Om lag ein femtedel av pasientane har vore på sjukehus minst 20 dagar i løpet av det siste året.

Vi bruker i denne rapporten talet på legekontaktar i løpet av ein 2-vekersperiode som mål på bruk av legetenester. Dette målet er lite eigna til å seia noko om spreinga. Vi har difor her sett på spreinga i talet på legekontaktar over eit heilt år. Desse to måla gir nokså ulike resultat som vist i vedlegg 1, men legekontaktar for eit heilt år skulle kunna gi ein peikepinn om fordelinga. Vi ser at dei fleste av dei som har vore i kontakt med lege siste år, har hatt svært få kontaktar. Berre om lag kvar tiande legepasient har hatt minst 10 kontaktar med lege i løpet av eit år. Denne fordelinga er som nemnt nok ikkje heilt riktig, men skulle kunna gi eit grovt inntrykk.



Tabell 23 viser at bruk av helsevesenet først og fremst har samanheng med alder. Dei eldre har vesentleg meir kontakt med lege enn yngre og ligg meir på sjukehus enn yngre. Derimot er ikkje skilnadene så store når det gjeld behandling av fysioterapeut.

Kvinner mellom 16 og 44 år bryt denne klåre auken med alder. Desse kvinnene ligg oftare på sjukehus enn eldre kvinner, men har tydelegvis likevel kortare liggjetid. Skilnaden i legekontakt mellom desse aldersgruppene av kvinner og dei eldste er heller ikkje særleg stor. Dette forholdet skyldest sjølv sagt at det berre er kvinner i desse aldersgruppene som føder barn. Om lag 6 prosent av alle kvinner 16-44 år føder eit barn kvart år med den fødselsfrekvensen som vi har nå. Stort sett alle desse kvinnene har kontakt med lege og ligg på sjukehus i denne tida.

Familiefasevariabelen viser mykje dei same skilnadene i bruk av helsetenester som alder. Tabellen kan likevel indikera at einslege personar 45-66 år bruker noko meir av dei helsetenestene som er med her, enn gifte personar i same aldersgruppe. Tilsvarande forskjell synest ikkje å vera mellom einslege og gifte pensjonistar. Einslege forsørgjarar viser også eit relativt høgt forbruk.

Det synest ikkje å vera nokon sterk samanheng mellom andelen som brukar helsetenester og inntekt. Men personar som bur i hushald med låg inntekt, har klårt høgare forbruk enn andre personar. Dette heng nok igjen mykje saman med alder. Dei hushalda som har lågast inntekt, er i stor grad hushald med eldre folk og har som følge av dette høgt forbruk av helsetenester. Sjølv om vi kontrollerer for hushaldstype, synest ikkje inntekt å bety noko særleg for bruk av helsetenester.

### 3.6. Vaksenopplæring

7 prosent av alle personar 16-79 år hadde vore med i eit eller fleire vaksenopplæringskurs i løpet av siste 12 månader før intervjuet (tabell 25). Dette tilsvarer over 200 000 personar. Til samanlikning kan vi nemna at det pr. 1. oktober 1982 var 188 000 elevar ved vidaregåande skolar her i landet og 88 000 studentar ved universitet og høgskolar. Vaksenopplæring omfattar her både deltaking i yrkesretta kurs, kompetansegivande kurs og ulike former for fritidskurs. Kurs i arbeidstida er ikkje med.

Gjennomsnittspersonen hadde i alt 0,1 kurs i løpet av eit år fordelt mellom 0,03 brevkurs og 0,07 andre kurs. Desse tala seier ikkje så mykje. Meir forståelig er det at 3 prosent av alle personar deltok i brevundervisning og at desse i gjennomsnitt hadde 1,3 brevkurs. Oversikta nedanfor viser dessutan at dei fleste berre tok 1 brevkurs, mens kvar femte elev tok 2 eller fleire brevkurs.

5 prosent av alle personar var med i andre kurs utanom brevkurs. I gjennomsnitt deltok kvar av desse personane på 1,5 kurs. Om lag 3 av 4 kursdeltakarar hadde 1 kurs.

Tabell 13. Personar som har delteke i brevkurs og andre vaksenopplæringskurs, etter talet på kurs. Prosent. 1983

	Brevkurs	Andre kurs
I alt .....	100	100
1 kurs .....	79	72
2 " .....	17	19
3 eller fleire kurs .....	4	9
Talet på personar .....	105	192

Tabell 25 viser at vaksenopplæring har klår samanheng med alder. Det er langt vanlegare at yngre personar går på kurs av ulike slag enn eldre. Tabellen kan også gi ein indikasjon på at kvinner er litt meir aktive her enn menn.

Vaksenopplæring synest også å ha ein viss samanheng med inntekt. Personar i hushald med høg inntekt er oftare med på kurs enn personar i hushald med lågare inntekter. Noko av dette kan forklarast med tilsvarende aldersskilnader. Men det synest også å vera ein klår samanheng med inntekt etter at vi kontrollerer for hushaldstype, jf. tabell 27. Forskjell i utdanning kan vera ei forklaring på dette. Tabell 26 tyder også på at funksjonærar gjennomgåande litt oftare går på kurs enn arbeidarar, og at kanskje særleg funksjonærar på mellomnivå og høgare nivå er aktive. Jordbrukarar og fiskarar er derimot lite aktive. Det same gjeld også andre sjølvstendige næringsdrivande.

Gjennom vaksenopplæring skjer det altså ei viss omfordeling av inntekter frå dei lågare til dei høgare inntektsgruppene. Det er likevel ikkje store summer det er snakk om. Omrekna til kroner (jf. vedlegg 2) fekk kvart hushald offentleg vaksenopplæring til ein verdi av om lag 50 kroner pr. år. Dei lågare inntektsgruppene fekk 30-40 kroner, mens hushald med inntekt over 200 000 fekk over 100 kroner.

Tabell 14. Gjennomsnittleg offentleg stønad til vaksenopplæring pr. hushald for hushald med ulik hushaldsinntekt. 1983

Hushaldsinntekt	Kroner	Talet på hushald
Alle .....	50	1 998
Under 40 000 kroner .....	0	192
40- 59 999 kroner .....	36	188
60- 89 999 " .....	42	410
90-119 999 " .....	43	398
120-149 999 " .....	37	330
150-199 999 " .....	88	291
200 000 kroner og over .....	117	155

For dei som er med i ulike vaksenopplæringstiltak, vil det derimot dreia seg om større summer. Ut frå resultatane i vedlegg 1 og 2 kan vi grovt rekna at eit brevkurs i gjennomsnitt er subsidiert med 5-600 kroner og eit kurs elles med om lag 1 000 kroner.

### 3.7. Offentlege overføringar

#### 3.7.1. Arbeidsløystønad

I 7 prosent av alle hushald mottok ein eller fleire personar arbeidsløystønad i kortare eller lenger tid i 1982 (tabell 28). Dette tilsvarende om lag 110 000 hushald. Dette talet er vesentleg høgare enn talet på arbeidsledige i gjennomsnitt i 1982. Dette skyldest først og fremst at dei fleste er arbeidsledige berre ein kortare periode før dei får nytt arbeid. Etter NOS Arbeidsmarknadstatistikk hadde alle som var heilt arbeidslause pr. 31. januar 1983, vore arbeidslause gjennomsnittleg 10,8 veker. Berre litt over 10 prosent hadde vore arbeidslause i 26 veker eller meir.

Vi må elles vera klår over at prosenten med arbeidsløystønad og resultatane elles kan vera litt for låge, jf. vedlegg 1. Dette skulle likevel ikkje bety så mykje for skilnader mellom grupper og fordeling som vi er mest opptekne av her.

I gjennomsnitt fekk kvart hushald med arbeidsløystetrygd utbetalt om lag 10 000 kroner i slik stønad i 1982 (tabell 48). Dette kan synast lågt, men må også sjåast i forhold til at dei fleste er arbeidsledige berre ein liten del av året. Dei fleste hushald får dessutan mindre utbetalt enn dette gjennomsnittet, som oversikta nedanfor viser.

Arbeidsløsestønad i 1982	Hushald med arbeidsløsestønad. Prosent
I alt .....	100
Under 1 000 kroner .....	14
1 000- 4 999 " .....	34
5 000- 9 999 " .....	18
10 000-19 999 " .....	20
20 000 kroner og over .....	14
Talet på hushald .....	134

Halvparten av alle hushald med arbeidsløsestønad i 1982 fekk under 5 000 kroner utbetalt dette året. 1/3 fekk over 10 000 kroner og berre 14 prosent over 20 000 kroner. For desse hushalda må difor arbeidsløsestønaden bety relativt lite når vi ser heile året under eitt. I den perioden då stønaden blir utbetalt, vil det sjølvsagt bety langt meir. Dette ser vi også av tabell 48. Gjennomsnittshushaldet med arbeidsløsestønad hadde i 1982 ei brutto inntekt på 170 000 kroner. Av dette utgjorde arbeidsløsestønaden 10 000 kroner eller 6 prosent.

Prosenten med arbeidsløsestønad synest å variera mykje mellom dei ulike hushaldstypene i tabell 28. Men mykje av denne variasjonen skyldest nok at vi her ser på hushald og ikkje person som eining. Sjansen for arbeidsløse og -stønad vil difor stiga med talet på personar i arbeidsfør alder i hushalda og med yrkesaktiviteten for desse. Vi ser også at dette mønsteret går klårt igjen i tabellen. Resultata kan likevel tyda på at unge personar 16-44 år oftare er arbeidsledige enn personar 45-66 år. Unge einslege personar og unge gifte/samanbuande utan barn har kanskje også høgare arbeidsløse enn ektepar med små barn. Blant einslege forsørgjarar og ektepar med barn over 20 år og også delvis hushald elles med store barn er det relativt mange (mellom 10 og 20 prosent av hushalda) som har fått arbeidsløsestønad. Men i desse hushalda er det også mange moglege inntektstakarar og unge personar.

Det er elles langt færre hushald i Oslo og Akershus enn i resten av landet som har mottatt arbeidsløsestønad i 1982.

Prosenten med arbeidsløsestønad synest å auka med aukande inntekt. Dette skyldest både at dei fleste pensjonistane er i den lågaste inntektsgruppa og at talet på inntektstakarar i hushaldet aukar med inntekta og dermed sjansen for at ein av dei vert arbeidsledige. Men sjølv om vi i tabell 30 kontrollerer for hushaldstype, synest det å vera ein tendens til at hushald med høgare inntekter oftare får arbeidsløsestønad enn hushald i dei lågare inntektsgruppene. Dette synest iallfall å gjelda for alle inntekter opp til 150 000 kroner. Vi ser denne tendensen både blant einslege 16-66 år, ektepar 16-66 år utan barn og einslege forsørgjarar. Og i hushald med barn og Andre hushald er det ikkje noko som tyder på at prosenten med arbeidsløsestønad går ned med aukande inntekt - bortsett frå småbarnsfamiliar med 150 000 kroner og over i inntekt. Vi ser også av tabell 30 at dei fleste hushaldsgrupper med ei inntekt over gjennomsnittet, dvs. 120 000 kroner og over, har ein høgare prosent med arbeidsløsestønad enn gjennomsnittet. Mens gjennomsnittshushaldet i 1982 hadde ei disponibel inntekt på 119 000 kroner, hadde hushald med arbeidsløsestønad i gjennomsnitt 135 000 kroner i disponibel inntekt (tabell 48).

Dette kan kanskje synast litt overraskande i første omgang, men er det ikkje. Forklaringa er sjølvsagt at arbeidsløsestønad vert gitt til personar utan omsyn til kva andre personar i hushaldet har i inntekt. I mange av hushalda vil det difor vera ein av ektefellene, eit heimebuande barn e.l. som får arbeidsløsestønad mens dei andre personane i hushaldet har vanleg inntekt.

Det står likevel fast at arbeidsløsestønad vert gitt til høginntektshushald i minst like stor grad som til hushald i dei lågare inntektsgruppene.

### 3.7.2. Bustønad

7 prosent av alle hushald fekk bustønad i 1982 (tabell 28). Dette er same prosenten som vi såg fekk arbeidsløsestønad, og tilsvarer om lag 110 000 hushald. Opplysningane er henta frå Den Norske Stats Husbank, og skulle etter vedlegg 1 vera nokså pålitelege. I gjennomsnitt fekk hushald med bustønad utbetalt 4 200 kroner i slik stønad i 1982 (tabell 48). Sett i forhold til ei disponibel inntekt på 88 000 kroner i desse hushalda, utgjorde dette nesten 5 prosent. Dette er langt lågare enn

kva som er oppgitt i St.prp. nr. 1 (1984-85) frå Kommunal- og arbeidsdepartementet, s. 170. Der er gjennomsnittleg bustønad oppgitt til 13 prosent av gjennomsnittleg hushaldsinntekt i 1982. Noko av denne skilnaden kan skyldast at ein i utrekning av bustønad må bruka inntekt frå 2 år tilbake. Gjennomsnittsinntekta på om lag 35 000 kroner som ligg til grunn for utrekningane av bustønad i denne proposisjonen, synest likevel altfor låg.

Det er ikkje så stor spreiding i utbetaling av bustønad mellom hushalda. Dei fleste får mellom 2 000 og 10 000 kroner i året. Nesten ingen får over 10 000 kroner, men om lag kvart fjerde hushald får under 2 000 kroner i året.

<u>Bustønad i 1982</u>	<u>Hushald med bustønad i 1982. Prosent</u>
I alt .....	100
Under 1 000 kroner .....	8
1 000-1 999 " .....	13
2 000-4 999 " .....	41
5 000-9 999 " .....	37
10 000 kroner og over .....	1
<u>Talet på hushald .....</u>	<u>135</u>

Bustønad tek først og fremst sikte på å hjelpe hushald med barn under 18 år eller personar over 65 år. Vi ser i tabell 28 at dette i stor grad også er tilfelle. Det er særleg mange einslege eldre som får bustønad. Prosenten er tydeleg mindre blant eldre ektepar utan barn. Den gruppa som oftast får bustønad, er einslege forsørgjarar med barn under 20 år. Om lag kvart tredje av desse hushalda fekk bustønad i 1982. Prosenten er derimot ikkje særleg høgare enn gjennomsnittet for ektepar med små barn, og er mykje lågare blant ektepar med berre barn 7 år og over.

Utbetaling av bustønad viser som rimeleg er ein klår samanheng med inntekt (tabell 29). Hushald med låg inntekt får mykje oftare bustønad enn hushald med noko høgare inntekt. Vi ser likevel at 3-5 prosent av alle hushald over gjennomsnittsinntekta på 119 000 kroner, fekk bustønad i 1982. På den andre sida var det berre kvart sjuande hushald med disponibel inntekt under 60 000 kroner som fekk bustønad.

Denne samanhengen med inntekta heng mykje saman med alderen på hushaldsmedlemene. Når vi i tabell 30 kontrollerer for type hushald, ser vi at samanhengen med inntekta verte forsterka. Dette går klårt fram i alle hushaldsgruppene, og er særleg sterk blant einslege pensjonistar og pensjonist-ektepar.

### 3.7.3. Sosialhjelp

Opplysningane om sosialhjelp er henta inn gjennom LKU-intervjuet. Som vist i vedlegg 1 har vi fått opplysningar frå altfor få hushald. Dei som har svara, synest derimot å ha gitt nokolunde riktige opplysningar. Resultata i dette avsnittet om sosialhjelp må difor tolkast med varsemnd.

2 prosent av hushalda fekk etter tabell 28 sosialhjelp i 1982. Dette er som nemnt for lågt og skulle vore minst 4 prosent. I gjennomsnitt fekk kvart hushald utbetalt 4 500 kroner i sosialhjelp og dette samsvarer ganske godt med Statistisk Sentralbyrå sin sosialhjelpsstatistikk. Grovt rekna fekk 1/4 av hushalda med sosialhjelp under 2 000 kroner i hjelp, 1/2 fekk 2 000 - 4 999 kroner og 1/4 fekk over 5 000 kroner.

Gjennomsnittshushaldet med sosialhjelp hadde i 1982 ei disponibel inntekt på om lag 70 000 kroner. Sosialhjelpa utgjer for desse difor 6-7 prosent av disponibel inntekt (tabell 48).

Det er spesielt tre grupper som ofte får sosialhjelp: eldre einslege, einslege forsørgjarar og andre hushald med barn 0-19 år. Denne siste gruppa omfattar einslege med barn som bur heime hos foreldra. Elles er det ein liten prosent i dei fleste hushaldstypene som får sosialhjelp.

Som følgje av dette har sosialhjelp ein klår sosial inntektsprofil då det først og fremst er hushald i den lågaste inntektsgruppa som får sosialhjelp. Dette ser vi klårast av tabell 30 innanfor kvar hushaldstype. Både blant einslege og ektepar med og utan barn er det stort sett berre hushald med låg inntekt som får sosialhjelp. Det er berre gruppa Andre hushald som skil seg ut litt her. I denne

gruppa er det også nokre hushald i dei høgaste inntektsgruppene som får sosialhjelp. Som før nemnt skyldest nok dette mykje at sosialhjelp vert gitt til person eller familie, mens denne gruppa omfattar hushald med fleire familiekjerner eller fleire vaksne, til dømes einslege med barn som bur hjå foreldra, vaksne barn som bur heime eller gamle som bur hjå son eller dotter.

#### 3.7.4. Dagpengar og forsørgjartillegg til vernepliktige og sivilarbeidarar

Som for sosialhjelp er også opplysningane om dagpengar og forsørgjartillegg til vernepliktige og sivilarbeidarar altfor dårlege. Det er kanskje rimeleg å gå ut frå at vi også her har fått opplysningar frå for få hushald, men at dei som har svara at dei har fått slik stønad, har oppgitt nokså riktige summer. Resultata her må difor også tolkast svært varsamt.

3 prosent av hushalda fekk dagpengar og forsørgjartillegg etter tabell 28. Denne prosenten burde nok vore om lag dobbelt så høg etter vedlegg 1 å døma. I gjennomsnitt fekk kvart hushald med slik stønad utbetalt 4 600 kroner i 1982 (tabell 48). Det var ganske stor spreing mellom hushalda. 1/3 fekk under 1 000 kroner i året, 40 prosent fekk mellom 1 000 og 5 000 kroner og 1/4 fekk over 5 000 kroner.

Det er sjølvsgt hushald med menn i vernepliktsalder som får dagpengar og forsørgjartillegg. Dette viser også tabell 28, dvs. unge einslege og unge ektepar utan barn, barnefamiliar og hushald med vaksne barn i denne alderen. Det som er meir interessant, er at stønaden synest å auka med aukande hushaldsinntekt. Den gruppa som oftast får dagpengar og forsørgjartillegg er hushald med 150 000 kroner eller meir i disponibel inntekt. Dette skyldest sjølvsgt at hushald i dei lågaste inntektsgruppene i stor grad er eldre, uføre eller studentar, mens det er barnefamiliar og hushald med vaksne barn som først og fremst får dagpengar og forsørgjartillegg. Desse hushalda har høgare inntekter fordi dei ofte har fleire inntektstakarar. For dei fleste vil det dessutan berre vera ei kortare tid av året at dei får denne stønaden, mens dei vil ha inntektsgivande arbeid resten av året.

#### 3.7.5. Grunn- og hjelpestønad

6 prosent av alle hushald fekk etter tabell 28 grunn- eller hjelpestønad i 1982. Dette tilsvareer nesten 100 000 hushald. Etter St.prp. nr. 1 (1984-85): Folketrygdens utgifter og inntekter, s. 78-79, var det om lag 79 000 personar i 1982 med grunnstønad og 58 000 personar med hjelpestønad. Ein del personar får altså begge stønader. Dessutan kan det vera nokre hushald der to eller fleire personar får grunn- eller hjelpestønad.

I gjennomsnitt fekk kvart hushald med grunn- eller hjelpestønad 5 200 kroner i 1982. Halvparten av hushalda fekk mellom 2 000 og 5 000 kroner, 40 prosent mellom 5 000 og 10 000 kroner og dei resterande 10 prosent over 10 000 kroner i 1982. Utbetalt stønad er altså nokså konsentrert rundt gjennomsnittet.

Grunn- og hjelpestønad blir gitt til personar som på grunn av varig sjukdom, skade eller lyte har ekstrautgifter eller treng særskilt tilsyn og pleie eller hjelp i huset. Det er difor ikkje overraskande at det først og fremst er hushald med eldre personar som får grunn- og hjelpestønad. Men vi ser at det også er ein mindre prosent av andre hushaldstypar som får grunn- og hjelpestønad, særleg blant ektepar med barn 7-19 år.

Den lågaste inntektsgruppa skil seg klårt ut med ein høgare prosent som får grunn- og hjelpestønad enn andre. Her finn vi einslege pensjonistar og pensjonistektepar. Blant hushald med minst 60 000 kroner i disponibel inntekt synest derimot andelen som får grunn- og hjelpestønad å vera om lag den same i alle inntektsgrupper. Mens 6 prosent av alle hushald får slik stønad, får også 6 prosent blant hushald med 150 000 kroner eller meir dette. Ser vi på tabell 30, viser denne også ein klår nedgang i andel med grunn- og hjelpestønad når inntekta aukar blant einslege, ektepar utan barn og einslege forsørgjarar med barn under 20 år. Derimot har vi ikkje denne tendensen blant ektepar med barn under 20 år og blant andre ektepar. I desse hushalda synest det å vera liten samanheng mellom grunn- og hjelpestønad og inntekt. Dette skyldest nok at det i desse hushalda stort sett er yngre menneske og fleire moglege inntektstakarar.

### 3.7.6. Utdanningsstipend

Personar i 10 prosent av alle hushald mottok utdanningsstipend i 1982 (tabell 28). I gjennomsnitt fekk desse hushalda om lag 3 800 kroner i utdanningsstipend. 2 av 3 hushald med stipend fekk mellom 2 000 og 10 000 kroner. Nesten kvart tredje hushald med stipend fekk under 2 000 kroner i stipend og nokre få prosent fekk over 10 000 kroner. Det er altså ganske stor spreing i storleiken på stipendia mellom hushalda.

Stipend i 1982	Hushald med stipend i 1982. Prosent
I alt .....	100
Under 1 000 kroner .....	23
1 000-1 999 " .....	9
2 000-4 999 " .....	37
5 000-9 999 " .....	30
10 000 kroner og over .....	5
Talet på hushald .....	191

Det er sjølvsagt unge under utdanning som får stipend. Dette går også fram av tabell 28. Kvar femte einsleg person 16-44 år eller ektepar utan barn 16-44 år fekk stipend i 1982. Om lag den same prosenten i andre hushald med barn i utdanningsalder fekk stipend.

Utdanningsstipend synest å visa ein noko spesiell samanheng med inntekt. Det er relativt mange i den lågaste inntektsgruppa som får stipend. Andelen synker så drastisk for så igjen å stige jamt med stigande inntekt. Dette heng saman med at ein del studentar har flytta heimanfrå og utgjør eigne hushald. Desse har låg inntekt og kjem dermed i den lågaste inntektsgruppa. Dette ser vi endå klårare av tabell 30. 1/3 av einslege personar 16-66 år med inntekt under 40 000 kroner fekk stipend i 1982. Det same gjeld til dels unge ektepar utan barn med låg inntekt. Resten av studentane bur heime eller har ikkje meldt flytting slik at dei i denne undersøkinga er rekna med til foreldrehushaldet. Dette vil vera hushald med relativt høg inntekt på grunn av foreldra sin yrkesaktivitet. Dette ser vi både blant ektepar med yngste barn 7-19 år og i andre hushaldstypar. Prosenten som får stipend i desse gruppene er ganske høg - også i dei høgaste inntektsgruppene.

### 3.7.7. Skattepliktige ytingar frå folketrygda

Det finst ganske mykje statistikk over personar med ulike ytingar frå folketrygda. For å gjera biletet i denne rapporten mest mogleg fullstendig, tar vi her likevel med nokre opplysningar om skattepliktige ytingar frå folketrygda og fordeling på ulike hushaldsgrupper.

Kvart tredje hushald hadde i 1982 skattepliktige ytingar frå folketrygda (tabell 28). Det er nok for sterkt å seia at så mange er avhengige av desse ytingane frå folketrygda, men i gjennomsnitt mottok desse om lag 42 000 kroner brutto frå folketrygda i 1982 (tabell 48). Desse hushalda hadde i tillegg andre brutto inntekter på rundt 67 000 kroner, dvs. ei brutto inntekt på nesten 110 000 kroner og ei disponibel inntekt på 93 000 kroner. Dei skattepliktige ytingane frå folketrygda utgjorde difor nesten 40 prosent av bruttoinntekta. I tillegg kjem ein del andre ytingar frå folketrygda som ikkje er skattepliktige.

Det er stor variasjon i kor mykje dei ulike hushalda får utbetalt. Dette er vist i oversikta nedanfor. Kvart sjette hushald med ytingar frå folketrygda, fekk under 30 000 kroner i 1982. Dette er nok mykje personar med redusert pensjon eller som ikke har hatt pensjon heile året. Nesten 40 prosent av hushalda fekk mellom 30 000 og 40 000 kroner. Her har vi dei fleste minstepensjonistane. Kvart fjerde hushald fekk 50 000 - 75 000 kroner. Dette er i stor grad pensjonistektepar med minstepensjon. Vi ser at kvart tiande hushald av dei som får ytingar frå folketrygda har over 75 000 kroner i inntekter frå folketrygda.

Skattepliktige ytingar frå folketrygda i 1982	Hushald med skattepliktige ytingar frå folketrygda. Prosent
I alt .....	100
Under 10 000 kroner .....	4
10-19 999 " .....	5
20-29 999 " .....	8
30-39 999 " .....	37
40-49 999 " .....	10
50-74 999 " .....	27
75-99 999 " .....	6
100 000 kroner og over .....	3
Talet på hushald .....	664

Alle einslege personar 67-79 år og ektepar i same aldersgruppe har sjølvsgt inntekter frå folketrygda (tabell 28). Det same gjeld 80 prosent av einslege forsørgjarar med barn over 20 år og andre hushald utan barn. Dei fleste av desse hushalda har alderspensjonistar. Men vi ser at halvparten av alle einslege personar 45-66 år også har ytingar frå folketrygda, og det same gjeld 40 prosent av ektepar 45-66 år utan barn. I desse gruppene er nok uførepensjon dominerande. Godt halvparten av alle einslege forsørgjarar med barn og Andre hushald med barn har også inntekter frå folketrygda. Det er også ein del ektepar med barn under 20 år som har ytingar frå folketrygda, særleg blant ektepar med 1 barn 7-19 år.

Det er først og fremst hushald i dei lågare inntektsgruppene som har inntekter frå folketrygda. 2 av 3 hushald med inntekt under 60 000 kroner hadde slike inntekter i 1982. Sjølv om andelen med inntekter frå folketrygda går sterkt ned med stigande inntekt, er det relativt mange hushald også blant dei høgaste inntektsgruppene som har inntekter frå folketrygda. I 1982 hadde såleis kvart sjettede hushald med inntekt over 150 000 kroner slike ytingar. Forklaringa er sjølvsgt at dei fleste ytingane i folketrygda vert gitt til person utan omsyn til kva inntekt andre i hushaldet eventuelt har.

Samanhengen med inntekt går klårare fram av tabell 30. Det er her ingen samanheng mellom andel som får ytingar frå folketrygda og inntekt når vi ser på einslege pensjonistar og pensjonistektepar. Blant einslege 16-66 år, ektepar utan barn 16-66 år og einslege forsørgjarar med barn under 20 år er det derimot ein klår nedgang i andel som får ytingar frå folketrygda når inntekta aukar. Det er likevel i desse gruppene ein ganske stor del også blant høginntektshushalda som får slike ytingar. Blant ektepar med barn og andre hushald synest derimot ikkje samanhengen med inntekt å vera så sterk. Blant andre hushald er det til dømes halvparten av alle hushald med over 150 000 kroner i inntekt som har inntekter frå folketrygda og blant ektepar med barn 7-19 år er det tilsvarende 10 prosent. Desse hushalda har som regel fleire personar. Sjansen for at ein av desse har inntekt frå folketrygda samtidig med at andre har inntektsgivande arbeid, er difor større her enn i andre hushaldstyper.

Tabell 15. Andel av hushald med ulike typar hjelp til heimen, i grupper for hushaldstype. Prosent. 1983

	Heime- hjelp	Husmor- vikar	Heime- sjuke- pleie	Leigd hjelp	Talet på hushald
Alle .....	4,1	0,4	1,3	0,8	1 998
<u>Hushaldstype</u>					
Einsleg 16-44 år .....	0	0	0	1	181
" 45-66 " .....	7	0	1	0	177
" 67-79 " .....	21	0	5	1	149
Ektepar utan barn 16-44 år .....	0	0	0	0	125
" " " 45-66 " .....	2	1	2	2	234
" " " 67-79 " .....	14	1	3	2	116
Einsleg forsørgjar m/barn 0-19 år .....	2	0	1	0	86
" " " 20 år og over .....	16	1	5	0	40
Ektepar med 1 barn 0-6 år .....	0	1	0	0	110
" " 2 " 0-6 " .....	1	1	0	1	78
" " 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-19 år .....	0	1	1	0	82
" " 3 el.fl. barn, derav minst 1 barn 0-6 år	1	2	0	1	83
Ektepar med 1 barn 7-19 år .....	1	0	0	1	144
" " 2 " 7-19 " .....	1	0	0	1	161
" " 3 el. fl. barn 7-19 år .....	0	0	0	0	81
Ektepar med yngste barn 20 år og over .....	3	0	1	1	78
Andre hushald med barn 0-19 år .....	6	2	5	3	35
" " utan barn 0-19 år .....	13	0	9	2	39



Tabell 16. Andel av hushald med ulike typar hjelp til heimen, i grupper for disponibel inntekt/ landsdel/hjelpetrengande i hushaldet/talet på personar over 66 år. Prosent. 1983

	Heime- hjelp	Husmor- vikar	Heime- sjuke- pleie	Leigd hjelp	Talet på hushald
Alle .....	4,1	0,4	1,3	0,8	1 998
<u>Disponibel inntekt</u>					
Under 60 000 kroner .....	12	0	2	0	349
60- 89 999 kroner .....	5	0	2	1	381
90-119 999 " .....	3	0	2	2	370
120-149 999 " .....	1	1	1	1	358
150 000 kroner og over .....	1	0	1	1	504
<u>Landsdel</u>					
Oslo og Akershus .....	4	0	1	1	417
Austlandet elles .....	5	1	2	1	583
Agder og Rogaland .....	3	0	2	0	245
Vestlandet .....	5	1	1	1	347
Trøndelag .....	3	0	0	1	195
Nord-Noreg .....	4	0	1	1	211
<u>Har hjelpetrengande i hushaldet</u>					
Ja .....	25	3	13	8	78
Nei .....	2	0	1	1	1 407
Uoppgitt/ikkje aktuelt .....	:	:	:	:	513
<u>Talet på personar over 66 år i hushaldet</u>					
Ingen .....	2	0	1	1	1599
1 .....	13	1	4	1	267
2 .....	15	0	4	2	125

Tabell 17. Andel av hushald med ulike typar hjelp til heimen, i grupper for hushaldstype og disponibel inntekt. Prosent. 1983

	Heime- hjelp	Husmor- vikar	Heime- sjuke- pleie	Leigd hjelp	Talet på hushald
Alle .....	4,1	0,4	1,3	0,8	1 998
Einsleg 16-66 år, under 40 000 kroner .....	8	0	1	1	93
" " " 40 - 59 999 kroner .....	4	0	1	0	67
" " " 60 - 89 999 " .....	1	0	0	0	142
" " " 90 000 kroner og over .....	2	0	0	0	56
Einsleg 67-79 år, under 40 000 kroner .....	31	0	7	0	72
" " " 40 - 59 999 kroner .....	13	0	0	0	38
" " " 60 000 kroner og over .....	13	0	5	3	39
Ektepar uten barn 16-66 år, under 90 000 kroner .....	2	1	2	1	95
" " " " 90 - 119 999 kroner .....	1	1	0	2	101
" " " " 120 - 149 999 " .....	0	1	1	1	85
" " " " 150 000 kroner og over ....	0	0	1	0	72
Ektepar uten barn 67-79 år, under 60 000 kroner .....	15	2	3	2	33
" " " " 60 - 89 999 kroner .....	18	1	4	0	51
" " " " 90 000 kroner og over .....	8	0	2	5	32
Einsleg forsørgjar m/barn 0-19 år, under 60 000 kroner	2	0	2	0	32
" " " " " " 60 - 89 999 kroner .	2	0	0	0	26
" " " " " " 90 000 kroner og over	2	0	1	1	28
Ektepar, yngste barn 0-6 år, under 90 000 kroner .....	1	1	1	2	61
" " " " 90 - 119 999 kroner .....	0	1	0	0	122
" " " " 120 - 149 999 kroner .....	1	2	0	1	89
" " " " 150 000 kroner og over ....	0	1	0	0	79
Ektepar, yngste barn 7-19 år, under 90 000 kroner .....	2	2	0	2	23
" " " " 90 - 119 999 " .....	2	0	0	1	71
" " " " 120 - 149 999 " .....	0	0	0	1	97
" " " " 150 - 199 999 " .....	0	0	0	0	118
" " " " 200 000 kroner og over ...	0	0	0	1	76
Andre hushald, under 90 000 kroner .....	15	0	5	0	31
" " 90 - 119 999 " .....	11	0	8	1	36
" " 120 - 149 999 " .....	6	1	5	2	34
" " 150 - 199 999 " .....	7	0	2	0	48
" " 200 000 kroner og over .....	3	2	3	4	40

Tabell 18. Andel av hushald med ulike typar hjelp til heimen, i grupper for hushaldstype/disponibel inntekt. Prosent. 1980

	Heime- hjelp	Husmor- vikar	Heime- sjuke- pleie	Talet på hushald
Alle .....	4	2	2	3 876
<u>Hushaldstype</u>				
Einsleg 16-44 år .....	2	1	3	283
" 45-66 " .....	3	1	2	276
" 67-79 " .....	20	1	6	261
Ektepar utan barn 16-44 år .....	0	0	0	232
" " " 45-66 " .....	3	0	2	451
" " " 67-79 " .....	13	3	5	231
Einsleg forsørgjar m/barn 0-19 år .....	1	3	0	116
" " " 20 år og over .....	15	3	1	98
Ektepar med 1 barn 0-6 år .....	0	2	0	252
" " 2 " " " .....	1	4	1	160
" " 1 barn 0-6 år og 1 barn 7-19 år .....	0	3	0	135
" " 3 el. fleire barn, derav minst 1 0-6 år ...	2	13	0	179
Ektepar med 1 barn 7-19 år .....	1	1	0	259
" " 2 " " " .....	1	6	0	274
" " 3 el. fleire barn 7-19 år .....	1	2	1	147
Ektepar med barn 20 år og over .....	3	1	3	246
Andre hushald med barn 0-19 år .....	2	6	2	102
" " utan barn 0-19 år .....	5	1	5	173
<u>Inntekt</u>				
Under 42 000 kroner .....	10	2	4	811
42 - 63 999 kroner .....	3	2	2	986
64 - 85 999 " .....	2	2	1	910
86 - 106 999 " .....	1	2	0	617
107 000 kroner og over .....	3	5	2	552

Tabell 19. Andel av hushald med ulike typar hjelp til heimen, i grupper for landsdel/hjelpetrengande i hushaldet. Prosent. 1980

	Heime- hjelp	Husmor- vikar	Heime- sjuke- pleie	Talet på hushald
Alle .....	4	2	2	3 876
<u>Landsdel</u>				
Oslo og Akershus .....	3	2	1	830
Austlandet elles .....	5	2	2	1 177
Agder og Rogaland .....	3	2	1	467
Vestlandet .....	4	4	3	650
Trøndelag .....	4	5	1	379
Nord-Norge .....	6	2	4	374
<u>Har hjelpetrengande i hushaldet</u>				
Ja .....	14	6	11	146
Nei .....	2	3	1	2 866
Uoppgitt/ikkje aktuelt .....	:	:	:	864

Tabell 20. Andel av personar 16-79 år som har utført ulike kulturaktivitetar siste 12 månader, i grupper for kjønn og alder/familiefase. Prosent. 1983

	Lånt bok på biblio- tek	Gått i teater, opera	Gått på konsert med klassisk musikk	Gått på jazz-, vise- konsert	Gått på kunst- utstil- ling	Gått på mu- seum	Talet på personar
Alle .....	30	27	14	17	28	25	3 929
<u>Kjønn og alder</u>							
Menn 16-24 år .....	35	19	5	43	24	24	385
" 25-44 " .....	28	28	12	24	29	29	752
" 45-66 " .....	21	24	17	5	23	22	603
" 67-79 " .....	20	15	11	1	17	16	226
Kvinner 16-24 år .....	51	36	14	37	38	31	346
" 25-44 " .....	39	39	17	19	35	29	755
" 45-66 " .....	26	24	18	4	29	21	595
" 67-79 " .....	17	18	15	1	19	15	267
<u>Familiefase</u>							
Unge einslege heimebuande .....	46	29	9	46	33	30	393
Andre unge einslege .....	50	30	14	42	33	32	139
Einslege 25-44 år .....	38	36	19	43	42	31	176
Gift 16-44 utan barn .....	31	38	11	36	30	27	273
Einslege forsørgjarar .....	31	25	12	15	23	18	95
Gift med barn 0-6 år .....	35	28	11	16	26	25	713
Gift med barn 7-19 år .....	31	29	18	13	31	28	829
Gift 45-66 år utan barn .....	22	26	18	4	28	23	603
Gift 67-79 år utan barn .....	20	11	11	1	18	14	287
Einslege 45-66 år .....	16	24	14	2	21	19	218
Einslege 67-79 år .....	17	22	16	1	19	18	203

Tabell 21. Andel av personar 16-79 år som har utført ulike kulturaktivitetar siste 12 månader, i grupper for disponibel hushaldsinntekt/landsdel/sosioøkonomisk status. Prosent. 1983

	Lånt bok på bibliotek	Gått i teater, opera	Gått på konsert med klassisk musikk	Gått på jazz-, vise-konsert	Gått på kunstutstilling	Gått på museum	Talet på personar
Alle .....	30	27	14	17	28	25	3 929
<b>Disponibel hushaldsinntekt</b>							
Under 60 000 kroner .....	25	21	12	13	22	18	482
60 000 - 89 999 kroner .....	27	21	13	15	23	20	722
90 000 - 119 999 " .....	29	24	11	13	24	24	904
120 000 - 149 999 " .....	33	31	16	20	31	27	755
150 000 kroner og over .....	35	34	18	22	36	30	999
<b>Landsdel</b>							
Oslo og Akershus .....	31	46	19	19	38	37	777
Austlandet elles .....	31	22	10	15	23	26	1 136
Agder og Rogaland .....	30	26	9	18	30	21	502
Vestlandet .....	29	26	21	20	30	22	706
Trøndelag .....	26	25	15	18	23	21	379
Nord-Noreg .....	34	12	11	16	22	14	429
<b>Sosioøkonomisk status</b>							
Ufaglærte arbeidarar .....	19	13	5	12	13	13	510
Faglærte arbeidarar .....	22	20	10	15	16	18	282
Funksjonærar, lågre nivå .....	34	34	15	15	32	25	400
" mellomnivå .....	42	46	23	30	43	39	589
" høgre nivå .....	37	50	33	23	57	50	270
Jordbrukarar, fiskarar .....	17	15	10	9	13	19	135
Andre sjølvstendige .....	21	24	14	16	28	24	160
Elevar, studentar .....	60	39	15	51	49	40	313
Pensjonistar .....	19	14	11	1	17	14	636
Heimearbeidande .....	29	21	11	9	22	20	448
Andre .....	26	24	16	13	20	21	62

Tabell 22. Gjennomsnittleg tal på gonger som personar har utført ulike kulturaktivitetar, i grupper for kjønn og alder. 1983

	Lånt bok på bibliotek	Gått i teater, opera	Gått på konsert med klassisk musikk	Gått på jazz-, vise-konsert	Gått på kunstutstilling	Gått på museum	Talet på personar
Alle .....	4,5	1,2	0,7	0,8	1,3	0,9	3 929
<b>Kjønn og alder</b>							
Menn 16-24 år .....	4,1	0,8	0,2	2,4	0,8	0,8	385
" 25-44 " .....	3,7	1,1	0,6	1,2	1,2	1,1	752
" 45-66 " .....	3,2	1,1	0,8	0,2	1,3	0,9	603
" 67-79 " .....	3,9	0,8	0,5	0,0	0,8	0,6	226
Kvinner 16-24 år .....	6,5	1,8	0,8	1,7	1,7	1,2	346
" 25-44 " .....	6,2	1,6	0,7	0,8	1,7	1,0	755
" 45-66 " .....	4,1	1,2	1,0	0,1	1,7	0,9	595
" 67-79 " .....	4,0	0,8	0,7	0,0	0,9	0,5	267

Tabell 23. Bruk av helsetenester for personar, i grupper for kjønn og alder/familiefase. 1983

	Kontakt med lege siste 2 uker		Fysioterapi- behandling siste 12 månader		Innlagt i sjukehus m.m. siste 12 månader		Talet på personar
	Med kon- takt. Andel	Talet på legekons- takter pr. 1 000 personar	Med be- hand- ling. Andel	Talet på behand- lingar pr. 1 000 personar	Inn- lagt. Andel	Talet på liggje- dagar pr. 1 000 personar	
	Pro- sent		Pro- sent		Pro- sent		
Alle .....	16	261	12	1 752	11	1 707	3 929
<b>Kjønn og alder</b>							
Menn 16-24 år .....	10	148	10	1 189	7	802	385
" 25-44 " .....	13	191	9	1 080	5	752	752
" 45-66 " .....	16	288	13	1 756	11	1 955	603
" 67-79 " .....	16	335	8	941	12	1 888	226
Kvinner 16-24 år .....	17	265	9	1 177	17	1 372	346
" 25-44 " .....	17	287	13	2 259	17	2 190	755
" 45-66 " .....	19	311	17	2 948	11	2 644	595
" 67-79 " .....	20	298	12	1 772	11	1 962	267
<b>Familiefase</b>							
Unge einslege hjå foreldre .....	12	183	12	1 445	9	1 008	393
Andre unge einslege .....	14	259	9	1 290	7	577	139
Einslege 25-44 år .....	17	257	11	1 194	8	2 029	176
Gifte 16-44 år utan barn .....	18	237	11	1 568	12	1 922	273
Einslege forsørgjarar .....	21	362	16	2 390	25	3 000	95
Gifte, yngste barn 0-6 år .....	14	233	10	1 202	13	1 017	713
" " " 7-19 år .....	15	220	13	2 093	9	1 450	829
Gifte, 45-66 år, utan barn .....	18	303	12	2 028	11	1 913	603
" 67-79 " " " .....	18	310	11	1 488	12	2 151	287
Einslege 45-66 år .....	24	388	23	3 595	15	4 861	218
" 67-79 " .....	19	327	10	1 226	10	1 517	203

Tabell 24. Bruk av helsetenester for personar, i grupper for landsdel/disponibel hushaldsinntekt/sosioøkonomisk status. 1983

	Kontakt med lege siste 2 uker		Fysioterapi- behandling siste 12 månader		Innlagt i sjukehus m.m. siste 12 månader		Talet på personar
	Med kon- takt. Andel	Talet på legekon- takter pr. 1 000 personar	Med be- hand- ling. Andel	Talet på behand- lingar pr. 1 000 personar	Inn- lagt. Andel	Talet på liggje- dagar pr. 1 000 personar	
	Pro- sent		Pro- sent		Pro- sent		
Alle .....	16	261	12	1 752	11	1 707	3 929
<u>Landsdel</u>							
Oslo og Akershus .....	17	289	14	2 010	11	1 706	777
Austlandet elles .....	18	293	14	2 065	11	1 781	1 136
Agder og Rogaland .....	12	192	10	1 352	12	1 143	502
Vestlandet .....	15	256	10	1 397	11	1 593	706
Trøndelag .....	21	274	12	1 686	12	1 770	379
Nord-Noreg .....	13	198	11	1 572	12	1 959	429
<u>Disponibel hushaldsinntekt</u>							
Under 60 000 kroner .....	21	376	14	2 297	14	3 390	482
60 - 89 999 kroner .....	19	318	12	1 663	13	1 801	722
90 - 119 999 " .....	14	192	11	1 652	10	1 410	904
120 - 149 999 " .....	15	254	12	1 732	10	1 058	755
150 000 kroner og over .....	15	225	12	1 688	10	1 494	999
<u>Sosioøkonomisk status</u>							
Ufaglærte arbeidarar .....	17	254	15	2 037	12	1 325	510
Faglærte " .....	17	286	12	1 355	10	1 227	282
Funksjonærar, lågare nivå .....	15	209	15	2 173	12	1 587	400
" mellomnivå .....	14	233	12	1 635	7	757	589
" høgt nivå .....	14	229	11	1 791	6	696	270
Jordbrukarar, fiskarar .....	12	179	10	1 259	4	336	135
Andre sjølvstendige .....	16	210	9	1 076	11	2 096	160
Elevar, studentar .....	13	202	9	1 257	7	476	313
Pensjonistar .....	22	392	12	2 032	15	3 823	636
Heimearbeidande .....	18	284	10	1 617	19	2 398	448
Andre .....	11	177	15	1 758	6	1 339	62

Tabell 25. Andel som har delteke i vaksenoppl ring siste 12 m nader og gjennomsnittleg tal p  kurs, i grupper for kj nn og alder/landsdel/inntekt. 1983

	Andel med vaksenoppl�ring	Gjennomsnittleg tal p� brevkurs	Gjennomsnittleg tal p� andre kurs	Talet p� personar
	Pst.	Antal	Antal	
Alle .....	7	0,03	0,07	3 929
<u>Kj�nn og alder</u>				
Menn 16-24 �r .....	7	0,06	0,06	385
" 25-44 " .....	7	0,03	0,10	752
" 45-66 " .....	4	0,02	0,05	603
" 67-79 " .....	2	0,01	0,02	226
Kvinner 16-24 �r .....	10	0,05	0,09	346
" 25-44 " .....	11	0,04	0,11	755
" 45-66 " .....	7	0,04	0,05	595
" 67-79 " .....	2	0,00	0,03	267
<u>Landsdel</u>				
Oslo og Akershus .....	9	0,04	0,11	777
Austlandet elles .....	6	0,02	0,06	1 136
Agder og Rogaland .....	9	0,04	0,08	502
Vestlandet .....	6	0,05	0,04	706
Tr�ndelag .....	5	0,03	0,08	379
Nord-Noreg .....	6	0,03	0,07	429
<u>Hushaldsinntekt</u>				
Under 60 000 kroner .....	5	0,01	0,05	482
60 000 - 89 999 kroner .....	6	0,04	0,05	722
90 000 - 119 999 " .....	8	0,04	0,08	904
120 000 - 149 999 " .....	6	0,02	0,08	755
150 000 kroner og over .....	9	0,05	0,09	999



Tabell 26. Andel som har delteke i vaksenopplæring siste 12 månader og gjennomsnittleg tal på kurs, i grupper for familiefase/sosioøkonomisk status. 1983

	Andel med vaksenopplæring	Gjennomsnittleg tal på brevkurs	Gjennomsnittleg tal på andre kurs	Talet på personar
	Pst.	Antal	Antal	
Alle .....	7	0,03	0,07	3 929
<u>Familiefase</u>				
Unge einslege heimebuande .....	8	0,06	0,06	393
Andre unge einslege .....	9	0,07	0,08	139
Einslege 25-44 år .....	8	0,03	0,05	176
Giftede 16-44 år utan barn .....	11	0,03	0,12	273
Einslege forsørgjarar .....	6	0,04	0,04	95
Giftede med barn 0-6 år .....	9	0,03	0,11	713
Giftede med barn 7-19 år .....	8	0,04	0,08	829
Giftede 45-66 år utan barn .....	5	0,03	0,05	603
Giftede 67-79 år utan barn .....	2	0	0,02	287
Einslege 45-66 år .....	5	0,03	0,06	218
Einslege 67-79 år .....	3	0,01	0,03	203
<u>Sosioøkonomisk status</u>				
Ufaglærte arbeidarar .....	5	0,03	0,05	510
Faglærte arbeidarar .....	7	0,04	0,06	282
Funksjonærar, lågare nivå .....	8	0,04	0,06	400
" mellomnivå .....	12	0,07	0,13	589
" høgare nivå .....	9	0,04	0,13	270
Jordbrukarar, fiskarar .....	5	0,04	0,01	135
Andre sjølvstendige .....	5	0,01	0,07	160
Elevar, studentar .....	7	0,02	0,07	313
Pensjonistar .....	3	0	0,04	636
Heimearbeidande .....	9	0,04	0,10	448
Andre .....	5	0,03	0,03	62

Tabell 27. Andel som har delteke i vaksenopplæring siste 12 månader, i grupper for hushaldstype og disponibel hushaldsinntekt. Prosent. 1983

	Andel med vaksen- opplæring	Talet på personar
Alle .....	7	3 929
Einslege 16-66 år, under 40 000 kroner .....	3	93
"  "  "  40 000 - 59 999 kroner .....	10	67
"  "  "  60 000 - 89 999 " .....	10	141
"  "  "  90 000 kroner og over .....	0	56
Einslege 67-79 år, under 40 000 kroner .....	3	72
"  "  "  40 000 - 59 999 kroner .....	3	38
"  "  "  60 000 kroner og over .....	3	39
Ektepar 16-66 år utan barn, under 90 000 kroner .....	4	186
"  "  "  "  "  90 000 - 119 999 kroner .....	6	201
"  "  "  "  "  120 000 - 149 999 " .....	7	169
"  "  "  "  "  150 000 kroner og over .....	11	116
Ektepar 67-79 år utan barn, under 60 000 kroner .....	0	62
"  "  "  "  "  60 000 - 89 999 kroner .....	1	98
"  "  "  "  "  90 000 kroner og over .....	5	60
Einslege forsørgjarar med barn 0-19 år, under 60 000 kroner ..	6	36
"  "  "  "  "  "  60 000 - 89 999 kroner ..	16	38
"  "  "  "  "  "  90 000 kroner og over ..	5	63
Ektepar med yngste barn 0-6 år, under 90 000 kroner .....	7	122
"  "  "  "  "  "  90 000 - 119 999 kroner .....	9	246
"  "  "  "  "  "  120 000 - 149 999 " .....	9	183
"  "  "  "  "  "  150 000 kroner og over .....	12	171
Ektepar med yngste barn 7-19 år, under 90 000 kroner .....	4	52
"  "  "  "  "  "  90 000 - 119 999 kroner .....	8	170
"  "  "  "  "  "  120 000 - 149 999 " .....	5	256
"  "  "  "  "  "  150 000 - 199 999 " .....	10	357
"  "  "  "  "  "  200 000 kroner og over .....	9	259
Andre hushald, under 90 000 kroner .....	5	63
"  "  90 000 - 119 999 kroner .....	10	82
"  "  120 000 - 149 999 " .....	5	89
"  "  150 000 - 199 999 " .....	6	145
"  "  200 000 kroner og over .....	8	138

Tabell 28. Andel av hushald som mottok ulike offentlege overføringar i 1982, i grupper for hushaldstype. Prosent

	Arbeids- løyse- stønad	Bu- stønad	Sosial- hjelp	Dag- pengar til verne- pliktige	Grunn- eller hjelpe- stønad	Utdan- nings- stipend	Skatte- pliktige yttingar frå folke- trygda	Talet på hushald
Alle .....	7	7	2	3	6	10	34	1 998
<b>Hushaldstype</b>								
Einsleg 16-44 år .....	6	1	1	3	2	22	3	181
" 45-66 " .....	2	10	4	0	7	0	53	177
" 67-79 " .....	0	17	4	0	11	0	98	149
Ektepar utan barn 16-44 år .....	10	0	1	5	3	21	4	125
" " " 45-66 " .....	7	3	0	0	10	0	39	234
" " " 67-79 " .....	1	8	1	0	15	0	99	116
Einsleg forsørgjar m/barn 0-19 år ...	5	30	8	1	3	16	53	86
" " " 20 år og over .....	16	4	3	1	6	8	83	40
Ektepar med 1 barn 0-6 år .....	7	8	1	6	1	9	6	110
" " 2 " " " .....	8	8	1	8	3	1	4	78
" " 1 " " " og 1 barn 7-19 år ...	6	10	1	5	2	4	10	82
" " 3 el. fleire barn, derav minst 1 barn 0-6 år ...	5	11	1	3	1	7	3	83
Ektepar med 1 barn 7-19 år .....	11	2	1	5	7	22	17	144
" " 2 " " " .....	8	2	0	2	4	11	7	161
" " 3 el. fleire barn 7-19 år	11	5	0	4	5	19	6	81
Ektepar med yngste barn 20 år og over	17	1	0	6	11	22	43	78
Andre hushald med barn 0-19 år .....	13	10	13	4	11	18	63	35
" " utan " " " .....	9	5	1	1	12	6	76	39

Tabell 29. Andel av hushald som mottok ulike offentlege overføringar i 1982, i grupper for disponibel inntekt/landsdel. Prosent

	Arbeids- løyse- stønad	Bu- stønad	Sosial- hjelp	Dag- pengar til verne- pliktige	Grunn- eller hjelp- stønad	Utdan- nings- stipend	Skatte- pliktige frå folke- trygda	Talet på hushald
Alle .....	7	7	2	3	6	10	34	1 998
<u>Disponibel inntekt</u>								
Under 60 000 kroner .....	2	14	5	0	11	13	67	349
60 000- 89 999 kroner .....	6	7	1	2	6	6	43	381
90 000-119 999 " .....	9	7	1	3	6	8	31	370
120 000-149 999 " .....	9	5	1	2	4	7	18	358
150 000 kroner og over .....	8	3	1	5	6	13	17	504
<u>Landsdel</u>								
Oslo og Akershus .....	2	4	2	2	6	7	30	417
Austlandet elles .....	8	8	2	2	7	8	38	583
Agder og Rogaland .....	9	6	2	5	5	10	28	245
Vestlandet .....	8	6	1	3	6	11	33	347
Trøndelag .....	6	7	1	3	6	11	36	195
Nord-Noreg .....	10	11	2	2	8	15	36	211

Tabell 30. Andel av hushald som mottok ulike offentlege overføringar i 1982, i grupper for hushalds-  
 type og disponibel inntekt. Prosent

	Arbeids- løyse- stønad	Bu- stønad	Sosial- hjelp	Dag- pengar til verne- pliktige	Grunn- eller hjelp- stønad	Utdan- nings- stipend	Skatte- pliktige yttingar frå folke- trygda	Talet på hushald
Alle .....	7	7	2	3	6	10	34	1 998
Einsleg 16-66 år, under 40 000 kroner	2	11	7	0	12	34	49	93
" " " 40 000-59 999 "	4	10	3	0	6	9	43	67
" " " 60 000-89 999 "	4	1	0	2	0	0	12	142
" " " 90 000 kroner og over .....	5	0	0	4	0	4	7	56
Einsleg 67-79 år, under 40 000 kroner	0	29	8	0	17	0	97	72
" " " 40 000-59 999 "	0	5	0	0	8	0	97	38
" " " 60 000 kroner og over .....	0	3	0	0	3	0	100	39
Ektepar utan barn 16-66 år, under 90 000 kroner .....	6	6	2	3	13	16	42	95
Ektepar utan barn 16-66 år, 90 000-119 999 kroner .....	11	1	1	1	8	8	34	101
Ektepar utan barn 16-66 år, 120 000-149 999 kroner .....	10	0	0	3	5	2	16	85
Ektepar utan barn 16-66 år, 150 000 kroner og over .....	2	1	0	0	2	1	11	72
Ektepar utan barn 67-79 år, under 60 000 kroner .....	0	18	3	0	22	0	100	33
Ektepar utan barn 67-79 år, 60 000-89 999 kroner .....	1	6	0	0	14	0	99	51
Ektepar utan barn 67-79 år, 90 000 kroner og over .....	2	0	0	0	9	0	97	32

Tabell 30 (framh.). Andel av hushald som mottok ulike offentlege overføringar i 1982, i grupper for hushaldstype og disponibel inntekt. Prosent

	Arbeids- løyse- stønad	Bu- stønad	Sosial- hjelp	Dag- pengar til verne- pliktige	Grunn- eller hjelp- stønad	Utdan- nings- stipend	Skatte- pliktige ytningar frå folke- trygda	Talet på hushald
Einsleg forsørgjar m/barn 0-19 år, under 60 000 kroner .....	0	40	16	0	6	13	75	32
Einsleg forsørgjar m/barn 0-19 år, 60 000-89 999 kroner .....	6	35	7	0	4	17	41	26
Einsleg forsørgjar m/barn 0-19 år, 90 000 kroner og over .....	9	15	0	3	0	18	38	28
Ektepar, yngste barn 0-6 år, under 90 000 kroner .....	8	16	2	7	2	10	6	61
Ektepar, yngste barn 0-6 år, 90 000-119 999 kroner .....	7	11	2	7	2	6	6	122
Ektepar, yngste barn 0-6 år, 120 000-149 999 kroner .....	10	8	1	3	2	2	6	89
Ektepar, yngste barn 0-6 år, 150 000 kroner og over .....	3	4	0	4	3	6	4	79
Ektepar, yngste barn 7-19 år, under 90 000 kroner .....	18	8	0	4	7	22	17	23
Ektepar, yngste barn 7-19 år, 90 000-119 999 kroner .....	7	6	1	3	5	14	13	71
Ektepar, yngste barn 7-19 år, 120 000-149 999 kroner .....	11	2	0	2	5	9	8	97
Ektepar, yngste barn 7-19 år, 150 000-199 999 kroner .....	8	1	0	4	5	18	11	118
Ektepar, yngste barn 7-19 år, 200 000 kroner og over .....	10	1	0	5	5	24	9	76
Andre hushald, under 90 000 kroner ..	15	6	9	3	11	11	73	31
" " 90 000-119 999 kroner	15	9	3	2	9	16	79	36
" " 120 000-149 999 "	13	4	2	2	12	14	70	34
" " 150 000-199 999 "	15	2	3	5	12	18	48	48
" " 200 000 kroner og over	15	1	2	7	7	15	47	40

#### 4. INNTEKT OG SAMLA OFFENTLEGE OVERFØRINGAR OG TENESTER SETT I SAMANHENG

##### 4.1. Innleiing

I dette kapitlet vil vi ta opp tre problemstillingar.

1. Kor mykje får dei ulike gruppene av hushald i offentlege overføringar samla og sett i forhold til inntekt?
2. I kor stor grad fører desse offentlege overføringane og tenestene til noko utjamning av inntektsskilnader mellom ulike grupper?
3. Kva samanheng er det mellom dei ulike overføringane og tenestene?

For å koma nærare inn på desse spørsmåla, er det naudsynleg å rekna alle ytingane i ei felles måleining, nemleg kroner og øre. Når det gjeld overføringane, er ikkje dette noko problem. Derimot er det mange problem forbunde med korleis offentlege tenester skal reknast om til pengar. Felles for desse problema er at det ikkje finst nokon klår metode for korleis desse tenestene skal verdsetjast - kva prisar som skal brukast ved omrekninga. Offentlege tenester er enten gratis eller har sterkt reduserte prisar som ikkje avspeglar den nytte dei enkelte personane har av tenesta.

Mange kan dessutan ha nytte av offentlege tenester sjølv om dei ikkje direkte brukar tenestene sjølv. Ein kan til dømes vera svært interessert i å ha eit godt utbygd helsevesen som ein veit står til disposisjon, sjølv om ein ikkje sjølv er sjuk.

Offentlege tenester har også ofte fleire føremål eller skal koma fleire typar brukarar til gode. I helsevesenet skjer til dømes både forskning, utdanning og førebyggjande arbeid i tillegg til behandling av sjuke. Utgiftene bør difor delast på desse ulike brukarane.

Helsetenestene kjem dessutan i ei noko spesiell stilling her. For dei fleste offentlege tenester gjeld vanlegvis at mottakarane sjølv må yta ein innsats for å få godet. Dette gjeld til dømes ved bruk av utdanning, vegar, kulturtilbod o.l. Bruken av desse tilboda må vi også gå ut frå gir brukarane ein viss auke i eiga totalnytne. Tenester frå helsevesenet gir også stor nytte til dei som er sjuke, men når dei er friske igjen, er ikkje det totale nyttenivået deira noko særleg høgare enn kva som var tilfelle før sjukdomen, kanskje heller tvert om på grunn av andre ulemper ved sjukdomen som redusert inntekt i perioden o.l. Det er difor nokså urimeleg å leggja eit sjukehusopphald som har kosta 100 000 kroner til inntekta til vedkomande person og samanlikne dette med ei tilsvarande inntekt på 100 000 kroner for ein annen person.

Framgangsmåten som er nytta i denne rapporten, er nærare omtala i vedlegg 2. Den går i korte trekk ut på at dei samla offentlege utgiftene blir fordelte på dei enkelte hushalda i forhold til ein indikator på forbruket som vi har frå LKU-83. Kva indikatorar som er brukte, går fram av tabell B i vedlegg 2. For heimehjelp veit vi t.eks. kor mange timar heimehjelp kvart hushald har fått i ein viss periode. Dei samla utgiftene til heimehjelp er difor fordelte mellom hushalda i forhold til kor mange timar heimehjelp hushalda har fått.

For ein del ytingar kjenner vi berre forbruket til ein person i kvart hushald. Forbruket for dei andre personane i hushaldet er då rekna ut på grunnlag av kjennskap til forholdet mellom forbruket i ulike grupper for kjønn og alder.

På denne måten har vi for kvart hushald kome fram til eit overslag over verdien på den mengde av ei offentlig teneste som hushaldet har mottatt. For kvart hushald er det nok knytta feilkjelder til dette overslaget - også som følgje av framgangsmåten ved utrekninga. Men når vi slår fleire hushald saman i grupper og studerer gjennomsnittsförbruket i ulike grupper, vil feilen bli vesentleg redusert.

Ved denne framgangsmåten har vi i lita grad tatt omsyn til dei problema som er nemnde ovanfor. Talkinga av resultatata må ein difor sjå i relasjon til dette. Vi har berre fordelt utgiftene på dei som direkte har brukt tenestene sjølv om andre også kan ha nytte av desse offentlige tilboda. Utgiftene til kvar teneste er dessutan fordelte etter berre ein forbruksindikator sjølv om nokre tenester består av fleire deltenester. Utrekningane må ein difor sjå på som ein første grov tilnærming til den verdien

av offentlege tenester som enkelthushald mottar. Problema som er nemnde ovanfor, er nok særleg store for sjukehus tenester og delvis også utdanningstenester. Ein må difor vera spesielt varsom ved tolkinga av desse resultatane. Desse tenestene er difor også tatt med her først og fremst for å visa storleiksordenen i fordelinga mellom desse tenestene og andre tenester som vi er meir opptatt av i denne rapporten.

Det er også problematisk å summera saman inntekter og verdi av mottatte offentlege tenester. Verdien av offentlege tenester kan jo ikkje som inntekt eller offentlege overføringar brukast fritt. Det er difor ikkje gitt at eit hushald som har 10 000 kroner lågare disponibel inntekt enn eit anna hushald, får fullt ut kompensert for denne skilnaden ved å få ein offentlig teneste til ein verdi av 10 000 kroner. Også dette må vi ha i minne ved tolkinga av resultatane i dette kapitlet.

På denne bakgrunn har vi stilt opp inntektsrekneskap for hushald i grupper for hushaldstype og inntekt i tabellane 36-46 og 48-49. Kva som går inn i dei ulike inntektspostane er nærare omtala i kap. 2 side 16.

#### 4.2. Samanheng mellom samla offentlege ytingar og inntekt

Tabellane 31-32 viser samla offentlege overføringar og tenester i forhold til nettoinntekt. Gjennomsnittshushaldet fekk etter dette 5 700 kroner i samla offentlege overføringar i 1982. Dette beløpet inkluderer barnetrygd, forsørgjarstønad/frådrag, bustønad, utdanningsstipend, sosialhjelp, dagpengar m.m. til vernepliktige, grunn- og hjelpestønad og arbeidsløsestønad. Skattepliktige ytingar elles frå folketrygda er altså ikkje med. I alt utgjorde desse overføringane 5 prosent av nettoinntekta på 113 800 kroner i gjennomsnittshushaldet. Tabell 36 viser at mestedelen av overføringane på 5 700 kroner var barnetrygd og forsørgjarstønad/frådrag med i alt 3 500 kroner.

Gjennomsnittshushaldet fekk tilsvarende offentlege tenester til ein verdi av om lag 22 000 kroner i 1982. Dette beløpet omfatter ikkje alle offentlege tenester. Dei tenestene som går inn i dette beløpet, er hjelp i heimane, lege- og fysioterapiteneste, barnehage, nokre kulturtilbod, utdanning og behandling i sjukehus. Verdien av desse offentlege tenestene var 19 prosent av nettoinntekta i gjennomsnittshushaldet. Av beløpet på 22 000 kroner er utdanningstenester den klart største med over 12 000 kroner (tabell 36). Deretter kjem behandling i sjukehus med 6 300 kroner. Dei offentlege tenestene som vi har konsentrert oss mest om i denne rapporten - barnehage, hjelp i heimane og kulturtenester - utgjør derimot berre mindre beløp i denne samanhengen. Ved vurdering av desse tala må vi også ta med at gjennomsnittshushaldet i 1982 fekk skattepliktige overføringar frå folketrygda på nesten 15 000 kroner.

Desse tala er for så vidt nokså trivielle. Dei kan ein også få direkte frå tabell A i vedlegg 2 ved å dividera tala der med samla tal på hushald i landet som er om lag 1,55 mill. Det som er interessant her, er å sjå korleis desse overføringane og tenestene fordeler seg på ulike typar av hushald og inntektsgrupper. Dette går fram av tabellane 31-32. Tabellane 36-46 gir meir detaljerte oppgåver. Einslege og ektepar utan barn får mindre i offentlege overføringar og tenester enn gjennomsnittet (tabell 31). Dette gjeld både i absolutte tal og i forhold til nettoinntekta. Sett i forhold til inntekta, synest det å vera liten samanheng mellom mottatte overføringar/tenester og alder i desse hushalda. Dette kan kanskje vera noko overraskande, men skyldest at dei ulike overføringane og tenestene motverkar kvarandre når vi ser på desse grove hushaldsgruppene. Av tabell 36 ser vi at både arbeidsløsestønad, utdanningsstipend og dagpengar til vernepliktige går klart ned med alder, mens bustøtte og grunn- og hjelpestønad aukar. Det same gjeld utdanningstenester som først og fremst gjeld dei yngste, mens helsetenester og hjelp i heimane i større grad gjeld dei eldre. Målt i absolutte tal får likevel yngre einslege og ektepar vesentleg meir i offentlege tenester enn dei eldre. Skilnaden her skyldest først og fremst utdanningstenester.

Einslege forsørgjarar med barn under 20 år er den gruppa som får relativt mest av offentlege overføringar og tenester i forhold til nettoinntekta si (dei fleste skattepliktige offentlege overføringar er då ikkje rekna med). I 1982 fekk desse overføringar og tenester som tilsvarer respektive 16 og 42 prosent av nettoinntekta, eller i alt nesten 60 prosent av ei gjennomsnittleg nettoinntekt på 81 600 kroner. Det er barnetrygd, bustønad og sosialhjelp som er dei største overføringane, mens utdanning, barnehage og behandling i sjukehus er dei største tenestene.



Ser vi alle ektepar med barn under 20 år under ett, fekk desse i gjennomsnitt 10 300 kroner i overføringar og 33 900 kroner i tenester i 1982, eller respektive 7 og 23 prosent av gjennomsnittleg nettoinntekt på 144 700 kroner. Men tabell 31 viser at det er store skilnader her mellom dei ulike barnefamiliane, og at både overføringane og tenestene aukar sterkt med talet på barn i hushaldet. Her er det sjølvsagt barnetrygda som utgjer størstedelen av overføringane, mens barnehagar og utdanning ligg bak auken i tenestene. Av denne grunn får også hushald med mange barn og/eller barn i skulealder overføringar og tenester som ligg langt over gjennomsnittet. Hushald med 3 eller fleire barn 7-19 år fekk til dømes gjennomsnitt 16 000 kroner i overføringar og 65 800 kroner i tenester i 1982. Dette tilsvarer 47 prosent av nettoinntekta deira på nesten 175 000 kroner.

Gruppa "Andre hushald med barn 0-19 år" får også store offentlege overføringar og tenester. Denne gruppa består ofte av 3 generasjonar, dvs. at det både er barn under utdanning og eldre med mykje bruk av helsetenester. I tillegg til barnetrygd får denne gruppa også relativt mykje i sosialhjelp og arbeidsløystønad.

Tabell 32 viser korleis dei samla offentlege overføringane og tenestene varierer med nettoinntekta i ulike hushaldstypar. Vi ser her at det er ein sterk samanheng mellom desse ytingane og inntekt innan alle hushaldstypene. Hushald med låg inntekt får store overføringar og tenester, mens hushald med dei høgaste inntektene får svært lite. Dette er særleg tydeleg blant einslege og ektepar utan barn. Einslege personar under pensjonsalder med under 40 000 kroner i nettoinntekt får til dømes offentlege ytingar som tilsvarer om lag 80 prosent av nettoinntekta deira. Einslege i same aldersgruppe men med over 90 000 kroner i nettoinntekt, får tilsvarande offentlege ytingar som utgjer 5 prosent av nettoinntekta. Rekna i kroner er dei offentlege ytingane i den første gruppa nesten fire gonger så store som i den siste gruppa. Blant einslege i dei lågaste inntektsgruppene er det mange studentar eller personar med pensjon. Det er difor ikkje overraskande at desse får store tenester gjennom utdanning og behandling på sjukehus. Einslege i dei høgare inntektsgruppene er derimot først og fremst personar i inntektsgivande arbeid.

For ektepar 16-66 år utan barn er forholda mykje den same som for unge einslege.

Einslege pensjonistar og pensjonistektepar med låg inntekt får også mykje meir i overføringar og tenester enn tilsvarande grupper med høgare inntekter. Av tabellane 40 og 42 ser vi at det særleg er sjukehusstenester og hjelp i heimane som ligg bak dette. For overføringane sin del er det særleg bustønaden som slår ut for dei lågaste inntektsgruppene.

Som vi har nemnt før, er einslege forsørgjarar den gruppa som får relativt mest i offentlege ytingar (tabell 32). Men også blant desse er det store skilnader etter inntekt. Einslege forsørgjarar som hadde under 60 000 kroner i nettoinntekt, fekk såleis offentlege ytingar som var like store som nettoinntekta. Når inntekta var over 90 000 kroner, utgjorde dei offentlege ytingane derimot om lag ein tredjedel av inntekta. Vi ser likevel at offentlege tenester målt i kroner aukar med aukande inntekt. Dette skyldest først og fremst ein sterk auke i utdanningstenester (tabell 43). Nedgangen i overføringane når inntekta aukar skyldest derimot ei sterk nedgang i sosialhjelp og bustønad.

Blant ektepar med barn synest dei offentlege ytingane å vera om lag like store i alle inntektsgrupper. Sett i prosent av nettoinntekta går dei klårt ned med aukande inntekt. Dette skyldest at overføringane her i stor grad er barnetrygd og forsørgjarfrådrag/stønad og desse blir gitt til alle uansett inntekt (tabell 44-45). Ein stor del av tenestene er dessutan utdanningstenester som berre viser ein svak auke med aukande inntekt. Blant småbarnsfamiliane aukar dessutan offentlege barnepass-tenester sterkt med inntekta (tabell 44).

Tabell 32 tyder altså på ein sterk samanheng mellom inntekt og offentlege ytingar i alle hushaldstypar. Dessutan er det store nivåskilnader mellom dei ulike hushaldstypene. Men som vi har sett, er det i stor grad overføringane til barnefamiliane i form av barnetrygd og forsørgjarfrådrag/stønad og utdannings- og sjukehusstenester som ligg bak desse samhengane. Desse ytingane er jo mykje større i omfang enn dei fleste andre overføringane og tenestene som går inn i denne analysen (jf. tabell A i vedlegg 2). I tabell 33 ser vi difor på overføringar og tenester i forhold til nettoinntekt når desse store ytingane er haldne utanfor. Vi ser då at samhengene med nettoinntekt framleis går i same retning som før, om enn ikkje like sterkt. I alle hushaldstypene er det dei lågaste inntektsgruppene som får størst overføringar og tenester både absolutt og i forhold til inntekta. Det einaste unnataket her er småbarnsfamiliar der tenestene målt i kroner viser ein klårt auke med aukande inntekt. Dette skyldest offentleg barnepass som aukar klårt med inntekt (tabell 44).

#### 4.3. Utjamning av inntektsskilnader

Det neste spørsmålet vi skal sjå på, er om desse offentlege overføringane og tenestene fører til noko utjamning i inntekt mellom dei ulike gruppene. Nå har vi sett at det er ein sterk negativ samanheng mellom desse ytingane og inntekt. Desse ytingane må då verka utjamnande på inntektsforholda. Spørsmålet er kor mykje det kan vera snakk om.

Vi vil her studera dette ved å sjå det i forhold til kva effekt også trygdesystemet og skattesystemet har på inntektene. Vi har valt å ta utgangspunkt i gjennomsnittsinntekta i dei ulike gruppene og sjå på korleis denne endrar seg som følgje av trygder, skatt, overføringar og tenester. Metoden kan delast i tre punkt:

Vi ser for det første på følgjande inntektsomgrep.

- A. Samla privat inntekt
- B. Bruttoinntekt
- C. Nettoinntekt
- D. Disponibel inntekt ekskl. barnetrygd, forsørgjarfrådrag/stønad og utdanningsstipend
- E. Disponibel inntekt
- F. Disponibel inntekt pluss tenestene hjelp i heimane, lege og fysioterapi, barnepass og kultur (I)
- G. Disponibel inntekt pluss alle offentlege tenester som er med i denne analysen (II)

Samanhengen mellom desse inntektsomgrepa er nærare omtala i kap. 2.3.

Endringane mellom dei ulike inntektsomgrepa viser følgjande:

Endring A-B: Verknad av trygdesystemet inklusive arbeidsløysestønad og tenestepensjon

Endring B-C: Verknad av skatt på inntekt og formue

Endring C-D: Verknad av bustønad, sosialhjelp, dagpengar til vernepliktige og grunn/hjelpestønad

Endring D-E: Verknad av barnetrygd, forsørgjarstønad/frådrag og utdanningsstipend

Endring E-F: Verknad av hjelp i heimane, lege- og fysioterapiteneste, barnepass og kulturtenester

Endring F-G: Verknad av utdannings- og sjukehusenester

For det andre er hushalda grupperte på same måte som i tabell 32, dvs. etter hushaldstype og nettoinntekt. Dette betyr at uansett kva inntektsomgrep A-G som vi studerer her, så er hushalda grupperte etter nettoinntekt. Vi vil dermed kunne studera korleis inntektene til hushald i same nettoinntektsgruppe blir påverka av trygd, skattar, overføringar og tenester.

For det tredje ser vi på forholdet mellom gjennomsnittsinntekta i dei ulike hushaldsgruppene og gjennomsnittsinntekta for alle hushalda under eitt. På denne måten vil vi sjå kor mykje betre eller dårlegare ei gruppe kjem ut i forhold til gjennomsnittet til dømes som følgje av skattesystemet eller overføringssystemet.


Eit eksempel kan gjera dette klårare. Tabell 36 viser at gjennomsnittshushaldet hadde 151 200 kroner i bruttoinntekt og 113 800 kroner i nettoinntekt i 1982. Etter tabell 39 hadde einslege 16-66 år med ei nettoinntekt under 40 000 kroner ei bruttoinntekt på 30 100 kroner. Dette er 20 prosent av bruttoinntekta i gjennomsnittshushaldet. Desse einslege hadde dessutan i gjennomsnitt 26 900 kroner i nettoinntekt. Dette er 24 prosent av nettoinntekta for gjennomsnittshushaldet. Forskjellen mellom brutto- og nettoinntekt skyldest inntektsskattesystemet. I dette eksempelet kan vi difor konkludera med at einslege 16-66 år med låg inntekt har betra stillinga si gjennom skattesystemet sett i forhold til gjennomsnittshushaldet.

Dette gjeld når vi ser heile gruppa av einslege 16-66 år med nettoinntekt under 40 000 kroner under eitt. Korleis skattesystemet slår ut for dei enkelte personane i denne gruppa, seier vi ikkje noko om. Av ulike grunnar kan nok enkeltpersonar kome både dårlegare og betre ut, men i gjennomsnitt får denne gruppa betra stillinga si på inntektsskalaen gjennom skattesystemet.

Ei endring frå 20 til 24 prosent er kanskje ikkje så mykje. Men endringa kan også framstillast på følgjande måte: For kvar 10 000 kroner i bruttoinntekt i gjennomsnittshushaldet har denne gruppa av einslege 2 000 kroner i bruttoinntekt. For kvar 10 000 kroner i nettoinntekt i gjennomsnittshushaldet har denne gruppa 2 400 kroner i nettoinntekt. Dette er ei relativ betring på 20 prosent.


I tabellane 34-35 er desse relative inntektsforholda rekna ut for dei 7 inntektsomgrepa A-G. Resultata i tabell 35 er vidare framstilte i figurane 2-5. Kurvene viser for kvar gruppe utviklinga i relativ inntekt i forhold til gjennomsnittshushaldet som følgje av trygdeytningar, skatt, overføringar og offentlege tenester.

Figur 2. Gjennomsnittlig inntekt for einslege i ulike grupper for alder og nettoinntekt i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982




1) For forklaring av A-G: sjå side 56.

Figur 3. Gjennomsnittlig inntekt for ektepar utan barn i ulike grupper for alder og nettoinntekt, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982




1) For forklaring av A-G: sjå side 56.

Figur 4. Gjennomsnittleg inntekt for ektepar med barn 0-19 år i grupper for yngste barns alder og nettoinntekt, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982



1) .For forklaring av A-G: sjå side 56.

Figur 5. Gjennomsnittleg inntekt for einslege forsørgjarar og "Andre hushald" i grupper for nettoinntekt, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982



1) For forklaring av A-G: sjå side 56.

Det første hovudinstrykket av figur 2-5 er at alle kurvene nærmar seg kvarandre frå A til G. Kurver som startar over gjennomsnittet (100) i A, har ein jamt fallande tendens, mens kurver som startar under gjennomsnittet, går jamt oppover. Dette betyr at det offentlege sine tiltak gjennom trygdesystemet, skattesystemet, ulike overføringar og tenester har ein klårt utjamnande effekt på inntektsforholda. Blant einslege i figur 2 er til dømes ein variasjon i bruttoinntekta mellom 1 og 122 prosent av gjennomsnittsinntekta redusert til ein variasjon mellom 32 og 85 prosent. Blant ektepar utan barn i figur 3 er tilsvarande ein variasjon mellom 3 og 205 prosent redusert til ein variasjon mellom 49 og 150 prosent. Og blant ektepar med barn i figur 4 er ein variasjon mellom 61 og 263 prosent redusert til mellom 71 og 225 prosent.

Det er trygdesystemet som i størst grad fører til denne utjamninga. Dette ser vi av at kurvene er brattast mellom A og B. Skattesystemet fungerer også klårt utjamnande. Vi ser likevel at skattesystemet i lita grad påverkar den relative stillinga til barnefamiliane i figur 4.

Eit anna hovudinstrykk av figurane 2-5 er at nesten alle kurvene er vassrette mellom C og F eller iallfall endrar seg svært lite. Dette må bety at alle offentlege overføringar og tenester utanom utdannings- og sjukehusstenester i svært lita grad endrar dei relative inntektsforholda mellom dei gruppene som vi ser på her. Særleg er endringane små mellom C og D. Overføringar som bustønad, sosialhjelp, dagpengar til vernepliktige og grunn/hjelpestønad påverkar altså i svært lita grad dei relative inntektsforholda. Sjølv om vi tidlegare har funne ein klår samanheng mellom desse overføringane og inntekt, så er totalsummane det her er snakk om for små til verkeleg å bety noko for inntektsfordelinga, mellom dei gruppene vi her ser på.

Her må vi skyta inn at ingen av dei gruppene vi nå ser på, er direkte målgrupper for desse overføringane. Dette kjem vi tilbake til seinare i dette kapitlet. Likevel er det overraskande at desse overføringane betyr så lite for inntektsforholda mellom desse gruppene.

Endringene frå D til E er litt større enn frå C til D. Dette er verknadene av barnetrygd og forsørgjarstønad/frådrag. Det er difor rimeleg at barnefamiliane får betra stillinga si frå D til E (figur 4). Då desse ytingane er like for alle uansett inntekt, er det også rimeleg at låginntektsfamiliane får litt større betring i den relative stillinga si enn høginntektsfamiliane. Men også desse siste får ei betring frå D til E. Då desse overføringane berre går til barnefamiliane, kjem alle andre hushald litt dårlegare ut i E enn i D.

Det som kanskje er noko overraskande, er at desse overføringane til barnefamiliane ikkje slår sterkare ut i dei relative inntektsforholda enn kva figurane viser. I alt dreier det seg her om overføringar på over 5 milliardar kroner i 1982. Betringa til barnefamiliane er derimot berre nokre få prosent. På den andre sida ser vi av figur 4 at barnetrygd mm. har ein større utjamnande effekt på inntektsforholda blant barnefamiliane enn skattesystemet - iallfall i dei lågare inntektsgruppene.

Endringane frå E til F er også svært små. Dette betyr at heller ikkje offentlege tenester som hjelp i heimane, lege og fysioterapi, barnehage og kultur betyr noko særleg for inntektsforholda. Tabell 35 viser riktignok at låginntektsgruppene får betra stillinga si litt og at høginntektsgruppene tilsvarande kjem litt dårlegare ut. Men endringane er svært små. Småbarnsfamiliane er eit unntak, både einslege og gifte. I desse gruppene får også hushalda i dei høgare inntektsgruppene betra stilling litt frå E til F. Dette er offentleg barnepass som slår igjennom.

Til slutt har vi så endringane frå F til G som er ganske betydelege. Dette er rimeleg fordi det her dreier seg om store offentlege utgifter gjennom utdannings- og sjukehusssystemet. Av figur 2 og 3 ser vi at det berre er unge einslege og unge ektepar utan barn med låg inntekt som får betra stillinga si frå F til G. Dette skyldest sjølvsaugt forbruk av høgare utdanningstenester blant dei yngste i desse gruppene. Dessutan får alle ektepar med barn 7-19 ei klår betring i stillinga si frå F til G i figur 4. Det same gjeld einslege forsørgjarar i figur 5.



Det er altså først og fremst utdanningssystemet som fører til endringane frå F til G. Sjølv om det er store ressursar som går til sjukehusa, så slår ikkje dei særleg ut i dei relative inntektsforholda. Til og med dei eldste einslege og ektepar utan barn kjem dårlegare ut i G enn i F.

Men vi må ikkje leggja for mykje tolking i endringane frå F til G. Som vi har peika på i innleiinga til dette kapitlet, er det ikkje inntektsfordeling i vanleg meining vi ser på i F og G, men samla fordeling av inntekt inklusive offentlege overføringar og verdi av ein del offentlege tenester som utdanning og sjukehusbehandling. Vi har tatt det med her først og fremst for å visa storleiksordenen på kva utslag desse tenestene har på fordelinga sett i forhold til andre offentlege overføringar og tenester.

#### 4.4. Samanheng mellom ulike overføringar og tenester

Til slutt i dette kapitlet vil vi sjå i kor stor grad det er nokon samanheng mellom offentlege overføringar og tenester. Er det slik at grupper som får ei av desse ytingane, også får meir av andre ytingar? Eller er det overføringar og tenester som motverkar kvarandre?

Tabellane 48-49 viser inntektsrekneskap for grupper av hushald med ulike offentlege overføringar og tenester. Som samanlikningsgrunnlag viser dessuten den første kolonna inntektsrekneskap for gjennomsnittet av alle hushald. Ved samanlikning mellom dei ulike kolonnene må vi elles vera merksame på at talet på personar i dei ulike hushalda er nokså forskjellig. Hushald med arbeidsløystønad er til dømes gjennomgåande hushald med fleire vaksne og eventuelt barn, mens hushald med sosialhjelp, hjelp i heimen o.l. ofte er einslege eller hushald med få personar. Inntektsskilnadene mellom kolonnene må vi difor sjå i lys av dette. I tabell 47 og figur 6 og 7 ser vi dessutan på korleis desse ulike gruppene står i forhold til gjennomsnittshushaldet målt ved ulike inntektsomgrep, jf. kap. 4.2.

Som nemnt i kap. 3.7, har hushald med arbeidsløystønad ei brutto hushaldsinntekt på 170 000 kroner. Av dette er 10 000 kroner eller 6 prosent arbeidsløystønad. Av tabell 47 ser vi at desse hushalda får offentlege overføringar og tenester utanom arbeidsløystønad som ligg svært nær gjennomsnittet. Det er kanskje ein liten tendens til at desse hushalda får litt meir enn gjennomsnittshushaldet av attføringspengar, lege/fysioterapi og sjukehusbehandling. Men alt i alt synest det å vera liten samanheng mellom arbeidsløystønad og andre overføringar og tenester. Figur 6 viser då også at hushald med arbeidsløystønad har ei nær uendra stilling i forhold til gjennomsnittshushaldet gjennom heile fordelingsprosessen A-G. Dette ser vi av at kurva for hushald med arbeidsløystønad er heilt vassrett.

Hushald med bustønad synest derimot å få meir av dei fleste overføringane og tenestene enn gjennomsnittshushaldet. I tillegg til 4 200 kroner i bustønad får desse hushalda spesielt mykje av sosialhjelp, attføringshjelp, grunn/hjelpestønad, barnetrygd, hjelp i heimen og offentlig barnepass (tabell 48). Figur 6 viser då også at hushald med bustønad er ei av dei gruppene som betrar den relative stillinga si gjennom heile fordelingsprosessen - også mellom C og F.


Det same gjeld hushald med sosialhjelp. Desse hushalda fekk i gjennomsnitt 4 500 kroner i sosialhjelp i 1982. I tillegg fekk dei vesentleg meir enn gjennomsnittet både av attføringspengar, arbeidsløystønad, bustønad, grunn- og hjelpestønad, hjelp i heimen og offentlig barnepass. Desse hushalda får difor også betra stillinga si gjennom heile fordelingsprosessen jf. figur 6. Vi må elles tolka resultatene for sosialhjelpsgruppa med varsemnd både fordi det er få hushald som ligg til grunn for utrekningane og fordi LKU-83 har fått registrert for få hushald med sosialhjelp, jf. vedlegg 1.

Også for hushald med grunn- og hjelpestønad er det ein klår samanheng med ein del andre ytingar. I tillegg til 5 200 kroner i grunn- og hjelpestønad får desse hushalda mykje i attføringspengar, hjelp i heimen, lege- og fysioterapibehandling og behandling i sjukehus. Gjennom fordelingsprosessen A-G får desse hushalda difor ei ganske sterk betring av stillinga si. Det er berre mellom D og E at dei ikkje får betring fordi dei i lita grad har barnetrygd og forsørgjarstønad/frådrag.


Hushald med hjelp i heimen (heimehjelp, husmorvikar og/eller heimesjukepleie) fekk hjelp til ein verdi av om lag 20 000 kroner i 1982 (tabell 49). I tillegg hadde denne gruppa mykje behandling på sjukehus. Dei fekk dessutan meir i grunn- og hjelpestønad og bustønad enn gjennomsnittshushaldet. Likevel betyr offentlege overføringar lite for denne gruppa (ingen endring frå C til E i figur 7). Som vi har sett i kap. 3.3, er det først og fremst pensjonister som får hjelp i heimen. Det er difor rimeleg at både trygde- og skattesystemet betrar den relative stillingen til denne gruppa. Dessutan gir både hjelp til heimen og sjukehusbehandlinga ei klår relativ betring (auke frå E til G) ut frå den måten som vi måler dette på her.

Verdien av offentleg barnepass utgjorde om lag 12 000 kroner i gjennomsnitt for dei hushalda som hadde barn i offentlege barnepassordningar (tabell 49). Dette tilsvarar om lag 8 prosent av den disponible inntekta deira på 143 000 kroner. Dessutan kan det tyda på at desse hushalda får meir i sosialhjelp og bustønad enn gjennomsnittshushaldet. Dette gjeld nok først og fremst hushald som får plass i barnehage på spesielle kriterium. I tillegg får sjølvsagt desse hushalda langt meir i barnetrygd og forsørgjarstønad/frådrag enn gjennomsnittet. Som ei følgje av dette får desse hushalda betra si stilling ganske mykje frå D til F (figur 7), mens sosialhjelp og bustønad slår lite ut frå C til D. Nedgangen frå F til G skyldest mindre bruk av sjukehusstenester enn gjennomsnittet.

Figur 6. Gjennomsnittlig inntekt i hushald med ulike offentlege overføringer, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982



Figur 7. Gjennomsnittlig inntekt i hushald med ulike offentlige tenester, i forhold til gjennomsnittshushaldet. 1982



1) For forklaring av A-G: sjå side 56.

I gjennomsnitt skil hushald med ulike kulturtenester seg lite frå gjennomsnittshushaldet når det gjeld overføringar og tenester. Det er altså liten samanheng mellom forbruk av kulturtenester og andre offentlege ytingar. Kurva for denne gruppa i figur 7 er då også nesten heilt vassrett.

Ei feilkjelde kan det også vera at ikkje alle i eit hushald veit om andre har motteke sosialhjelp. Dette kan til dels gjelda ungdom som er med som intervjuobjekt, personar i hushald med fleire familiekjerner o.l. Det er kanskje også å vente at fråfallet blant hushald med sosialhjelp er høgare enn gjennomsnittet. Dessutan kan spørsmål om sosialhjelp vera eit ømfintleg emne, og vi vil venta at ikkje alle svarer like oppriktig på dette. Alle desse momenta talar for at LKU kan gi for låge resultat for mottak av sosialhjelp. Det er likevel overraskande at LKU-83 visar ein nedgang i hushald med sosialhjelp og utbetalte beløp frå 1979 til 1982, mens det reelt har vore ein auke i stønadsmottakarar på nesten 50 prosent og 130 prosent auke i utbetalingane.

Dette tyder altså på at talet på mottakarar av sosialhjelp i LKU-83 er lite påliteleg. Dei som svarer at dei har motteke sosialhjelp, synest derimot å ha oppgitt nokså riktige beløp. Men gjennomsnittleg beløp pr. mottakar i oversikta ovanfor er svært usikker då grunnlaget for dette talet i 1982 berre er 30 hushald (veid).

### Arbeidsløsestønad

Det er spurt om motteke arbeidsløsestønad i LKU-83. Då slike overføringar er skattepliktige, går dei også inn i inntektene i IFU-82. I denne rapporten er det nytta tal frå IFU-82. IFU-82 viser at kvart hushald i gjennomsnitt mottok 678 kroner i arbeidsløsestønad i 1982. LKU-83 viser tilsvarende 438 kroner eller 35 prosent mindre. Omrekna til tal for heile landet blir dette respektive 1 050 mill.kr og 680 mill.kr. Statsrekneskapen for 1982 viser på si side (kap. 13.41 post 70) at dei totale utbetalingane i 1982 til arbeidsløsestønad var 1 436 mill.kr. Skilnaden til IFU-82 skyldest først og fremst to forhold. For det første er det ikkje alltid at arbeidsløsestønaden er skilt frå andre trygdeyttingar i sjølmeldingane, til dømes når ein person i løpet av året har gått over frå arbeidsløsestønad til uføretrygd. Ein del av stønaden til arbeidsledige er difor i IFU-82 inkludert i "skattepliktige ytingar frå folketrygda". Dessutan synest fråfallet å spela ei viss rolle her. Resultatet frå IFU-82 ovanfor er rekna ut på grunnlag av IFU-opplysningane til dei hushalda som er med i LKU-83. Dersom vi ser på alle hushalda i IFU samla, der vi jo ikkje har noko fråfall, blir totalt utbetalt i arbeidsløsestønad rekna ut til 1 210 mill.kr eller 15 prosent høgare enn ovanfor. Resultata frå IFU-82 som vi har nytta i denne rapporten, er altså noko for låge. Men det er berre feilen på 15 prosent som er reell, mens resten av skilnaden til statsrekneskapen er med i inntektstala under ein annan post.

Resultatet frå intervjuet i LKU-83 er derimot altfor lågt. Det er vanskeleg å vita kva grunnen til dette kan vera. Fråfallet betyr tydelegvis ein del, likeeins kan det vera lett å gløyme slike stønader som ein fekk for lengre tid sidan og kanskje over eit nokså kort tidsrom. Dessuten er det nok ein del som vil vegra seg for å oppgi slike stønader.

### Attføringspengar

Etter LKU-83 fekk gjennomsnittshushaldet 585 kroner i 1982 i attføringspengar. Dette tilsvarar 910 mill.kr på landsbasis, mens statsrekneskapen (kap. 09.63, post 70 og 71) viser 1 341 mill.kr. Resultatet i LKU-83 er difor over 30 prosent for lågt. Grunnane til dette er nok mykje dei same som for arbeidsløsestønad.

### Attføringshjelp

Opplysningane om attføringshjelp i LKU-83 er svært mangelfulle. Etter trygderekneskapen (kap. 09.63, post 72-78) var dei samla utbetalingane i 1982 til attføringshjelp 360 mill.kr, mens LKU-83 berre viser 45 mill.kr. Resultata i LKU-83 er difor ubrukelege, og attføringshjelp er ikkje med i denne rapporten. Ved sida av fråfall og minnesfeil kan ei forklåring til denne store underrapporteringa vera at folk ikkje har noko klårt skilje mellom attføringshjelp og andre stønader slik at det er mange som i intervjusituasjonen ikkje tenkjer på slik hjelp til spesielle tiltak. Skal ein ha med dette spørsmålet i LKU framover, må ein nok ha inn meir rettleiing om kva dette dreier seg om enn kva som vart gitt i LKU-83.

### Dagpengar og forsørgjartillegg til vernepliktige og sivilarbeidarar

Også desse overføringane er vesentleg lågare i LKU-83 enn kva statsrekneskapen viser. Etter LKU-83 fekk kvart hushald i gjennomsnitt 123 kroner i 1982 som tilsvarar 190 mill.kr. Dei samla utbetalingane var 363 mill.kr i 1982 etter Forsvarsdepartementet. LKU-83 har altså fått registrert berre halvparten av dagpengar og forsørgjartillegg til vernepliktige og sivilarbeidarar. Fråfall og minnesfeil er nok også her mykje av forklåringa på denne skilnaden.

### Stønad til skilte og separerte forsørgjarar

LKU-83 viser her 298 kroner pr. hushald i 1982 som tilsvarar 460 mill.kr. Dette stemmer svært godt overeins med statsrekneskapen (kap. 09.84) som viser 427 mill.kr. Då dette er skattepliktige inntekter, har vi nytta oppgåvene frå IFU-82. Denne stønaden er ikkje spesifisert for seg i IFU, men inngår i "skattepliktige ytingar frå folketrygda". Vi bør vurdere om det er grunn til å ha med dette spørsmålet i framtida i LKU.

### Bustønad

Opplysningane om bustønad til dei som er med i LKU-83, har ein fått frå Husbanken. Det burde difor ikkje vera særleg feil knytta til desse oppgåvene. Gjennomsnittshushaldet mottok 292 kroner i bustønad i 1982 ifølge LKU-83 som tilsvarer 450 mill.kr på landsbasis. Ifølge Statsrekneskapen 1982 var dei samla utbetalingane til bustønad same året 550 mill.kr. Skilnaden her skyldest først og fremst bustønad til pensjonistar over 79 år som ikkje er med i LKU-83. Dessutan kan nok fråfallet også bety litt. Ein del av skilnaden skyldest også at rekneskapstala inkluderer nokre utbetalingar som gjeld året før. Alt i alt må vi då rekna med at opplysningane om bustønad i LKU-83 er ganske bra.

### Grunn- og hjelpestønad

Opplysningane om grunn- og hjelpestønad er henta frå register i Rikstrygdeverket. Dette registeret viser stønad pr. måned ved utgangen av 1982. Omrekna til årstal viser LKU-83 at gjennomsnittshushaldet mottok 181 kroner i grunnstønad og 144 kroner i hjelpestønad. På landsbasis tilsvarer dette 280 mill. kroner i grunnstønad og 223 mill. kroner i hjelpestønad. Trygderekneskapen for 1982 viser tilsvarande 325 og 347 mill. kroner som er noko høgare enn LKU-83. Ein del av denne skilnaden skyldest nok at LKU ikkje har med personar på 80 år og over. Dette slår særleg ut for hjelpestønad som vert gitt til personar med særskilt behov for pleie, tilsyn eller hjelp i huset, noko som i særleg grad gjeld eldre. Før 1980 var øvste aldersgrense for å få grunn- eller hjelpestønad 69 år. Etterat denne grensa vart oppheva, har ein fått ein sterk auke i søknader frå personar over 69 år. Ein del av utbetalingane i 1982 er difor etterbetaling for tidlegare år. Vi må difor gå ut frå at opplysningane om grunn- og hjelpestønad i LKU-83 er riktige for det utvalet av hushald som vi der har.

### Legekontaktar

I LKU-83 er talet på legekontaktar registrert på to ulike måtar. Eit nokså detaljert spørsmål registrerer legekontaktar i ein 14-dagarsperiode, mens ein også spør om legekontaktar siste 12 månader i eit enkelt spørsmål. Desse to metodane gir nokså ulike resultat. LKU-83 viser 6 800 legekontaktar pr. 1 000 personar pr. år når registreringsperioden er 14 dagar og 2 640 legekontaktar pr. 1 000 personar pr. år når vi spør om eit heilt år bakover. Det er rimeleg at den siste metoden gir lågare resultat enn den første fordi det er svært vanskeleg å hugsa kor mange gonger ein har vore i kontakt med lege eit heilt år bakover i tid. Vi har difor i denne rapporten valt å bruka opplysningane frå 14-dagarsperioden.

Nå finst det ikkje gode oppgåver over totalt omfang av legekontaktar som opplysningane i LKU-83 kan samanliknast med. Same spørsmålsopplegg vart brukt i Helseundersøkinga i 1975 (HU-75), og den viser 4 820 legekontaktar pr. 1 000 personar pr. år. Denne skilnaden tilsvarer om lag auken i talet på primærlegar og praktiserande spesialister i perioden 1975-83. Det er også gjort ein del såkalla pasientundersøkingar der eit utval av legar registrerer alle pasientar i eit bestemt tidsrom. Rutle (1983) har m.a. gjort ei slik undersøking og kome til at samla tal på direkte kontaktar med allmennpraktiserande legar i Noreg i eit år var om lag 10,5 mill. i 1975. Andersen (1985) har funne at HU-75 tilsvarande viser 11,7 mill. direkte kontaktar med allmennpraktiserande legar. Det er vel heller tvilsamt om pasientundersøkingar gir meir pålitelege resultat enn generelle utvalsundersøkingar. Samanlikninga mellom Rutle og HU-75 tyder såleis ikkje på at HU-75 gir noko særleg for høge resultat. Dette kan difor vera ein indikasjon på at LKU-83 kanskje viser eit nokså rimeleg overslag over talet på legekontaktar i forhold til HU-75.

Andre samanlikningar av denne typen konkluderer med at generelle utvalsundersøkingar som HU-75 og LKU-83 gir om lag 20 prosent for høge resultat, jf. Kohn and White (1976). Men det er svært vanskeleg å trekkja nokon sikker konklusjon her.

### Fysioterapi

I LKU-83 er også fysioterapibehandling registrert både i ein 14-dagarsperiode og for eit heilt år. Men som nemnt i kap. 2.3 synest 14-dagarsregistreringa å gi svært urimelege resultat her. Behandling hjå fysioterapeut er nokså sjeldan, men når det først er aktuelt, er det ofte snakk om mange behandlingar. Dette gjer at registrering på grunnlag av 14 dagar blir svært usikker. På den andre sida burde det ikkje vera så vanskeleg som for legekontaktar å hugsa nokolunde riktig 12 månader bakover. Det kan også vera at uttrykket "Fysikalsk behandling" som er brukt i 14-dagarsregistreringa ikkje er oppfatta på same måten som "Fysioterapibehandling" i spørsmålet som gjeld siste 12 månader. I denne rapporten er difor berre brukt oppgåvene som gjeld siste 12 månader.

LKU-83 viser då 1 752 fysioterapibehandlingar pr. 1 000 personar 16-79 år pr. år. Helseundersøkinga i 1975 viste tilsvarande 725 behandlingar registrert i ein 2-vekersperiode. Til samanlikning viste LKU-83 728 behandlingar pr. 1 000 personar når vi brukte 14-dagarsregistrering.

### Behandling i sjukehus m.m.

Talet på liggjedagar i helseinstitusjon er også registrert både i ein 14-dagarsperiode og i siste 12 månader. Desse to metodane gir nokså like resultat. På grunnlag av 14-dagarsperioden viser LKU-83 1 820 liggjedagar pr. 1 000 personar 16-79 år. For 12-månadersregistreringa er resultatet 1 707 dagar pr. 1 000 personar 16-79 år. Det er ikkje overraskande at desse to metodane gir nokså like resultat. Har ein vore innlagt i sjukehus, er dette noko ein hugsar i lengre tid, både dato og kor mange dagar det var snakk om. Spørsmålet som gjeld 14-dagarsperioden er også svært enkelt og presist utforma då ein her ber om eit rekneskap over alle 14 dagane.

Resultata i LKU-83 synest også å stemma relativt godt overeins med annan statistikk. 1,7 dagar i helseinstitusjon for personar 16-79 år gir til saman 4,9 mill. liggjedagar. I tillegg kjem opphald i helseinstitusjon av barn og vaksne over 79 år utan at vi veit kor mange liggjedagar dette dreier seg om. NOS Helseinstitusjonsstatistikk 1983 viser på den andre sida at samla tal på liggjedagar i somatiske sjukehus, sjukestover, fødeheimar og psykiatriske sjukehus var 6,3 mill. i 1982. Opplysningane om behandling i sjukehus m.m. i LKU-83 ser difor ut til å vera nokolunde riktige.

### Brevkurs

LKU-83 viser at den vaksne befolkninga 16-79 år i Noreg i 1982 hadde 34 brevkurs pr. 1 000 personar. På landsbasis tilsvarer dette om lag 102 000 elevar. St.meld. nr. 38 (1983-84) "Om nytt tilskottssystem for brevundervisning" viser tilsvarande at det var 130 000 elevar som hadde brevundervisning i 1982. Aldersavgrensingen i LKU skulle ikkje spela noko særleg rolle for denne samanlikninga. Fråfallet kan nok bety litt, men det er mest sannsynleg at skilnaden her skyldest minnesfeil. Det kan vera vanskeleg å hugsa brevkurs som ein har hatt lang tid tilbake. Eit brevkurs går også over lang tid, så tidsavgrensinga til siste 12 månader kan også vera vanskeleg. LKU-83 viser altså litt for låge resultat når det gjeld brevundervisning, men skilnaden er ikkje urovekkande stor.

### Andre kurs

Ifølgje LKU-83 tok nordmenn 73 kurs utanom brevkurs pr. 1 000 personar 16-79 år i 1982. Dette omfattar alle kurs som er vaksenopplæring med unnatak av brevkurs og yrkesopplæring i arbeidstida. For heile befolkninga tilsvarer dette 220 000 kursdeltakarar. Det er vanskeleg å finna noko godt samanlikningsgrunnlag til dette. Vi har valt å sjå på talet på kursdeltakarar ved dei tre store studieforbunda AOF, Folkeuniversitetet og Høyres studieforbund. Til saman hadde desse 398 000 kursdeltakarar i 1982 ifølgje NOS Utdanningsstatistikk - Vaksenopplæring. Dette er om lag dobbelt så høgt som LKU-83 viser. Ein del av kursdeltakarane i desse studieforbunda kan nok vera folk som er med i lagsverksemd av ulike slag og som ikkje sjølv oppfattar dette som kurs. På den andre sida er det ei rekkje andre organisasjonar som arrangerer kurs med offentleg stønad sjølv om dette mest er song- og musikklag o.l. Sjølv om det er vanskeleg å vurdera kor påliteleg resultatet i LKU-83 er, synest resultatet å vera ein god del for lågt.

I 2. kvartal 1983 gjennomførte Statistisk Sentralbyrå ei eiga vaksenopplæringsundersøking med intervju som metode. Ved denne undersøkinga fekk ein 110 kurs pr. 1 000 vaksne personar. Dette omfattar då både brevkurs og andre kurs. LKU-83 viser tilsvarande 107 slike kurs i alt pr. 1 000 personar. Desse to undersøkingane viser altså om lag same omfang for vaksenopplæring i alt utanom yrkesopplæring i arbeidstida.

### Utdanning

Utdanningsopplysningane som er brukte i denne rapporten, skulle vera ganske pålitelege. Barn i grunnskole får ein direkte av alderen på barna. Opplysningane om personar i vidaregåande utdanning og i universitets- og høgskoleutdanning pr. 1. oktober 1982 har ein fått frå utdanningsregisteret i Statistisk Sentralbyrå. Etter dette registeret var det pr. 1. oktober 1982 188 000 elevar ved vidaregåande skolar her i landet og 88 000 studentar ved universitet og høgskolar. Ser vi berre på hushalda som var med i LKU-83, viser dette tilsvarande 192 000 elevar og 85 000 studentar. Talet for studentar ved universitet og høgskolar i LKU-83 vil dessutan vera litt lågare enn i registeret fordi vi her har rekna alle deltidsstudentar til eit halvt studentår. Skilnaden elles mellom LKU og registeret skyldest nok utvalsfeilen.

### Utdanningsstipend

Gjennomsnittshushaldet fekk 377 kroner i utdanningsstipend i 1982 etter LKU-83. For heile befolkninga tilsvarar dette 584 mill. kroner. Statsrekneskapen (kap. 309, post 71-73) viser derimot ei samla utbetaling i 1982 på 682 mill. kroner. Men 75 mill. gjeld her utbetaling til norske studentar i utlandet. Dessutan er nokre få millionar utbetaling til utlendingar som studerer i Noreg. Det er altså svært godt samsvar mellom rekneskapstala og resultatet i LKU-83.

### Kultur

I LKU-83 er det spurt om deltaking i ulike kulturaktivitetar siste 12 månader. Desse oppgåvene vil vi her samanlikna med oppgaver som Statistisk Sentralbyrå samlar inn til kulturstatistikk og ei eiga kulturundersøking som vart gjort i 1977 (KU-77). Denne siste er ei intervjuundersøking der opplegget er akkurat det same som i LKU-83 når det gjeld kulturspørsmåla. Kulturstatistikken derimot har oppgaver frå dei ulike kulturinstitusjonane over talet på besøk og utlån av bøker kvart år.

Etter LKU-83 var det 30 prosent av alle personar 16-79 år som hadde lånt bøker på bibliotek siste 12 månader, og i gjennomsnitt hadde kvar nordmann 4,5 besøk på bibliotek i denne perioden. Dette tilsvarar 13,4 mill. besøk. Kulturstatistikken viser at totalt utlån til vaksne ved folkebibliotek og fag- og forskingsbibliotek i 1982 var 12,9 mill. bøker. Sannsynligvis låner mange meir enn 1 bok når dei er på biblioteket. Dette kan tyde på at LKU-83 viser noko for høge tal. På den andre sida er gjennomsnittstalet på 4,5 besøk nokså usikkert fordi det er rekna ut på grunnlag av midtpunktet i intervaller i spørsmålet. I KU-77 oppgav 25 prosent av alle personar at dei hadde lånt bøker på bibliotek siste år. Dette indikerer ein liten auke i låneaktivitet frå 1977 til 1982. Statistikken for folkebibliotek viser då også ein liten auke på 3 prosent i utlån i denne perioden. Oppgåvene i LKU-83 når det gjeld lån av bøker på bibliotek, synest altså å vera ganske pålitelege.

Når det gjeld besøk ved teater eller opera, oppgav 27 prosent i LKU-83 at dei hadde vore på dette siste 12 månader. Med 1,2 besøk i gjennomsnitt pr. person blir dette om lag 3,6 mill. besøk på eit år. Dette omfattar alle slag teater- og operabesøk, både institusjonsteater/opera, amatørteater, revyar o.l. Statistisk Sentralbyrå sin kulturstatistikk har derimot berre oppgaver over besøk ved institusjonsteater og opera. I 1982 hadde desse 1,2 mill. besøk. Dette er berre tredjedelen av kva LKU-83 viser. Då desse to statistikkane ikkje er direkte samanliknbare, er det vanskeleg å vurdera kor påliteleg LKU- resultatet er. I 1977 var 28 prosent av alle vaksne på teater eller opera etter KU-77, altså det same resultatet som LKU-83. Etter kulturstatistikken har det vore ein nedgang på 3 prosent i samla publikumsbesøk på institusjonsteater og opera frå 1977 til 1982, og dette stemmer godt overeins med KU-77 og LKU-83. Ut frå dette kan vi kanskje slutta at LKU-resultatet når det gjeld besøk på teater og opera, er rimeleg bra.



Etter LKU-83 var det 14 prosent som siste år hadde vore på konserter med klassisk musikk. I KU-77 var det tilsvarende 12 prosent. Med 0,7 besøk pr. person i LKU-83 blir dette om lag 2,1 mill. besøk. Samla besøk ved dei 4 symfoniorkestra i Noreg og Rikskonsertane var 1,3 mill. i 1982. Dette er ein del under LKU-83, men iallfall ein del av denne skilnaden skyldest at LKU-83 også har med konsertar av amatørorkester. Besøket ved dei store symfoniorkestra og Rikskonsertane har auka med 7 prosent frå 1977 til 1982, og KU-77 og LKU-83 viser også ein tendens til auke i denne perioden. Sjølv om det er vanskeleg å trekkja nokon sikker konklusjon, synest LKU-83 også når det gjeld oppslutning om konsertar med klassisk musikk, å visa eit rimeleg bra resultat.

25 prosent av alle personar 16-79 år hadde vore på museumsbesøk siste år etter LKU-83. I gjennomsnitt var alle på 0,9 slike besøk, og dette tilsvarende om lag 2,7 mill. museumsbesøk for alle vaksne i landet på eit år. Kulturstatistikken viser tilsvarende 2,2 mill. besøk utanom skoleklassar og barnehagar. Talet inkluderer besøk av turistar, men omfattar ikkje ein del mindre museum i landet. Talet for LKU-83 vil også inkludere besøk av norske turistar på utanlandske museum. Samsvaret synest difor å vera rimeleg bra. Etter KU-77 var det 31 prosent som hadde besøkt museum i 1977, noko som samanlikna med LKU-83 tyder på ein nedgang i museumsbesøket frå 1977 til 1982. Kulturstatistikken viser derimot ein liten auke i besøket i denne perioden. Vi vil likevel konkludera med at museumsbesøk synest å vera rimeleg bra registrert i LKU-83.

Når det gjeld besøk på jazz- og visekonsert og kunstutstilling, har vi ikkje nokon statistikk som viser totalt omfang av dette å samanlikna med. Men dei same spørsmåla er med i KU-77. Etter LKU-83 var 17 prosent på jazz- eller visekonsert mot 11 prosent i KU-77. For kunstutstilling viser LKU-83 28 prosent besøkande og 25 prosent i KU-77. Sjølv om ikkje desse to undersøkingane viser same resultat, så ligg dei på eit nivå som synest rimeleg samanlikna med oppslutninga om andre kulturaktivitetar.

### Konklusjon

Ein konklusjon på denne gjennomgangen synest å vera at opplysningane om offentlege ytingar i LKU-83 er ganske pålitelege. Unntaket er ein del offentlege overføringar i spørsmål 28: arbeidsløsestønad, attføringspengar, attføringshjelp, sosialhjelp og dagpengar og forsørgjartillegg til vernepliktige og sivilarbeidarar. For desse har LKU-83 ei relativt stor underrapportering. Det er likevel berre for sosialhjelp og dagpengar til vernepliktige som dette får betydning for resultatata i denne rapporten då oppgåvene for dei andre overføringane blir tatt frå IFU-82.

Opplysningane om bruk av ulike kulturtilbod er også noko usikre, men vi reknar desse som rimeleg bra. Det same gjeld legekontaktar, bruk av fysioterapi og deltaking i ulike kurs utanom brevkurs.

I denne samanheng vil vi også nemne at vi i denne rapporten først og fremst er opptatt av forholdet mellom ulike grupper når det gjeld bruk av offentlege ytingar. Vi er ute etter å sjå på kven som bruker mykje og kven som bruker lite av ulike ytingar og kor stor skilnaden er mellom gruppene. Den samla bruken er derimot mindre viktig. Sjølv om det er knytte feil til opplysningane i LKU-83, er det grunn til å tru at denne feilen betyr mindre når vi ser på forholdet mellom grupper enn når vi vil studera det absolutte nivået.

Når vi i kap. 4 studerer bruken av alle offentlege ytingar samla og ser dette i samanheng med inntekter elles, har vi dessutan i nokon grad korrigert for dei feil som er vist her. Dette er nærare omtala i vedlegg 2.

## UTREKNING AV FORBRUK AV OFFENTLEGE TENESTER OG OVERFØRINGAR TIL ENKELTHUSHALD

2.1. Fordeling av utgifter mellom hushald

Fordeling av utgifter til offentlege tenester og overføringer på de enkelte hushald er gjort på to forskjellige måtar:

1. For ein del offentlege overføringer har vi nokså gode opplysningar om kor mykje som er utbetalt til dei enkelte hushalda i 1982. Desse opplysningane har vi frå Inntektsundersøkinga 1982 som igjen har desse frå ulike offentlege register eller frå skattelikninga. Desse opplysningane er brukt direkte her utan nokon form for korreksjon. Dette gjeld opplysningar om arbeidsløsestønad, bustønad, utdanningsstipend og grunn- og hjelpestønad. Barnetrygd og forsørgjarstønad/forsørgjarfrådrag kjem også i denne gruppa, men desse overføringane er rekna ut direkte på grunnlag av talet og alder på barn i hushaldet. Opplysningane om skattepliktige ytingar frå folketrygda og all inntekt elles er også nytta direkte frå IFU-82 og skattelikninga.
2. Fordeling av offentlege tenester og dei andre overføringane som er med i denne rapporten, er gjort på grunnlag av rekneskapstal over samla offentlege utgifter til ein teneste og ein indikator i LKU-83 kor mykje kvart hushald har brukt av kvar teneste. Dette gjeld barnepass, hjelp i heimane, helse, kultur, undervisning, sosialhjelp, attføringshjelp og dagpengar til vernepliktige.

For ei bestemt teneste (i) blir modellen følgjande:

$y_i$  = totale offentlege utgifter (statlege og kommunale) til teneste eller overføring i (målt i kroner)

$x_{ij}$  = indikator på forbruk av teneste i i hushald j.

$a_i = \frac{0,001285 \cdot y_i}{\sum_{j=1}^{1998} x_{ij}}$  = offentlig utgift pr. eining av teneste i målt i kroner

$z_{ij} = a_i x_{ij}$  = forbruk i kroner av teneste i i hushald j

LKU-83 omfattar netto i alt 1998 hushald. Dette er 0,1285 prosent av alle hushald i landet.

$0,001285y_i$  er difor den del av dei totale utgiftene i landet som vil tilfalle dette utvalet.  $\sum_{i=1}^{1998} x_{ij}$

er tilsvarande samla forbruk av denne tenesta som vi har fått opplysningar om i LKU-83.  $x_i$  er målt i fysiske einingar når det gjeld tenester og kroner når det gjeld overføringer. Dersom vi har tilnærma riktige opplysningar om  $x_i$ , vil  $a_i$  visa offentlege utgifter pr. eining av teneste i. I vedlegg 1 har vi sett at ein del av opplysningane i LKU-83 ikkje er heilt pålitelege. Grunnen til dette kan både vera fråfallet og målefeil av ulike slag. Dersom denne feilen er av eit visst omfang, vil  $a_i$  også inkludera ein korreksjonsfaktor for denne feilen. Korreksjonen ligg her i at vi går ut frå at feilen er relativt like stor i alle grupper av hushald. Vi sikrar oss på denne måten at gjennomsnittsforbruket i LKU-utvalet stemmer med gjennomsnittsforbruket rekna ut på grunnlag av oppgaver over dei totale offentlege utgiftene på eit område.

Vi kan ta heimehjelp og husmorvikar som eksempel. Dei samla offentlege utgiftene til heimehjelp/husmorvikar var 1 100 mill. kroner i 1982. Dette skulle tilseia 1 414 000 kroner til LKU-utvalet på 1998 hushald. Omrekna til årstal fekk dette utvalet 16 311 timar heimehjelp/husmorvikar (8,2 timar pr. år i gjennomsnitt). Pr. time blir dette kr 86,66. Dersom opplysningane om heimehjelp/husmorvikar i LKU-83 er riktige, kan dette tolkast som at kvar time heimehjelp/husmorvikar kostar det offentlege kr 86,66. Men som vi har sett i vedlegg 1 er kanskje LKU-resultatet litt for lågt. Denne timesatsen inkluderer difor også ein eventuell korreksjon for denne feilen.

I tabell A nedanfor har vi sett opp dei totale offentlege utgiftene i 1982 til alle overføringar og tenester som er med i denne rapporten. Tabellen gir også referanse til kor desse opplysningane er henta frå. Tabell B viser deretter utrekningane over utgifter pr. eining (a<sub>j</sub>) for dei tenestene og overføringane som er fordelte etter modellane ovanfor.

Tabell A. Samla offentlege utgifter til ulike overføringar og tenester og referanse til kjelde

Overføring/teneste	Mill.kr i 1982	Referanse
I alt	65 400	
Barnehage	902	NOS Sosialstatistikk 1982 tabell 1.16-17. (totale utgifter minus foreldrebetaling).
Barnepark	110	21 500 plassar à ca. 5 000 kr jmf. NOS Sosialstatistikk tabell 1.18 og 81. meld 93 (80-81) side 26.
Fritidsheim	18	Overslag iflg. LKU-83
Heimesjukepleie	392	Trygderekneskapen kap. 10.50 post 60 (dekkjer 75 prosent av dei kommunale utgiftene).
Heimehjelp/husmorvikar	1 100	NOS Sosialstatistikk 1982 tabell 5.12. Ca. 113 mill. i betaling frå heimane iflg. LKU-83.
Legehjelp	1 475	Trygderekneskapen kap. 10.50 post 70-73 pluss 1/4 av statsrekneskapen kap. 750.
Fysioterapibehandling	298	Trygderekneskapen kap. 10.50 post 74.
Helseinstitusjonar	9 820	NOS Helsestatistikk tab. 2, 3.
Bibliotek	428	Byråets kulturstatistikk.
Teater, opera	290	Stat. årbok 1984, tab. 473.
Klassisk konsert	63	Byråets kulturstatistikk.
Jazz, visekonsert	31	Overslag
Kunstutstilling	88	Overslag
Museum	231	Byråets kulturstatistikk.
Brevundervisning	76	Statsrekneskapen kap. 287
Anna voksenopplæring	276	Statsrekneskapen kap. 281 post 60-71 og 74.
Grunnskole	9 825	St.prp. 1 (84-85) KUD s. 40.
Vidaregåande skole	4 298	St.prp. 1 (84-85) KUD s. 83.
Folkehøgskole	277	Statsrekneskapen kap. 285.
Universitet og høgskole	3 291	" " 310-354.
Utdanningsstipend	765	" " 309, post 71-73.
Rentestønad ved utdanningslån	472	" " 2410, post 72.
Barnetrygd	3 939	" " 610.
Dagpengar og forsørgjartillegg for vernepliktige	363	Iflg. Forsvarsdepartementet.
Bustønad	550	Iflg. Husbanken
Sosialhjelp	325	NOS Sosialstatistikk 1982, tab. 4.2.
Attføringspengar	1 341	Trygderekneskapen kap. 09.63 post 70-71.
Grunnstønad	325	" " 09.60 post 74.
Hjelpestønad	347	" " 09.60 post 75.
Arbeidsløysetrygd	1 436	" " 13.41 post 70.
Forsørgjarstønad/frådrag	1 250	Overslag iflg. IFU-82.
Skattepliktige ytingar frå folketrygden	21 000	Overslag iflg. IFU-82 minus attføringspengar.

Tabell B. Utrekning av offentleg utgift pr. forbrukt eining av nokre offentlege tenester og overføringar

Teneste/overføring	Samla offentleg utgift til LKU-utvalet (0,001285 y <sub>i</sub> )	Samla forbruk i LKU- utvalet ( $\sum_i x_{ij}$ )	Eining	Utgift pr. eining (a <sub>i</sub> )
	Kroner			Kroner
Familiebarnehage .....	} 1 159 100	4	Plass	12 700 <sup>1</sup>
Barnehage minst 6t/dag .....		66,5	"	12 700 <sup>1</sup>
" under " " .....		41,5	"	6 350 <sup>1</sup>
Barnepark .....	141 400	20,7	"	6 829
Fritidsheim .....	..	3,8	"	6 000
				(overslag)
Heimehjelp/husmorvikar .....	1 413 500	16 311	Time	86,66
Husmorvikar .....	503 700	4 188	Besøk	120,28
Legekontakt .....	1 895 400	30 948	Kontakt	61,20
Fysioterapibehandling .....	382 900	7 104	Behandling	53,90
Helseinstitusjon .....	12 618 700	7 873	Dag	1 602,90
Bibliotek .....	550 000	19 640	Besøk	28,00
Teater, opera .....	372 700	5 260	"	70,80
Klassisk konsert .....	81 000	2 939	"	27,50
Jazz- og visekonsert .....	..	4 006	"	10,00
				(overslag)
Kunstutstilling .....	..	5 678	"	20,00
				(overslag)
Museum .....	296 800	4 042	"	73,40
Brevundervisning .....	97 700	132	Kurs	741,50
Anna vaksenopplæring .....	354 700	296	"	1 198,60
Grunnskole .....	12 625 000	781,7	Elevar	16 150
Vidaregående skole .....	5 878 900	246,2	"	23 878
Universitet og høgskole .....	4 228 900	110,6	"	38 236
Rentestønad til utdanningslån .....	606 500	864 500	Renter på studielån i LKU-83	0,7
Dagpengar og forsørjartillegg for vernepliktige .....	466 500	226 500	Kroner i LKU-83	2,06 <sup>2</sup>
Sosialhjelp .....	417 600	153 000	Kroner i LKU-83	2,73 <sup>2</sup>
Attføringspengar .....	1 723 200	1 164 300	Kroner i LKU-83	1,48 <sup>2</sup>

<sup>1</sup> Ved fordelinga her går vi ut frå at plass i heiltidsbarnehage og familiebarnehage slik desse er registrert i LKU-83, er dobbelt så dyre som korttidsbarnehage (under 6 timer pr. dag). <sup>2</sup> Dette er reine korreksjonsfaktorar som følgje av at LKU-83 har for låge resultat for desse overføringane.

## 2.2. Utrekning av forbruk for kvart hushald når det gjeld helse, kultur og vaksenopplæring

Forbruket av helse, kultur og vaksenopplæringstenester har vi berre opplysningar om for dei 3 929 personane som vart intervjuet i LKU-83. Kor mykje dei andre personane i desse hushalda bruker av desse tenestene, veit vi ingenting om. På grunnlag av opplysningane frå dei 3 929 personane har vi difor rekna ut det samla forbruket i hushalda. Desse utrekningane byggjer på 3 føresetnader:

1. Forholdet mellom forbruket for ulike kjønns- og aldersgrupper av personar er lik forholdet mellom gjennomsnittsförbruket i desse gruppene. Vi har delt alle personar i 8 ulike grupper.

Menn , 16-24 år  
 " 25-44 "  
 " 45-66 "  
 " 67-79 "  
 Kvinner, 16-24 "  
 " 25-44 "  
 " 45-66 "  
 " 67-79 "

Gjennomsnittsforbruket for desse gruppene av dei ulike tenestane går fram av tabell 22, 23 og 25. Det er då enkelt å rekna ut forholdet mellom desse gruppene.

2. Forbruket for personar i eit hushald er forbruket for den personen som er intervjuet i hushaldet multiplisert med forholdstala frå pkt. 1.

3. Forbruket for barn er grove overslag m.a. på grunnlag av forbruket i aldersgruppa 16-24 år. Forbruket for heile hushaldet er summen av forbruket for dei enkelte personane.

Eit eksempel kan klargjera dette. Eit hushald består av 4 vaksne personar: mor 46 år, far 48 år, son 20 år og datter 18 år. Mor er intervjuet. Ho oppga at ho hadde vore 3-9 gonger på bibliotek siste 12 månader. I gjennomsnitt reknar vi dette til 6 gonger. På grunnlag av tabell 22 kan vi då rekna ut kor mange gonger dei andre har vore på bibliotek sett i forhold til mor. Dette blir

far =  $\frac{3,2}{4,1} = 0,8$ , son =  $\frac{4,1}{4,1} = 1$ , datter =  $\frac{6,5}{4,1} = 1,6$ . Forbruket samla for familien blir då

Mor	6	gonger
Far	4,8	"
Son	6	"
Dotter	9,6	"
	<u>26,4</u>	<u>gonger</u>

Slike utrekningar er gjort for alle hushalda når det gjeld bruk av lege, fysioterapeut og helseinstitusjonar, bibliotek, teater/opera, klassisk konsert, jazz- og visekonsert, kunstutstilling, museum, brevkurs og andre kurs.

## UTDRAG AV SKJEMA TIL LEVEKÅRSUNDERSØKINGA 1983

SPM. 23-24 STILLES HVIS DET I HUSHOLDNINGEN ER BARN FØDT 1973-1983 (SPM. 4) FOR ANDRE GÅ TIL SPM. 25

Så har vi noen spørsmål om barna i husholdningen.  
FØR INN ANTALL BARN I HUSHOLDNINGEN FØDT 1973-1983.

281-282

\*23. Har noen av barna regelmessig tilsyn av andre enn foreldre/foresatte?

283

- 1  Ja → 24  
2  Nei → 25

\*24a. Hvilke ordninger har dere for barnet/a den tiden det/de passes av andre enn foreldre/foresatte?

b. Omtrent hvor mye betaler dere pr. måned for denne typen barnepass?

VIS KORT 4 OG BEGYNN MED YNGSTE BARN

FLERE SVARALTERNATIVER KAN AVMERKES

NOTER BARNAS FØDELSÅR HER

254-285 295-296 306-307




Utgift pr. måned

Slektninger/nære kjente, ubetalt	256 <input type="checkbox"/>	297 <input type="checkbox"/>	308 <input type="checkbox"/>	
Slektninger/nære kjente, betalt	287 <input type="checkbox"/>	298 <input type="checkbox"/>	309 <input type="checkbox"/>	317-320 <input type="text"/> Kr
Hushjelp, praktisk, barnepike	288 <input type="checkbox"/>	299 <input type="checkbox"/>	310 <input type="checkbox"/>	321-324 <input type="text"/> Kr
Dagmamma	289 <input type="checkbox"/>	300 <input type="checkbox"/>	311 <input type="checkbox"/>	325-328 <input type="text"/> Kr
Familiebarnehage (kommunal dagmamma)	290 <input type="checkbox"/>	301 <input type="checkbox"/>	312 <input type="checkbox"/>	329-332 <input type="text"/> Kr
Barnehage (6 timer eller mer pr. dag)	291 <input type="checkbox"/>	302 <input type="checkbox"/>	313 <input type="checkbox"/>	333-336 <input type="text"/> Kr
Barnehage (mindre enn 6 timer pr. dag)	292 <input type="checkbox"/>	303 <input type="checkbox"/>	314 <input type="checkbox"/>	337-340 <input type="text"/> Kr
Barnepark	293 <input type="checkbox"/>	304 <input type="checkbox"/>	315 <input type="checkbox"/>	341-344 <input type="text"/> Kr
Fritidshjem	294 <input type="checkbox"/>	305 <input type="checkbox"/>	316 <input type="checkbox"/>	345-348 <input type="text"/> Kr

\*28. Så følger noen få spørsmål om ulike offentlige ytelser.

Har noen i husholdningen mottatt noen av de følgende ytelsene i 1982?

VIS KORT 6 OG LES OPP

HVIS JA: Hvor mye har husholdningen mottatt i 1982 og hvem mottok ytelsene?

FØR INN HUSHOLDNINGSMEDLEMSNR. (FØRSTE KOLONNE I SPM. 4) FOR PERSONER SOM MOTTOK YTELSE.

	Ja		Nei		Hvem i husholdningen mottok ytelsen		Samlet beløp i 1982	
	1	2	1	2	Husholdningsmedlemsnr. (spm. 4)	Kr		
1. Arbeidsløshetsstønader (dagpenger)	368 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	369-370 <input type="text"/>	371-372 <input type="text"/>	373-377 <input type="text"/>	
2. Attføringspenger	378 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	379-380 <input type="text"/>	381-382 <input type="text"/>	383-387 <input type="text"/>	
3. Attføringshjelp	388 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	389-390 <input type="text"/>	391-392 <input type="text"/>	393-397 <input type="text"/>	
4. Stønader til skilte og separerte forsørgere	398 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	399-400 <input type="text"/>	401-402 <input type="text"/>	403-407 <input type="text"/>	
5. Sosialhjelp (pengebidrag fra sosialhjelpen)	408 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>			409-413 <input type="text"/>	
6. Dagpenger og forsørgertillegg til vernepliktige og sivilarbeidere	414 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>			415-419 <input type="text"/>	

29. Mottar De eller noen annen i husholdningen:

LES OPP

	Ja		Nei		Hvem i husholdningen mottok ytelsen	
	1	2	1	2	Husholdningsmedlemsnr. (spm. 4)	Kr
Alderspensjon fra folketrygden, tjenestepensjon fra stat, kommune, bedrift o.l.	420 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	421-422 <input type="text"/>	423-424 <input type="text"/>
Etterlattepensjon fra folketrygden, annen etterlattepensjon/enkepensjon	425 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	426-427 <input type="text"/>	428-429 <input type="text"/>
Uførepensjon fra folketrygden (GRUNN- ELLER HJELPESTØNAD VED UFØRHET MA IKKE REGNES SOM UFØREPENSJON)	430 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	431-432 <input type="text"/>	433-434 <input type="text"/>

\*30. Har Deres husholdning i løpet av den siste måneden hatt hjelp eller besøk av

LES OPP

	Ja	Nei	HVIS JA	
			Antall timer siste md.	Egen utgift siste md.
hjemmehjelp .....	435		436-437	438-441
husmorvikar .....	442		443-444	445-448
hjemmesykepleier .....	443		450-451	452-455

(VI TENKER HER PÅ KOMMUNAL HJELP ELLER HJELP SOM DRIVES AV PRIVATE ORGANISASJONER. OGSÅ MENIGHETER)

b. Har Deres husholdning i løpet av den siste måneden hatt leid privat hjelp til tilsyn eller pleie av syke, uføre eller eldre?

456  
1  Ja  
2  Nei

\*84. Har De deltatt i noen form for voksenopplæring i 1982?

Regn ikke med yrkesopplæring i arbeidstiden, men ta med fritidskurs, brevkurs og studiering.

589  
1  Ja → 85  
2  Nei → 36

\*85. Hvor mange slike kurs deltok De i i 1982?

590-591  
 Antall brevkurs i 1982

592-593  
 Antall kurs ellers i 1982

STILLES TIL IO SOM HAR SVART JA PÅ SPM. 100 ELLER 101.  
FOR ANDRE GÅ TIL SPM. 103.

\*102. Hvor mange dager i 2-ukersperioden var De

LES SVARALTERNATIVENE OG FØR OPP ANTALL DAGER FOR HVERT SVARALTERNATIV

Inniagt i helseinstitusjon .....	637-638	<input type="checkbox"/>
Helt sengeliggende hjemme .....	639-640	<input type="checkbox"/>
Delvis sengeliggende hjemme .....	641-642	<input type="checkbox"/>
Oppgående, men ikke i full aktivitet .....	643-644	<input type="checkbox"/>
I full aktivitet .....	645-646	<input type="checkbox"/>

\*103. Vi vil gjerne få en oversikt over Deres kontakter med helsevesenet mv. i løpet av de siste 2 uker på grunn av egen sykdom, skade eller lidelse. Jeg har her et kort som viser ulike typer kontakter. Vi ønsker å få vite hvilken form for kontakt det har vært og hvor mange ganger i løpet av disse 2 uker.

VIS KORT 10

TA IKKE MED KONTAKTER MED TANNLEGE.

HVIS DU IKKE HAR HATT EN BESTEMT KONTAKT SKRIVER DE IKKE NOE I RUTEN, ELLERS FØRER DE INN ANTALL GANGER (IKKE KRYSS)

Type kontakt	Antall ganger siste 2 uker	
Telefonkonsultasjon med lege (ikke time-avtale o.l.)	647 <input type="checkbox"/>	
Besøk hos/av allm.prakt.. lege, distriktslege, annen ikke-spesialist	Førsteg. besøk:	
	Hos legen	648 <input type="checkbox"/>
	Hjemme	649 <input type="checkbox"/>
	Gjenbesøk:	
Hos legen	650 <input type="checkbox"/>	
Hjemme	651 <input type="checkbox"/>	
Bedriftslege	652 <input type="checkbox"/>	
Besøk hos/av spesialist	Førsteg. besøk:	
	Hos legen	653 <input type="checkbox"/>
	Hjemme	654 <input type="checkbox"/>
	Gjenbesøk:	
Hos legen	655 <input type="checkbox"/>	
Hjemme	656 <input type="checkbox"/>	
Besøk hos lege på sykehus, poliklinikk	657 <input type="checkbox"/>	
Besøk av sykepleier	658 <input type="checkbox"/>	
Innlagt i sykehus, sykestue eller sykehjem	659 <input type="checkbox"/>	
Til undersøkelse eller behandling uten å være innlagt:		
Røntgenundersøkelse	660 <input type="checkbox"/>	
Laboratorieundersøkelse	661 <input type="checkbox"/>	
Fysikalsk behandling	662 <input type="checkbox"/>	
Hos kiropraktor	663 <input type="checkbox"/>	
Hos homeopat	664 <input type="checkbox"/>	
Annen kontakt (spesifiser)	665 <input type="checkbox"/>	
Ingen kontakt	666 <input type="checkbox"/>	
	667 <input type="checkbox"/>	
	FOR BYRÅET <input type="checkbox"/>	

\*104. Hvor mange ganger i løpet av de siste 12 måneder har De: vært i kontakt med almenpraktiserende lege, distriktslege eller praktiserende spesialist på grunn av egne sykdommer eller skader?

668-669 Antall kontakter siste 12 måneder

- vært til fysioterapibehandling?

670-671 Antall behandlinger siste 12 måneder

(KONTAKT MED LEGE I FORBINDELSE MED SYKEHUSOPPHOLD, ALLE TYPER RUTINEUNDERSØKELSER, REGNES IKKE MED, HELLER IKKE KONTAKTER SOM ER REGISTRERT FOR SISTE 2 UKENE I SPM. 103.)

\*105. Har De i løpet av de siste 12 måneder vært innlagt på sykehus, psykiatrisk klinikk, sykestue eller annen helseinstitusjon?

(HVIS JA): Hvor lenge til sammen?

672      673-675

1  Ja         Antall dager i alt

2  Nei

\*140. Så har vi noen spørsmål om forskjellige fritidsaktiviteter.


Hvor ofte i løpet av de siste 12 måneder gjorde De følgende i Deres fritid?

LES OPP		Antall ganger i løpet av de siste 12 måneder				
		0	1-2	3-9	10-39	40 og over
		1	2	3	4	5
a. Leste ukeblad .....	965	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b. Drev med hagearbeid i sesongen .....	966	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
c. Gikk lengre fotturer eller skiturer i skog og mark eller på fjellet ..	967	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
d. Mosjonerte på annen måte, drev med sport eller idrett .....	968	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
e. Var tilskuer til idrettsarrangement .....	969	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
f. Gikk på kino .....	970	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
g. Gikk på bingo .....	971	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
h. Lånte bok på bibliotek	972	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
i. Gikk i teater eller opera .....	973	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
j. Gikk på konsert med klassisk musikk .....	974	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
k. Gikk på jazz-, vise- eller popkonsert .....	975	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
l. Gikk på kunstutstilling	976	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
m. Gikk på muséum .....	977	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
n. Gikk på dans, diskotek .	978	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
o. Var i gudstjeneste, på religiøst møte .....	979	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
p. Deltok i kor, orkester, korps, spelemannslag ...	980	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
q. Deltok i amatørteater, revy .....	981	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



## REFERANSAR

- Andersen, Arne og Petter Laake (1985): Hvem går til lege. Artikkel fra Statistisk Sentralbyrå nr. 150.
- Christiansen, Vidar (1979): Fordelingsvirkninger av offentlige tiltak - aktuelle forskningsoppgaver. Notat Forbruker- og administrasjonsdepartementet av 6. desember 1979.
- England. The effects of taxes and benefits on household income, 1982. Economic Trends Nov. 1983. Forbruker- og administrasjonsdepartementet. Stortingsmelding nr. 93 (1980-81). Barnehager i 80-årene.
- Forbruker- og administrasjonsdepartementet. Stortingsmelding nr. 50 (1984-85): Om familiepolitikken.
- Franzén, Thomas, Kerstin Løvgren and Irma Rosenberg: Redistributive effects of taxes and public expenditures in Sweden. The Swedish Journal of Economics. Vol 77/1975.
- Hansen, Finn Kenneth: Forbruksmuligheter og omfordelingen over den offentlige sektor. Arbeidsnotat nr. 17 fra Lavindkomstkommissionens sekretariat 1981, Danmark.
- Kohn, R. and K.L. White (1976): Health Care - An international Study. London. Oxford University Press 1976.
- Nordhaug, Odd (1982): "Offentlig politikk og fordelingsvirkninger. Teoretiske tilnærminger." Sosiologi i dag 3/82.
- Rutle, Olav (1983): Pasienten fram i lyset - analyse av legekontakter i primærhelsetenesta. Gruppe for helsetjenesteforskning. Rapport av 1-1983.
- Statistisk Sentralbyrå: NOS Levekårsundersøking 1980.
- " " NOS Levekårsundersøking 1983.
- " " NOS Inntektsstatistikk 1982.
- " " NOS Sosialstatistikk 1982.
- " " NOS Helseinstitusjonsstatistikk 1983.
- " " NOS Utdanningsstatistikk - vaksenopplæring.



Pris kr 30,00

Publikasjonen kjem ut i kommisjon hos H. Aschehoug & Co. og  
Universitetsforlaget, Oslo, og er til sals hos alle bokhandlarar.

---

ISBN 82-537-2297-4  
ISSN 0332-8422